



Konsesjonshandsaming av vasskraftsaker

Rettleiar for utarbeiding av meldingar,
konsekvensutgreiingar og søknader

3
2010



R
E
T
T
L
E
I
A
R

Konsesjonshandsaming av vasskraftsaker

Rettleiar for utarbeiding av meldingar,
konsekvensutgreiingar og søknader

Rettleiar nr 3/2010

Konsesjonshandsaming av vasskraftsaker

Rettleiar for utarbeiding av meldingar, konsekvensutgreiingar og søknader

- Utgitt av:** Noregs vassdrags- og energidirektorat
- Redaktør:** Ragnhild Stokker
- Forfattarar:** Carsten Jensen, Eilif Brodtkorb, Ragnhild Stokker, Jan Sørensen, Knut Gakkestad
- Trykk:** NVEs hustrykkeri
- Opplag:** 300
- Framsidedfoto:** Overløp Uladammen i Sel. Foto: Per Christian Bø
Trykt med løyve frå GLB

Samandrag: Denne rettleiaren gjeld først og fremst søknader om vasskraftutbygging som fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-saker). Utforming av meldingar og søknader med KU er grundig skildra. Ein del andre sakstypar samt revisjonar er omtalt i dei siste kapitla.

Rettleiaren er ei revidert utgåve av NVEs rettleiar 1/98.

Målgruppa for rettleiaren er primært tiltakshavarar og konsulentar som utfører planleggings- og utgreiingsarbeid knytt til meldingar og søknader. Han vil også gi nyttig informasjon til høyringsinstansar og andre som på ein eller annan måte er involverte i konsesjonshandsaminga.

Emneord: Konsesjonshandsaming, vasskraft, melding, konsekvensutgreiing, konsesjonssøknad

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
Internett: www.nve.no

November 2010

Innhald

Innhald	3
Forord	4
DEL I Generell informasjon.....	5
DEL II Tiltak som fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar	19
DEL III Utarbeiding av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram	27
DEL IV Utarbeiding av søknad med konsekvensutgreiing (KU).....	45
DEL V Arbeidet med det enkelte fagtemaet i KU.....	59
DEL VI Søknader som ikkje fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar	81
DEL VII Revisjon av konsesjonsvilkår	87
Litteratur	92

Forord

Denne rettleiaren gjeld utforming av meldingar og søknader for vasskraftutbygging. Rettleiaren omfattar primært tiltak som fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar, men skildrar også ein del andre sakstypar.

Den førre rettleiaren om konsesjonshandsaming av vasskraftsaker vart utgitt i 1998 (NVE Veileder 1-1998). Sidan den gongen har det kome mange endringar mellom anna i lovverket som regulerer konsesjonshandsaming. I 2001 kom den nye vassressurslova som erstatta den gamle vassdragslova. I tillegg har både vassdragsreguleringslova og industrikonsesjonslova blitt endra, spesielt i høve til heimfall (2008). Ny plan- og bygningslov med tilhøyrande forskrift om konsekvensutgreiingar kom i 2009. Implementeringa av vassdirektivet frå 2007 gir også nye utfordringar med tanke på å samordne konsesjonshandsaminga, spesielt i høve til å revidere konsesjonsvilkår.

Endringar i lovgrunnlaget og stor pågang av både små og store saker har gjort det nødvendig med ein ny og oppdatert rettleiar som tek føre seg dei mange endringane i lovgrunnlag og prosedyrar i dei 11 åra som har gått sidan den siste rettleiaren blei gitt ut.

NVE tilrår på det sterkaste å følgje denne rettleiaren når meldingar og søknader skal utarbeidast. Bak rettleiaren ligg det også forpliktande lovføresegner i vassdragslovgivinga og i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Det er NVE – Konsesjonsavdelinga, seksjon for vassdragskonsesjon som har hatt ansvar for å utarbeide rettleiaren. Gruppa som har utarbeida rettleiaren, har bestått av Ragnhild Stokker, Eilif Brodtkorb, Jan Sørensen, Knut Gakkestad, Per Christian Bøe og Carsten Jensen. Mange andre personar i NVE har kome med verdifulle innspel og kommentarar.

Denne rettleiaren er trykt i eit avgrensa opplag, men vil elles vere tilgjengeleg for nedlasting frå www.nve.no. Eventuelle seinare endringar eller justeringar av rettleiaren vil bli gjort i nettversjonen. Vi tilrår derfor å sjekke www.nve.no jamleg for eventuelle oppdateringar av rettleiaren.

Kommentarar og spørsmål om rettleiaren kan rettast til NVE – Konsesjonsavdelinga ved Carsten Jensen.

Oslo, november 2010



Rune Flatby

avdelingsdirektør

DEL I

Generell informasjon



1. Lovverk	6
2. Konesjonsstyresmakt	10
3. Sakstypar som blir omtalt i rettleiaren.....	11
4. Sakstypar som ikkje er nærmare omtalt i rettleiaren	11
5. Samla plan for vassdrag	14
6. Verneplan for vassdrag.....	14
7. EUs rammedirektiv for vann	15
8. Forholdet til overføringsanlegg.....	16
9. Klagemoglegheit og motsegner	17
10. Utgifter til juridisk og sakkunnig hjelp.....	17

1. Lovverk

Tiltak for å utnytte vasskrafta i norske vassdrag er normalt underlagt konsesjonsplikt i medhald av éi eller fleire lover. Følgjande lover gjeld på området kraftutbygging og vassdragsregulering:

- **Lov av 14. desember 1917 nr. 17 om vassdragsreguleringer**, til vanleg kalla vassdragsreguleringslova eller berre reguleringslova.
- **Lov av 14. desember 1917 nr. 16 om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom mv**, i dag oftast omtalt som industrikonsesjonslova eller ervervslova.
- **Lov av 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann**. Lova blir til vanleg omtalt som vassressurslova.

I tilknytning til og saman med desse lovene gjeld følgjande for store utbyggingstiltak:

- **Lov av 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)**, særleg kapittel 14 om konsekvensutgreiingar for tiltak og planar etter anna lovverk og ”forskrift om konsekvensutredningar” av 26. juni 2009.

Bygging av elektriske høgspeintanlegg og kraftleidningar er underlagt:

- **Lov av 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, omsetning og fordeling av energi m.m.**, til vanleg kalla energilova, med energilovforskrifta av 1. januar 2007 og underliggjande forskrifter.

For å skaffe til vegar dei nødvendige private rettane til fall og grunn kan ein måtte søkje om løyve til ekspropriasjon etter:

- **Lov av 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eiendom**, til vanleg kalla oreigningslova.

I vassdragssaker vert det i tillegg stilt krav i andre lover, som vassdragsstyresmakta og/eller utbyggjaren må følgje:

- **Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall**, til vanleg kalla forureiningslova.
- **Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne**, til vanleg kalla kulturminnelova.
- **Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold**, til vanleg kalla naturmangfaldlova.

Vassdragsreguleringslova gjeld regulering av vassdrag for kraftproduksjon ved å etablere magasin for utjamning av vassføringa på årsbasis og overføre vatn frå eitt vassdrag til eit anna for dermed å auke vassføringa. Tilleggsreguleringar og tilleggsoverføringar kjem alltid inn under denne lova.

§ 2 i lova seier at reguleringar som fører til ein kraftauke på over 500 naturhestekrefter i eitt enkelt fall, eller over 3000 naturhestekrefter i heile vassdraget, er underlagde konsesjonsplikt. Sjølv om dei nemnde grensene ikkje blir overskridne, er tiltaket konsesjonspliktig dersom reguleringa åleine eller saman med tidlegare reguleringar påverkar naturforholda eller andre allmenne interesser i vesentleg grad.

Konsesjon til vassdragsregulering blir berre gitt til brukseigarforeiningar eller søkjarar som disponerer fall, eller som kjem til å disponere fall der reguleringa kan utnyttast.

Industrikonsesjonslova pålegg i § 1 konsesjonsplikt for erverv av eigedomsrett til fall som kan utbringast til meir enn 4000 naturhestekrefter anten åleine eller "i forbindelse med andre vannfall som erververen eier eller bruker når fallene hensiktsmessig kan utbygges under ett". Konsesjonsplikta kan oppstå ved kjøp av fallrettar for utbygging, ved ekspropriasjon av fallrettar, eller ved overdraging av kraftverk i allereie utbygde fall.

Industrikonsesjonslova kjem vanlegvis til bruk saman med, og samtidig med, vassdragsreguleringslova eller vassressurslova.

Ein føresetnad for å få konsesjon til erverv av fallrettar er at ein har moglegheit til å sikre seg fallrettane. Det kan skje ved avtale, eller ved ekspropriasjon etter oreigningslova.

Etter lovendring av 26.09.2008 kan ikkje konsesjonar til erverv av fall givast til private, dvs. til privatpersonar eller selskap der private eig meir eller rår over meir enn 1/3 av aksjane. Etter same lovendring blir det heller ikkje gitt bruksrettskonsesjonar (leige av fall), verken til offentlege eller private selskap. Eksisterande leigeavtaler med eller utan bruksrettskonsesjon kan forlengjast av departementet for inntil 30 år om gongen.

I "forskrift om utleie av vannkraftanlegg" (utleigeforskrifta) av 25.06.2010 (i kraft 01.07.2010) er det opna for at utleigeavtaler for kraftverk og avtaler om drift og vedlikehald på bestemte vilkår kan inngåast for inntil 15 år.

Forskrifta opnar for tre avtaletypar, som alle må godkjennast av Olje- og energidepartementet:

- Leigetakaren overtek både den kommersielle råderetten og ansvaret for drifta og vedlikehaldet av vasskraftverket.
- Leigetakaren overtek berre den kommersielle råderetten over heile eller delar av vasskraftverket sin produksjon.
- Eigaren set vekk ansvaret for drift og vedlikehald, men beheld den kommersielle råderetten over vasskraftverket sjølv.

Forskrifta set krav til eigaren (utleigaren) for å hindre at konsolideringsmodellen og det offentlege eigarskapet blir svekt. Eigaren står etter 15 år fritt til å vurdere om han vil leige ut på nytt. Eigaren skal peike ut ein representant i eigen organisasjon som er ansvarleg for all kontakt. Eigaren må vere part i alle konsesjonssøknader, revisjonar, vilkårsendingar o.a. for vasskraftverket.

Den driftsansvarlege må følgje opp alle forpliktingar eigaren har etter konsesjonar og gjeldande regelverk. Det kan krevjast at den driftsansvarlege har ein driftsorganisasjon her i landet.

Då industrikonsesjonslova kom i 1917, skulle ho sikre at statens og allmenta sine interesser blei tilstrekkeleg tekne vare på. Dette skjedde mellom anna gjennom reglar om forkjøpsrett for stat og fylkeskommune, tidsavgrensa konsesjonar og heimfall til staten ved utgangen av konsesjonstida. Heimfall inneber at staten vederlagsfritt overtek vassfall og produksjonsutstyr når konsesjonstida går ut.

Statens forkjøpsrett er knytt til førstegongs konsesjonshandsaming av erverv av vassfall og kraftverk. Staten må nytte forkjøpsretten innan eit år etter at søknaden om erverv er teken imot. Den fylkeskommunale forkjøpsretten er også knytt til førstegongs konsesjonshandsaming av erverv av vassfall og kraftverk. Den fylkeskommunale forkjøpsretten oppstår først dersom staten ikkje nyttar sin forkjøpsrett. Fylkeskommunens avgjerd om å gjere forkjøpsrett gjeldande må takast innan ein frist på tre månader og godkjennast av Kongen i statsråd.

Når statleg eller fylkeskommunal forkjøpsrett blir gjort gjeldande, trer staten eller fylkeskommunen inn i kjøparen sine rettar og plikter.

Denne rettleiaren tek ikkje opp konsesjonsmessige spørsmål knytt til kjøp og sal av kraftverk og problemstillingar knytt til endringar i selskapsform for kraftverkseigarar.

Vassressurslova gjeld generelt og for alle typar tiltak i vassdraga, også tiltak knytt til kraftutbygging. Kraftutbyggingstiltak som ikkje kjem inn under vassdragsreguleringslova, blir ofte handsama etter vassressurslova § 8, 10 og 18–19.

§ 8 i lova seier at løyve frå vassdragsstyresmakta er nødvendig for å setje i verk vassdragstiltak "som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen". Vidare krev vassdragsstyresmaktene løyve til vassdragstiltak som reduserer den alminnelege lågvassføringa, jf § 10.

Saker som gjeld utbygging av kraftverk med gjennomsnittleg årsproduksjon på over 40 GWh, skal etter vassressurslova § 19 handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova.

I plan- og bygningslova kapittel 14 finn ein føresegnar om at planar og utbyggingstiltak som har vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, skal meldast og konsekvensutgreiast. Utgreinga skal leggjast fram i form av ei konsekvensutgreiing (KU). NVE er ansvarleg styresmakt etter KU-føresegnene for tiltak som treng løyve etter vassdragslovgivinga eller energilova.

Føresegnene omfattar generelt alle store utbyggingstiltak. I "forskrift om konsekvensutredninger" av 26. juni 2009 finn ein dei tiltaka som alltid skal konsekvensutgreiast (§ 2 i forskrifta med referanse til vedlegg 1). Slike tiltak innan vasskraftsektoren er lista opp i del II i denne rettleiaren.

KU-forskrifta § 3 (med referanse til vedlegg II) tek for seg saker som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Desse sakene skal vurderast i forhold til eit sett av kriterium som er lista opp i KU-forskrifta § 4 (jf. del II i denne rettleiaren).

For å avklare utgreiingsplikta etter KU-forskrifta § 4 må tiltakshavaren leggje fram dei opplysingane som er nødvendig for at styresmaktene skal kunne ta stilling til om tiltaket fell innanfor KU-føresegnene. Vurderinga frå den ansvarlege styresmakta skal ta utgangspunkt i opplysingar gitt av forslagsstillaren, og i elles kjend kunnskap som ligg føre. Den ansvarlege styresmakta skal i den grad det er nødvendig, ta kontakt med andre aktuelle styresmakter for å avklare om kriteria i § 4 kjem til bruk. Denne vurderinga blir gjort av NVE. I enkelte tilfelle der det frå tiltakshavaren si side er tvil om kriteria i § 4 kjem til bruk, kan det vere hensiktsmessig å gå direkte til ei melding for å avklare behovet for utgreiing. Vi tilrår likevel å avklare dette med NVE på førehand.

Ein føresetnad for at vasskraftprosjektet fell innanfor KU-føresegnene er at det er konsesjonspliktig etter vassdragslovgivinga.

Den nye plan- og bygningslova tredde i kraft med verknad frå 1. juli 2009. Forarbeida til plandelen er Ot.prp. nr. 32 (2007-08). For å sikre statleg kontroll med nye energianlegg og gjere avgjerdsprosessane meir effektive, blir moglegheita til å bruke to avgjerdsprosessar for å ta stilling til arealbruken avgrensa. Vedtak om kraftanlegg som krev anleggskonsesjon etter energilova, blir gjorde av energistyresmaktene. Dei andre styresmaktene er høyringsinstansar. Statlege styresmakter og kommunar får motsegnrett med omsyn til framlagde konsesjonssøknader og klagerett på NVEs vedtak (jf. del I, punkt 9).

Hovudreglar i ulike sakstypar som gjeld vasskraftanlegg og nett etter ny planlov:

1. Kraftleidningar med anleggskonsesjon er unnateke frå plan- og bygningslova (med unnatak av KU-krava i planlova og dei krava til kartfesting ho set). Dette inneber følgjande:
 - det kan bli gitt konsesjon og anlegg kan byggjast uavhengig av planstatusen

- det skal ikkje lagast reguleringsplan eller bli gitt dispensasjon
 - det kan ikkje vedtakast planføresegner for slike anlegg
2. Nye kraftproduksjonsanlegg (med konsesjon etter energilova, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova) er omfatta av planlova, men det er inga absolutt reguleringsplikt for slike anlegg. Kommunane kan heller ikkje lenger påleggje utbyggjaren å utarbeide planforslag, men må eventuelt gjere dette sjølv. Ved konflikt mellom kommunal plan og konsesjonsvedtaket kan OED samtidig med at dei tek ei avgjerd i forhold til klagen, gi konsesjonen verknad som statleg plan.
 3. Nybygging av kraftleidningar innan områdekonsesjonane er framleis omfatta av planlova. Dette inneber at kommunane i slike saker avgjer kva slags planhandsaming dei ønskjer for dei enkelte nye anlegga. Vilkår i områdekonsesjonane om at NVE kan bringast inn i konfliktsaker, gjeld framleis.

Energilova med energilovforskrifta av 1. juli 2007 pålegg konsesjonsplikt for elektriske anlegg med spenning over 1000 volt vekselstraum eller 1500 volt likestraum. Det gjeld elektriske installasjonar i og utanfor kraftverket samt tilknytning til overordna nett. Retten til å gi konsesjon etter energilova er delegert til NVE.

Oreigningslova § 2 listar ei rekkje tiltak som kan gi grunnlag for ekspropriasjon, mellom anna vasskraftproduksjon. I samband med bygging av vasskraftverk kan det vere aktuelt å søkje om ekspropriasjon av både fallrettar og grunn som er nødvendig for bygging og drift av anlegget. Dersom ein søkjer om ekspropriasjonsløyve, er det ein føresetnad at tiltakshavar først har søkt å komme til ei minneleg ordning med dei aktuelle rettshavarane.

Vassdragsreguleringslova inneheld ein eigen ekspropriasjonsheimel i § 16. Denne gir løyve til ekspropriasjon av dei rettार som er nødvendige for å gjennomføre tiltaket. Konsesjon gir automatisk løyve til ekspropriasjon.

For vasskraftverk med ny produksjon på over 40 GWh/år, der løyve blir gitt etter vassressurslova, gjeld ekspropriasjonsheimelen i vassdragsreguleringslova, jf. vassressurslova § 19. Heimelen gjeld alle nødvendige rettार, unnateke fallrettar, som det ev. må søkjast om ekspropriering for gjennom oreigningslova.

Etter oreigningslova, § 16, må skjønn vere påstemna innan eit år etter at ekspropriasjonsløyvet ligg føre, elles fell det bort. Etter vassdragsreguleringslova, § 16 pkt 6, må ekspropriasjonsskjønn vere påstemna innan eit år frå resolusjonen er gitt, elles fell heile konsesjonen bort og må givast på nytt.

Førehandstiltreding etter oreigningslova § 25 kan bli gitt dersom det er behov for å ta i bruk areal eller rettार før rettskraftig skjønn er halde. Det vil ofte vere tilfelle ved vasskraftutbygging. Slik søknad skal normalt fremjast etter at ekspropriasjonsløyvet ligg føre og skjønn er påstemna. Søknaden skal sendast til NVE og blir avgjort av OED.

Forureiningslova vil vere aktuell i dei fleste vassdragsregulerings- og utbyggingssaker. Sjølve utbyggingstiltaket blir ikkje handsama separat etter forureiningslova, men NVE sørgjer for at forureiningsstyresmaktene blir trekt inn i høyringa etter vassdragslovgivinga. Dei vilkåra det kan vere aktuelt å setje av omsyn til forureiningssituasjonen, blir deretter tekne inn som ein del av konsesjonsvilkåra. For mellombelse tiltak i anleggsperioden kan det ofte bli nødvendig med separate utsleppsløyve etter forureiningslova. Dette må avklarast med Fylkesmannen.

Kulturminnelova har føresegner knytt til fornminne, nyare tids kulturminne og samiske kulturminne. Alle utbyggingstiltak skal klarerast i forhold til denne lova.

Naturmangfaldlova tredde i kraft 1. juli 2009, og skal erstatte mellom anna naturvernlova. Naturmangfaldlova omfattar all natur og alle sektorar som forvaltar natur, eller som tek avgjerder som har innverknad på naturen.

Formålet med lova er å ta vare på det biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfaldet og dei økologiske prosessane i naturen gjennom berekraftig bruk og vern. Lova skal gi grunnlag for verksemd, kultur, helse og trivsel, både no og i framtida, og i tillegg gi grunnlag for samisk kultur. Lova fastset alminnelege føresegner for berekraftig bruk og skal samordne forvaltinga gjennom felles mål og prinsipp.

Lova fastset forvaltingsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfestar ei rekkje miljørettslege prinsipp, mellom anna "føre var"-prinsippet og prinsippet om økosystemforvaltning og samla belastning.

NVE søkjer å ta vare på naturmangfaldet gjennom dei grundige prosessane og vurderingane som ligg til grunn for eit konsesjonsvedtak eller ei innstilling til OED, av dette høyringar av meldingar og søknader, konsekvensutgreiingar, fastsetting av avbøtande tiltak osv. Eit positivt vedtak eller innstilling blir berre fatta der fordelane og nytta av å gjennomføre eit tiltak er vurdert å vere større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Noko som er viktig, er å vurdere kva for innverknad tiltaket vil ha på naturmangfaldet.

2. Konsesjonsstyresmakt

Det er konsesjonsstyresmaktene som gir løyve til kraftutbyggingar og vassdragsreguleringar. Nemninga konsesjon blir ofte brukt i staden for løyve, eller orda blir brukt om kvarandre.

"Konsesjonsstyresmakta" blir brukt som samlenemning på dei organa som er formelt ansvarlege for å handsame ein konsesjonssøknad. Dette er Stortinget, regjeringa, Olje- og energidepartementet (OED) og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). (Fylkeskommunen har rett til å gi konsesjon til ein del mini- og mikrokraftverk.) Andre organ, som f.eks. andre fagdepartement, blir ikkje rekna som ein del av konsesjonsstyresmakta, sjølv om dei ofte har ein sentral rolle i konsesjonshandsaminga.

I saker der det blir kravd konsesjon etter industrikonsesjonslova, vassdragsreguleringslova eller vassressurslova for erverv av fallrettar, regulering eller ulike inngrep i vassdrag, førestår NVE det koordinerande arbeidet i sakshandsaminga. Saka blir først lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til lokale styresmakter og organisasjonar. Med grunnlag i søknaden og høyringsinstansane sitt syn, gjer NVE ei samla vurdering av saka og sender over innstillinga si til departementet.

OED er formelt sett den øvste fagstyresmakta med ansvar for å handsame konsesjonar. OED legg saka fram for regjeringa i form av ei tilråding som blir utarbeidd på bakgrunn av søknaden, NVEs innstilling, fråsegner frå aktuelle fagdepartement og OEDs eigne merknader. Deretter gjer regjeringa eit vedtak om utbygging og regulering i form av ein kongeleg resolusjon. Store og kontroversielle regulerings- og kraftutbyggingssaker blir lagt fram for Stortinget i form av ein eigen stortingsproposisjon.

For tiltak som krev konsesjon etter energilova, er NVE sjølv styresmakt og har rett til å gi konsesjon. Det same gjeld for småkraftverk etter vassressurslova med installert effekt på under 10 MW og løyve til mellombelse endringar i samband med vedlikehald og reparasjonar. OED er då klageinstans.

Dersom eit vasskraftprosjekt vedkjem prosjekt i Samla plan, skal det uansett sendast ei innstilling til OED, som er styresmakt i slike saker.

3. Sakstypar som blir omtalt i rettleiaren

Kravet til søknadene og sakshandsamingsrutinane vil variere avhengig av type tiltak og storleiken på det. Desse hovudtypane er nærmare omtalt i denne rettleiaren:

Tiltak etter vassdragsreguleringslova eller vassressurslova som fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-saker)

Denne sakstypen omfattar alle kraftverk på over 40 GWh/år og alle nye reguleringsmagasin på over 10 millionar m³. For kraftverk på mellom 30 og 40 GWh/år skal det gjerast ei konkret vurdering av om tiltaket er KU-pliktig etter forskrifta. Utvidingar eller endringar som i seg sjølv overskrid kriteria i forskrifta, fell også inn under denne sakstypen.

NVE er vanlegvis ikkje styresmakt i slike saker, men skriv ei innstilling til OED. Regjeringa er konsesjonsstyresmakt. Sakshandsaminga og kravet til innhald i saksdokumenta som skal utarbeidast i KU-saker, er skildra i dei tre neste delane av rettleiaren. Skildring av denne sakstypen utgjer hovudinnhaldet i rettleiaren.

Kraftverk etter vassressurslova § 8 med installasjon på < 10 MW som ikkje fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar

Slike saker vil for det meste vere bygging av nye småkraftverk, men opprustingar og utvidingar kan også komme inn under denne sakstypen. NVE er konsesjonsstyresmakt i slike saker.

Kraftverk etter vassressurslova § 8 med installasjon på > 10 MW som ikkje fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar

Som over dreier det seg om bygging av nye kraftverk eller opprusting/utviding. Den viktigaste forskjellen er at NVE ikkje er styresmakt, men skriv innstilling til OED. Regjeringa er konsesjonsstyresmakt.

Tiltak etter vassdragsreguleringslova som ikkje fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar

Denne sakstypen omfattar tiltak som inneber å etablere nye reguleringsmagasin, utvide gamle eller etablere overføringar som er konsesjonspliktige etter reguleringslova, men som altså ikkje er KU-pliktige. NVE er ikkje styresmakt i saker etter reguleringslova, men skriv innstilling til OED. Regjeringa er konsesjonsstyresmakt.

Søknad om ny konsesjon etter at konsesjonstida er gått ut

Dette gjeld konsesjonar etter vassdragsreguleringslova som har blitt gitt med tidsavgrensing. Når konsesjonstida går ut, må ein søkje om ny konsesjon. Konsesjonsstyresmakta står fritt til å gi ny konsesjon eller avslå søknaden, heilt eller delvis. I dei fleste tilfella vil vurderingane først og fremst dreie seg om nye vilkår og å vurdere manøvreringsreglementet. Regjeringa er konsesjonsstyresmakt.

Revisjon av konsesjonsvilkår

Sakstypen omfattar tiltak med konsesjon etter vassdragsreguleringslova eller ervervslova. For konsesjonar gitt etter 1992, kan konsesjonsvilkåra takast opp til revisjon kvart 30. år. Revisjonstilgangen gir primært moglegheiter for å setje nye vilkår for å bøte på miljøskadar som er oppstått som følgje av utbygginga. Vilkåra vil generelt bli moderniserte. Regjeringa er konsesjonsstyresmakt.

4. Sakstypar som ikkje er nærmare omtalt i rettleiaren

Vurdering av konsesjonsplikt etter vassdragslovgivinga

Utbygging av elvekraftverk (som regel små) eller opprusting/utviding av kraftverk som ikkje får nemneverdige følgjer for allmenne interesser, kan gjennomførast utan konsesjon. Spørsmålet om

konsesjonsplikt blir normalt lagt fram for NVE, som gir ei vurdering av konsesjonsplikta i kvart enkelt tilfelle. Det er ein føresetnad at alminneleg lågvassføring ikkje blir redusert, jf. vassressurslova 10. Konsesjonsplikta blir avgjort av NVE på bakgrunn av opplysningar frå tiltakshavaren og etter rådføring med Fylkesmannens miljøvernavdeling. Dei elektriske installasjonane og tilknytning til overordna nett kan uansett trenge konsesjon etter energilova.

Mellombelse fråvik pga. byggje-, reparasjons- og oppreinskingsarbeid eller naturfaglege undersøkingar – vassressurslova § 8

Dersom byggje-, reparasjons- eller oppreinskingsarbeid fører til at føresegner i manøvreringsreglementet må fråvikast, skal ein alltid søkje NVE om løyve etter vassressurslova § 8. Det same gjeld dersom ein naturleg tilstand eller tilvant manøvrering blir endra mellombels.

Søknaden skal innehalde ei grunngiving for og ei skildring av det arbeidet som skal gjerast. Vidare skal hydrologiske og eventuelle miljømessige konsekvensar av tiltaket greiast ut. Søknaden bør sendast til NVE i god tid, helst tre månader før endringa skal skje. I nokre saker vil søknaden bli kunngjort og sendt på offentleg høyring. Dersom endringa er lita, med små og oversiktlege konsekvensar, er det ofte tilstrekkeleg å hente inn fråsegn frå kommunen og Fylkesmannen i det aktuelle fylket. Løyve kan givast av NVE. Tiltakshavaren må sjølv sikre seg at forholdet til private rettar det kan få konsekvensar for, er teke vare på.

NVE kan også gi løyve til slike tidsavgrensa fråvik i samband med nødvendige naturfaglege undersøkingar.

Tiltak i alvorlege faresituasjonar – vassressurslova § 40

Ved særskilt og uvanleg fare i eller utanfor vassdraga kan NVE gi pålegg om – og ev. løyve til – at tiltakshavarar innrettar verksemda si slik at faren blir redusert. Dette kan f.eks. gjelde ras eller flaumsituasjonar der endra manøvrering kan redusere faren. Tiltakshavaren bør sjølv varsle NVE når ein slik situasjon kan oppstå. Når vassdragsanlegg er for dårleg vedlikehaldne, slik at desse i seg sjølv utgjør ein fare, kan NVE også gi pålegg for å redusere faren.

Endring av manøvreringsreglement – vassdragsreguleringslova § 10 nr. 3 og § 12 nr. 12

Vassdragsreguleringslovas § 10 nr. 3 gir eigaren av reguleringsanlegget moglegheit til å søkje om å få endra dei vilkåra som er fastsett i ein konsesjon. Dette omfattar endringar i manøvreringsreglementet. Elles er tilgangen til å endre manøvreringsreglementet knytt til revisjon av konsesjonsvilkår (omtalt i del VII i denne rettleiaren), jf. § 10 nr. 3. Det er også vanleg at konsesjonar har vilkår som opnar for å justere manøvreringsreglementet dersom det viser seg at reguleringa får vesentlege, uventa verknader.

Søknad om endringar skal sendast til NVE, som gjennomfører ei høyring hos dei aktuelle statlege fagstyresmaktene, fylkeskommunar, kommunar, reguleringsforeiningar, fiskeforeiningar eller andre som har interesser det kan få følgjer for. Dette gjeld allmenne interesser, slik det er skildra i reguleringslova § 12 nr. 12. Deretter skriv NVE ei innstilling til OED, som tek ei avgjerd. Det er endringar av varig eller langsiktig art som blir handsama etter desse føresegnene.

Slutt på periode for prøvereglement

I ein del konsesjonar har ein fastsett prøvetid for manøvreringsreglementet. Prøvetida er som regel 5 eller 10 år. Det er ulike formuleringar om kva som skal skje i prøveperioden, og kven som har ansvar for å ta initiativ ved slutten av periodane. Enkelte reglement har fordelt dette ansvaret og peikt ut ansvarlege instansar og definert program for prøveperioden. I fleire tidlege prøvereglement er dette meir uklart. Konsesjonæren har ansvar for å følgje opp og føreslå endeleg reglement i dei tilfella der det er slege fast at "reglementet skal tas opp" etter ei viss tid. Handsaming av søknad om endeleg reglement følgjer vassdragsreguleringslova § 12 nr. 12.

I dei tilfella der formuleringa "reglementet kan tas opp" er brukt, føreset NVE at konsesjonæren har følgd opp reglementet med undersøkingar (ev. pålagte undersøkingar), og er førebudd på å dokumentere korleis reglementet har verka i prøveperioden dersom andre tek initiativ til å krevje at det bli teke opp. Konsesjonæren kan også sjølv velje å ta opp reglementet i slike tilfelle. Krav om å ta opp reglementa skal rettast til NVE, som vurderer kravet. Eventuell handsaming av endring følgjer vassdragsreguleringslova § 12 nr. 12.

Førehandstiltreding – oreigningslova § 25

Det kan søkjast om førehandstiltreding etter oreigningslova § 25 for å ta i bruk grunn og rettar før eit rettskraftig skjønn ligg føre. Ein slik søknad skal sendast til NVE og blir normalt handsama etter at ein eventuell konsesjon ligg føre og skjønn er påstemna. Så langt det er praktisk mogleg, skal alle grunn- og rettshavarar det gjeld, ha kopi av søknaden.

Planendingar

Dersom ein tiltakshavar ønskjer å endre planane i forhold til dei føresetnadene som låg til grunn for konsesjonen, under konsesjonshandsaminga eller etter at konsesjon er gitt, kan desse handsamast som ein søknad om planending. Slike søknader skal sendast til NVE, som vil vurdere vidare sakshandsaming i kvart tilfelle. Avhengig av omfanget kan planendinga bli kunngjort og lagt ut til offentleg gjennomsyn eller bli sendt på ei avgrensa høyring. Det kan også vere aktuelt å handsame mindre ombyggingar/endingar av eksisterande anlegg som planendingar. Mindre justeringar kan i mange tilfelle godkjennast av NVE som ein del av detaljplanlegginga.

Forlenging av fristar, byggjefristar

I konsesjonar etter vassdragsreguleringslova og ervervslova blir det i vilkåra sett ein frist på fem år for å starte arbeida og ytterlegare fem år for å fullføre arbeida. Fristane kan eventuelt forlengast etter søknad. Søknaden blir sendt til NVE, som sender han på nødvendig høyring til kommunen og Fylkesmannen. Konsesjonen kan falle bort dersom arbeida ikkje blir sett i gang innan den tida som er fastsett.

I konsesjonar til vasskraftutbygging etter vassressurslova gjeld også dei fristane som er nedfelte i føresegnene i vassdragsreguleringslova. Fristane kan eventuelt forlengast ved å søkje om det, men eit løyve etter vassressurslova fell automatisk bort dersom fristane ikkje blir overhaldne.

Konsesjon på uavgrensa tid

Ein del konsesjonar til selskap og reguleringsforeiningar er gitt med ei tidsavgrensing på 50 eller 60 år. Dersom eigarforholdet er endra, slik at minst 2/3 kan reknast som offentleg eigardel, kan ein søkje om å endre konsesjonane til å gjelde på uavgrensa tid. Slike søknader skal sendast til OED.

Gjenoppføring av anlegg – Vassressurslova § 21

Gjenoppføring av vassdragsanlegg med konsesjon etter § 8 kan skje utan konsesjon dersom arbeidet tek til innan fem år etter at anlegget blei funksjonsudyktig. Vassdragsstyresmakta kan forlengje fristen ein gong.

Nedlegging av vassdragsanlegg – Vassressurslova §§ 41 – 42

Nedlegging som fører til påtakeleg skade eller ulempe for allmenne interesser, krev konsesjon etter vassressurslova § 8. Det kan setjast vilkår om mellom anna heil eller delvis nedlegging, opprydding og tilbakeføring til slik forholda var før anlegget blei bygd. Anlegget kan ev. overførast til nokon som ønskjer å halde det ved lag ved å overta det heile og fulle ansvaret.

Anlegg som har konsesjon etter industrikonsesjonslova for erverv av fall, eller reguleringskonsesjon etter vassdragsreguleringslova, kan ikkje leggjast ned utan samtykke frå konsesjonsstyresmaktene.

5. Samla plan for vassdrag

Siktemålet med Samla plan, slik det er formulert av Miljøverndepartementet, er "å få en mer samlet, nasjonal forvaltning av vassdragene og et bedret grunnlag for sektorplanlegging, enkeltvedtak mv. Samlet plan skal indikere hvilke prosjekter som først kan konsesjonsbehandles og hvilke vassdrag/deler av vassdrag som primært bør planlegges til andre formål enn vannkraftutbygging."

Samla plan blei handsama for første gong i Stortinget i 1986, jf. St.meld. nr. 63 (1984-85) og Innst. S. nr. 250 (1985-86). Etter dette blei Samla plan rullert i Stortinget fleire gonger, med nokre års mellomrom. Den siste rulleringa var 1. april 1993. Ut frå ei samla vurdering av konfliktnivået, er prosjekta i Samla Plan plassert i desse to hovudkategoriane:

- Kategori I – inneheld prosjekt som kan konsesjonshandsamast straks.
- Kategori II – inneheld prosjekt som inntil vidare ikkje kan konsesjonshandsamast.

Sidan den førre rulleringa av Samla plan, er det opna for at prosjekt kan handsamast administrativt. Med det meinast det at prosjekta fortløpande kan bli vurderte i forhold til Samla plan, utan at dei blir lagt fram for Stortinget. Sakshandsaminga skjer i samarbeid mellom NVE, Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Nye prosjekt skal vurderast i forhold til Samla plan dersom dei har ein installasjon på over 10 MW og/eller ein gjennomsnittleg årleg produksjon som er større enn 50 GWh. Tiltakshavarar som planlegg slike prosjekt, må ta kontakt med NVE ved Energiavdelinga og presentere dei tekniske planane. NVE vil koordinere den vidare sakshandsaminga.

Når prosjektet blir vurdert i forhold til Samla plan, vil det føre til at det anten blir fritake frå Samla plan-handsaming, eller at det blir plassert i kategori I eller II. Det er berre prosjekt som anten har fått fritak frå Samla plan-handsaming eller er plasserte i kategori I, som kan konsesjonshandsamast.

Prosjekt som tidlegare er plasserte i kategori II, kan takast opp til ny handsaming i Samla plan dersom

1. Prosjektet blei plassert i kategori II på grunn av lokal motstand, og denne motstanden no er redusert.
2. Prosjektet er endra, slik at konfliktane som førte til at det blei plassert i kategori II, er reduserte.

Data og rapportar frå Samla plan kan innehalde nyttig informasjon om konfliktar i forhold til miljø og brukarinteresser ved utarbeiding av meldingar og søknad med KU.

Saker som gjeld Samla plan, skal alltid avgjerast av OED, ev. ved kongeleg resolusjon.

6. Verneplan for vassdrag

Gjennom fire stortingsvedtekne verneplanar (Verneplan I–IV), med supplering i 2005 og avsluttande supplering i 2009, er 388 objekt verna. Det kan vere "heile" vassdrag, dvs. vassdrag frå fjell til fjord, eller delar av vassdrag.

Eit overordna mål er å ta vare på eit representativt utsnitt av norsk vassdragsnatur. Det er derfor meininga at dei verna vassdraga ikkje skal utnyttast til kraftproduksjon i tradisjonell forstand. Dei skal brukast til rekreasjon og friluftsliv, forskning og undervising og ein del som referansevassdrag.

Vedtaka om vern av vassdrag mot kraftutbygging er ikkje forankra i lovverket, men er fleirtalsvedtak som er gjort av Stortinget, og som Stortinget eventuelt kan gjere om på. Formelt gjeld vernet berre mot kraftutbygging. Vedtaka er ein instruks frå Stortinget til forvaltninga om at eventuelle

konsesjonssøknader i verna vassdrag normalt vil bli avslagte utan handsaming.

Vernet av vassdraga er ytterlegare styrkt gjennom vassressurslova, jf. § 32–§ 35 som omhandlar spesielt verna vassdrag.

I mange av dei verna vassdraga er det eldre kraftverk, for det meste små verk, men nokre vassdrag har ein ikkje ubetydeleg kraftproduksjon. Kraftverka i dei verna vassdraga er hovudsakleg bygd før vernevedtaket. Vernevedtaket føreset at kraftverka kan drivast på same nivå som før.

Då Stortinget handsama Verneplan IV i 1993, blei det gitt tilgang til å rehabilitere eksisterande kraftverk i verna vassdrag. Det blir kravd konsesjon etter vassressurslova § 8 dersom tiltaket "er til nevneverdig skade for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen", eller dersom den alminnelege lågvassføringa blir redusert. Vernevedtaket inneber i seg sjølv at det er sterke allmenne interesser i vassdraget. Tiltak i verna vassdrag vil såleis lettare bli sett på som konsesjonspliktige enn tiltak i andre vassdrag. Generelt kan det vere vanskeleg å gi løyve til å byggje om eller utvide kraftverk i verna vassdrag.

I tillegg til rein rehabilitering innanfor eksisterande rammer kan det vere snakk om ei avgrensa heving av vasstanden i inntaksmagasin og/eller auka installasjon/slukeevne. Det er føresett at det ikkje skal vere omfattande tiltak. Det er også føresett at ei slik opprusting ikkje gjer verdiane som ligg til grunn for vernevedtaket, ringare, og at fordelane for allmenne interesser må vere større enn ulempene ved å gjennomføre opprustinga. Enkelte opprustingar kan vere ønskjelege også ut frå miljøomsyn. Handsaminga av denne type saker etter vassdragslovgivinga kan føre til at det blir gitt løyve med vilkår som er underlagt kontroll og tilsyn frå konsesjonsstyresmaktene.

I samband med supplering av verneplanen for vassdrag blei det generelt opna for konsesjonshandsaming av mikro- og minikraftverk med installert effekt på opptil 1 MW i verna vassdrag, unnateke for Bjerkreimsvassdraget, der grensa blei sett til 3 MW. Det er framleis ein føresetnad at eventuelle utbyggingar ikkje skal svekkje verneverdiane i vassdraga. Det er utarbeidd rikspolitiske retningslinjer for forvaltning av dei verna vassdraga, jf. forskrift av 08.01.95.

7. EUs rammedirektiv for vatn

”Forskrift om rammer for vannforvaltningen” tredde i kraft 1. januar 2007. Forskrifta implementerer EUs rammedirektiv for vatn (vassdirektivet) i norsk rett.

Forskrifta inneber ei meir heilskapleg og økosystembasert forvaltning av ferskvatn, grunnvatn og kystvatn i Noreg gjennom å utarbeide forvaltingsplanar. Hovudføremålet er å sikre godt vassmiljø. For vassførekomstar som ut frå nærmare gitte kriterium er peika ut som sterkt modifiserte (SMVF), gjeld tilpassa miljømål. Dette er vassførekomstar som har så store naturinngrep (spesielt vasskraft) at dei ikkje kan nå standard miljømål utan at det går vesentleg utover føremålet med inngrepa. Direktivet er ikkje nødvendigvis til hinder for nye inngrep, men det er føresett at inngrepet dekkjer viktige samfunnsomsyn, at det ikkje finst betre alternative løysingar, og at det blir teke tilstrekkeleg omsyn til miljøet.

Landet er delt inn i elleve nasjonale og nokre internasjonale vassregionar basert på nedbørfelt. Kvar vassregion omfattar mindre vassområde med fleire, eitt enkelt eller delar av nedbørfelt som er sett saman til ei hensiktsmessig forvaltningseining. Ein fylkeskommune i kvar vassregion fungerer som vassregionstyresmakt og skal koordinere arbeidet med å gjennomføre forskrifta.

Vassregionstyresmaktane leier eit vassregionutval med representantar frå alle dei aktuelle styresmaktene på regionalt og lokalt nivå. NVEs regionsjefar representerer NVE i vassregionutvala. Det er også oppretta ei referansegruppe der mellom anna frivillige organisasjonar og rettshavarar blir oppfordra til å delta.

Den viktigaste styringsreiskapen for å oppnå miljømåla er utviklinga av forvaltingsplanar med tiltaksprogram. Det regionale tiltaksprogrammet skal byggje på lokale tiltaksanalyser. For utvalde vassområde vart dei første forvaltingsplanane vedtekne i 2010. Innan 2012 skal tiltaka vere gjennomførte med sikte på måloppnåing innan 2015. Ei oversikt over utvalde vassområde og meir informasjon om arbeidet finst på www.vannportalen.no. Forvaltingsplanane har status som regionale planar etter plan- og bygningslova. Planane skal handsamast i fylkestinget og godkjennast av regjeringa. Godkjend forvaltningsplan skal leggast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen. Det blir vist til komande revisjonsretteiar frå OED når det gjeld forholdet mellom forskrifta og NVEs konsesjonshandsaming.

Dei enkelte sektorstyresmaktene vil, innanfor sine forvaltingsområde, ha ansvar for å greie ut forslag til typar tiltak og premissane for korleis ein fastset miljømål. Ansvaret dei aktuelle styresmaktene har for lovverk og verkemiddel i gjennomføringa av direktivet, ligg fast. Vedtak om gjennomføring av dei tiltaka som inngår i tiltaksprogrammet treffast av ansvarleg styresmakt etter relevant lovgiving. Den vedtekne forvaltingsplanen skal ikkje ha eit slikt detaljeringsnivå at skjønnsrommet for sektorstyresmakter blir vesentleg redusert. Godkjent regional plan vil inngå i grunnlaget for sektorstyresmaktene si handsaming.

I sektorstyresmakta si handsaming vil det bli gjort ytterlegare avklaringar og ei konkret vurdering av fordelar og ulemper ved dei einskilde tiltaka før endeleg avgjerd om tiltaksgjennomføring blir tatt. Her vil det også bli lagt vekt på andre omsyn enn dei som finst i planane. Sektorstyresmaktene har difor høve til å fatte vedtak som ikkje er i samsvar med planen.

8. Forholdet til overføringsanlegg

Som tidlegare nemnt, er det konsesjonsplikt etter energilova for elektriske anlegg med spenning over 1000 volt vekselstraum eller 1500 volt likestraum. Det gjeld elektriske installasjonar i og utanfor kraftverket samt tilknytning til overordna nett. Retten til å gi konsesjon etter energilova er delegert til NVE.

I nokre kraftutbyggingssaker er det nødvendig med nye, større overføringsanlegg eller å oppgradere gamle kraftleidningar. Overføringsanlegg med 132 kV spenning eller høgare og ei lengd på meir enn 20 km, krev alltid konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova på sjølvstendig grunnlag. I tillegg skal kraftleidningar med spenning på 66 kV og ei lengd på meir enn 20 km vurderast etter § 4 i ”forskrift om konsekvensutredningar”. NVE avgjer om tiltaket skal konsekvensutgreiast.

KU-pliktige kraftleidningar blir handsama som ein separat nettsak, og det må sendast ei eiga melding med forslag til utgreiingsprogram til NVE. Sakshandsaminga etter energilova skjer likevel samtidig og er koordinert med vassdragskonsesjonssaken. Vi viser til generell informasjon på NVEs nettsider (www.nve.no) om utforming av meldingar og konsesjonssøknader for kraftleidningar.

Så sant overføringsanlegget ikkje er KU-pliktig i seg sjølv, skal søknad etter energilova, med tilhøyrande tekniske spesifikasjonar, vere ein integrert del av søknad etter vassdragslovgivinga.

Retten til å knytte nye kraftverk til distribusjonsnettet i området kan utbyggjar få på to måtar. Kraftverkseigaren kan sjølv søke anleggskonsesjon for dei elektriske anlegga og etablere desse når slik konsesjon er gitt. Alternativt kan nettselskapet gå med på å byggje og drive anlegget. Nettselskapet skal då følgje dei reglar om nybygging som går fram av vilkåra i områdekonsesjonen.

I saker der det er søkt om anleggskonsesjon etter energilova, er det eit krav om at søkjaren må ha høgspenningkompetanse. Privatpersonar utan høgspenningkompetanse får normalt ikkje konsesjon etter energilova. I tilfelle der ein privatperson har fått løyve etter vassdragslovgivinga, må det avklarast kven som skal drive anlegget før anleggskonsesjon kan bli gitt etter energilova.

I energilova står det at anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi ikkje kan byggjast, eigast eller drivast utan konsesjon. Dersom den som eig og den som driv eit kraftverk, ikkje er den same personen, er det den som faktisk skal byggje og drive anlegget, som skal søkje om konsesjon. I dei tilfella der den som driv anlegget, ikkje sjølv eig det, skal avtalen mellom eigar og drivar leggjast ved søknaden.

NVE vil elles vise til gjeldande forvaltingspraksis for bygging av kraftleidningar, nedfelt i Ot.prp. nr. 62 (2008/2009).

Vi viser også til informasjon om netteigaren si tilknytingsplikt for ny produksjon med meir på nettsidene våre: www.nve.no/Kraftmarked.

9. Klagemoglegheit og motsegner

Generelt er det slik at i saker der NVE gjer enkeltvedtak etter vassressurslova, kan desse påklagast med OED som klageinstans. Enkeltvedtak kan påklagast av ein part eller ein annan med rettsleg klageinteresse. Andre med rettsleg klagemoglegheit vil i vassdragssaker vere kommunar, dei statlege styresmaktene det vedkjem, og organisasjonar som representerer allmenne interesser. Ein eventuell klage skal grunngiast skriftleg, stilast til OED og sendast via NVE.

Ei innstilling frå NVE kan ikkje påklagast, men som eit ledd i OED si handsaming vil departementet sende NVEs innstilling på ein avgrensa høyringsrunde, vanlegvis til dei departementa og kommunane det vedkjem. Tiltakshavaren får normalt også sjansen til å kommentere NVEs innstilling.

Når OED har fremja saka for regjeringa, og avgjerda formelt er teken av Kongen i statsråd (kongeleg resolusjon), kan ikkje dette påklagast. Søkjaren er unnateke frå dette, og kan forlange at saka blir lagd fram for Stortinget.

Ny plan- og bygningslov tredde i kraft 1. juli 2009. Ei av endringane i forhold til tidlegare er at kommunar, fylkeskommunar, Sametinget og statlege fagetatar/direktorat har rett til å komme med motsegn til søknader som er lagde fram. Privatpersonar og organisasjonar har ikkje motsegnrett.

Ei eventuell motsegn skal fremjast i samband med høyring av konsesjonssøknaden. Det må gå klart fram at det er ei motsegn som blir fremja, og ikkje ei vanleg høyringsfråsegn. Motsegna skal drøftast mellom NVE og den parten som har fremja motsegna, for å vurdere om ein kan endre på noko slik at motsegna kan trekkjast. Ein eventuell konsesjon kan likevel bli vedteken på trass av ei motsegn, men NVEs vedtak vil då gå vidare til OED, på same måte som når det blir påklaga. NVE kan også gi innstilling til OED på trass av ei motsegn. Motsegner som ikkje blir tekne til følgje, skal likevel omtalast i innstillingar og i bakgrunn for vedtak på linje med anna sakshandsaming som har blitt gjort. Dersom motsegna blir halden ved lag, skal saka alltid handsamast av OED.

Vi gjer merksam på at den nye plan- og bygningslova også gjeld for konsesjonsprosessar som allereie er sette i verk. Det vil seie for alle saker som fram til 1. juli 2009 ikkje var avslutta med endeleg konsesjon.

NVE vil orientere om rutinar for motsegner i informasjonsmateriell og på møte med dei partane det gjeld.

10. Utgifter til juridisk og sakkunnig hjelp

Vassdragsreguleringslova § 6 gir grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre interesserte rett til å krevje at utgifter til nødvendig juridisk bistand og anna sakkunnig hjelp blir dekkja av tiltakshavaren i den grad det er rimeleg. Dersom ein er ueinige om kva som kan reknast som rimeleg, eller om

storleiken på kravet, kan saka leggjast fram for NVE, som er styresmakt i slike saker.

Moglegheita til å få dekkja utgifter, gjeld frå det tidspunktet melding om tiltaket blei lagt ut til offentleg gjennomsyn. Dersom utgiftene skal bli dekkja er dette likevel avhengig av at det blir fremja ein søknad om konsesjon. For saker som skal handsamast i Stortinget, kan ein krevje å få dekkja utgifter for arbeid fram til stortingsproposisjonen ligg føre.

For saker som blir handsama etter reguleringslova, men som ikkje fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar, kan ein krevje å få dekkja utgifter frå det tidspunktet søknaden blei lagt ut til offentleg gjennomsyn.

Det er tilrådd at privatpersonar og organisasjonar med samanfallande interesser samordnar krava, og at kravet om dekning blir avklara med tiltakshavaren på førehand.

For saker som berre blir handsama etter vassressurslova og/eller ervervslova, er det ikkje heimel for å krevje at tilsvarende utgifter blir dekkja av tiltakshavaren. Dersom utbygginga gir meir enn 40 GWh/år i auka produksjon, og blir handsama etter vassressurslova (større elvekraftverk), gjeld likevel vassdragsreguleringslova § 6 (jf. vassressurslova § 19).

Revisjonssaker

Moglegheita for å få dekkja nødvendige utgifter til juridisk/teknisk bistand ved revisjon av reguleringskonsesjonar, vil i mangel av nærmare føresegner vere avhengig av korleis ein tolkar vassdragsreguleringslova § 6. I brev av 21.02.1994 til Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) uttalar dåverande Nærings- og energidepartement at det ikkje er nokre prinsipielle omsyn som tilseier at føresegna om utgiftsdekning ikkje skal kunne brukast også ved revisjon av vilkår.

Det er utgifter som er oppsamla etter at ei revisjonssak er opna, som ein eventuelt kan krevje å få dekkja. Det er berre nødvendige utgifter som blir dekkja, og det er normalt ikkje behov for omfattande juridisk bistand i desse sakene, sidan revisjon ikkje omfattar problemstillingar av privatrettsleg karakter. Arbeidet med å påvise behov for revisjon vil vere lite omfattande og bør byggje på lokalkompetanse og eiga erfaring. Det vil normalt ikkje vere behov for spesiell juridisk kompetanse.

DEL II

Tiltak som fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar



Morgonstemning ved Raudalsvatn. Foto: Per Christian Bøe

1	Føresegnene i "forskrift om konsekvensutredninger"	20
2	Konsultasjonsplikt om samiske interesser	21
3	Saksgang og sakshandsaming	22
3.1	Generelt	22
3.2	Vurdering av KU-plikt for kraftverk mellom 30 og 40 GWh.....	23
3.3	Meldingsfasen.....	23
3.4	Fastsetjing av KU-program	24
3.5	Utgreiingsfasen.....	24
3.6	Søknadsfasen.....	24
3.7	NVEs slutthandsaming	25
3.8	Handsaming i Olje- og energidepartementet (OED), regjeringa og Stortinget	26

1. Føresegnene i ”forskrift om konsekvensutredninger”

”Forskrift om konsekvensutredninger” av 26. juni 2009 fastset kva tiltak som skal konsekvensutgreiast etter føresegnene i plan- og bygningslova. KU-systemet omfattar to grupper prosjekt, avhengig av storleik og konsekvensar. Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast, er definert i § 2 i forskrifta med tilvising til vedlegg I.

Vedlegg I omfattar følgjande tiltak innanfor vasskraftsektoren som alltid skal meldast og konsekvensutgreiast:

- utbygging av vasskraft med årleg produksjon på over 40 GWh
- demningar og andre anlegg for oppdemming eller varig lagring av vatn dersom ei ny eller supplerande mengd oppdemt eller lagra vatn overstig 10 millionar m³
- kraftleidningar og jord- og sjøkablar med spenning på 132 kV eller høgare og ei lengd på meir enn 20 km
- utvidingar eller endringar av tiltak nemnt i vedlegg I dersom utvidinga eller endringa i seg sjølv overskrid oppfangskriteria i vedlegg I

§ 3 i forskrifta med tilvising til vedlegg II gjeld tiltak som skal konsekvensutgreiast dersom dei har vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn etter § 4 i forskrifta. Dette omfattar følgjande typar tiltak innan vasskraftsektoren:

- utbygging av vasskraft større enn 30 GWh etter vassressurslova eller vassdragsreguleringslova
- kraftlinjer med ei spenning på minst 66 kV og ei lengd på meir enn 20 km

Etter § 4 vil dette gjelde planar og tiltak som:

- a) er lokaliserte i eller kjem i konflikt med område med særleg verdifulle landskap, naturmiljø, kulturminne eller kulturmiljø som er verna eller freda, mellombels verna eller freda eller føreslege verna eller freda, eller der det finst eller er svært truleg at ein vil finne automatisk freda kulturminne som inngår i eit kulturmiljø med store tidsdjupn
- b) er lokaliserte i eller kjem i konflikt med viktige inngrepsfrie naturområde eller utgjer ein trussel mot trua naturtypar, trua artar eller leveområda deira, mot prioriterte artar eller funksjonsområda deira, mot utvalde naturtypar, eller mot andre område som er særleg viktige for naturmangfaldet
- c) er lokaliserte i større naturområde som er særleg viktige for utøving av friluftsliv, medrekna markaområde, eller i viktige vassdragsnære område som ikkje er avsette til utbyggingsføremål, eller i overordna grønstrukturar og viktige friområde i byar og tettstader, og der planen eller tiltaket kjem i konflikt med friluftslivsinteresser
- d) kjem i konflikt med gjeldande rikspolitiske føresegner eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhald av plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77 eller statlege planretningslinjer, statlege planføresegner eller regionale planføresegner gitt i medhald av lov av 27. juni 2008 nr. 71,
- e) kan komme i konflikt med utøvinga av samiske utmarksnæringar, eller er lokaliserte i reindrifta sine særverdiområde eller minimumsbeiter, og kan komme i konflikt med reindriftsinteresser, eller som på annan måte kan komme i konflikt med arealbehovet til reindrifta
- f) inneber større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftslivsområde eller område som er regulerte til landbruk, og som er av stor verdi for landbruksverksemda
- g) gir vesentleg auke i talet på personar som blir utsette for høg belastning av luftforureining, støy eller lukt, eller kan føre til vesentleg forureining til jord, vatn eller sediment, eller som kan føre til vesentleg auka utslepp av klimagassar, eller som kan føre til vesentleg stråling

- h) gir risiko for alvorlege ulukker, ras, skred og flaum
- i) kan få konsekvensar for helsa til befolkninga eller helsefordelinga i befolkninga
- j) kan få vesentlege konsekvensar for befolkninga sin tilkomst til uteområde, bygningar og tenester
- k) kan få vesentlege miljøverknader i ein annan stat

Tiltakshavar skal så tidleg som råd under førebuinga av tiltak som er nemnde i § 3, med tilvising til vedlegg II, leggje fram dei opplysingane som er nødvendige for at NVE skal kunne ta stilling til om tiltaket skal handsamast etter forskrifta. NVE vil i den grad det er nødvendig, hente inn fråsegner frå aktuelle styremakter som grunnlag for avgjerla. Det er tilrådd å ta kontakt med relevante styresmakter tidleg i planleggingsprosessen for å hente inn informasjon om kriteria gjeld for tiltaket.

I enkelte tilfelle der det frå søkjar si side er tvil om kriteria i § 4 kjem til bruk, kan det vere hensiktsmessig å gå direkte til ei melding for å avklare utgreiingsbehovet. Dette er det tilrådd å avklare med NVE på førehand.

Når eksisterande kraftverk skal rustast opp eller byggjast ut, er det ein produksjonsauke utover 40 GWh/år eller ein auke i mengda oppdemt vatn på over 10 millionar m³, (KU – vedlegg I til forskrifta), eventuelt ein produksjonsauke utover 30 GWh ved utviding av verket (§ 3, vedlegg II), som utløyser konsekvensutgreiingsplikta. Utgreiingsplikta gjeld berre for vasskraftprosjekt som er konsesjonspliktige etter vassdragslovgivinga. Som eksempel vil tekniske endringar som betrar verknadsgraden, men som ikkje endrar dei hydrologiske forholda, ofte ikkje vere konsesjonspliktige. Dei vil då heller ikkje vere omfatta av KU-føresegnene. Konsesjonsplikta blir avgjort av NVE på bakgrunn av opplysingar frå tiltakshavaren og om nødvendig etter å ha rådført seg med relevante styresmakter.

For tiltak som fell inn under forskrifta, anten etter vedlegg I eller II, skal ein tiltakshavar tidlegast mogleg under førebuinga av tiltaket sende melding om tiltaket til NVE. Tiltakshavaren sine planar må likevel vere såpass konkrete og realistiske at det vil vere rett å setje i gong ei omfattande sakshandsaming.

2. Konsultasjonsplikt om samiske interesser

NVE og OED har ei konsultasjonsplikt med Sametinget, som er nedfelt gjennom ein avtale om prosedyrar for konsultasjonar mellom statlege styresmakter og Sametinget. Avtalen blei vedteken i kongeleg resolusjon 1. juli 2005 og skal sikre at arbeidet med saker som kan verke inn på samiske interesser direkte, blir gjennomførde på ein tilfredsstillande måte.

Det er NVE som skal konsultere med Sametinget og eventuelt andre samiske interesser, og ikkje tiltakshavaren. Det er NVEs ansvar at eventuelle konsultasjonar blir gjennomførde på ein tilfredsstillande måte.

Den 31.03.09 blei det inngått ein eigen avtale om konsultasjonar mellom NVE og Sametinget. Denne avtalen er innanfor den sentrale avtalen, men skildrar nærmare korleis konsultasjonane mellom NVE som konsesjonsmakt og Sametinget skal gjennomførast i praksis.

Avtalen har ei sakleg avgrensing for:

- vindkraftanlegg
- anleggskonsesjonar for kraftleidningar og jord- og sjøkablar
- varmekraftverk og andre forbrenningsinstallasjonar
- vasskraftanlegg
- demningar og andre anlegg for oppdemming eller varig lagring av vatn
- anlegg for oppsamling eller kunstig infiltrasjon for å byggje opp att grunnvatn
- anlegg for transport av vassressursar mellom nedbørfelt

Konsultasjonsplikta gjeld i tradisjonelle samiske bruksområde, som inkluderer fylka Finnmark, Troms, Nordland og Nord-Trøndelag i tillegg til enkelte kommunar i Sør-Trøndelag, Hedmark og Møre og Romsdal.

I avtalen er KU-grensa valt som innslagspunkt, slik at konsultasjonsplikta er reservert til større inngrep. Eit eventuelt ønskje om konsultasjon må fremjast under høyringa av meldinga, samtidig med høyringsfråsegna. Dersom Sametinget ikkje uttrykkjer ønskje om konsultasjon i meldingsfasen, kan ikkje konsultasjon krevjast på eit seinare trinn i handsamingsprosessen, med mindre tiltaket blir endra slik at det likevel får vesentlege følgjer for samiske interesser, eller relevant informasjon ikkje blir lagt fram for Sametinget i høyringa. Det er likevel fullt mogleg å underrette i meldingsfasen om at ein i staden ønskjer konsultasjon på eit seinare tidspunkt, for eksempel når søknad ligg føre.

Konsultasjonane skal ha eit partnarskapsperspektiv og føreset openheit og reell dialog. Partane skal søkje å oppnå semje om den vidare sakshandsamingsprosessen, og om tiltaket. Konsultasjonen skal gå på innhaldet i utgreiingsprogrammet eller det aktuelle vedtaket, medrekna kva vilkår som kan/bør setjast. NVE er ansvarleg for å konferere med tiltakshavaren der det er ønskjeleg eller nødvendig. Økonomisk kompensasjon til enkeltpersonar og tiltak som krev endringar i privatrettslege rettar, er ikkje gjenstand for konsultasjon.

Konsultasjonsretten er ikkje ein vetorett, og det blir ikkje kravd semje for at konsultasjonsplikta skal bli rekna som oppfylt. Det at det er gjennomført konsultasjonar, og kva synspunkt partane har, vil bli omtalt i grunngevinga for eit vedtak, eventuelt i NVEs innstilling til OED. Der konsultasjonen ikkje fører til semje, vil årsakene til dette og partane sine synspunkt bli eksplisitt omtalt.

NVE skal også konsultere med andre samiske interesser, og reindrifta er særleg ei viktig interesse. Korleis det skal konsulterast med reindrifta, inngår ikkje i avtalen om prosedyrar for konsultasjonar mellom statlege styresmakter og Sametinget. NVE har lagt seg på den praksisen at det aktuelle reinbeitedistriktet blir spurt om konsultasjon i samband med at søknaden blir sendt på høyring. Reinbeitedistriktet kan då gi melding om at vedkomande siida/driftseining skal konsulterast i staden for distriktet.

Tamreinlaga i Sør-Noreg (Lom, Vågå, Fram og Filefjell) er ikkje omfatta av reglane for konsultasjon som gjeld for reindrifta i dei samiske reinbeiteområda. Fagleg og forvaltingsmessig er dei underlagde Reindriftsforvaltningen Sør-Trøndelag/Hedmark.

3. Saksgang og sakshandsaming

3.1 Generelt

Føresegnene om KU i plan- og bygningslova og føresegnene i vassressurslova og vassdragsreguleringslova er styrande for konsesjonsprosessen.

Prosjekt som er større enn 10 MW installert effekt eller 50 GWh i årleg produksjon, må avklarast i

forhold til Samla plan. For å kunne konsesjonshandsamast må prosjekta anten vere plasserte i kategori I i SP, eller vere fritekne frå SP-handsaming.

I tillegg til papirversjonen skal meldingar og søknader med KU også sendast til NVE i elektronisk form (pdf- eller odf-format). Dokumenta blir lagde ut på NVEs nettsider for nedlasting. Når saka er sendt på høyring, bør dei også leggjast ut på nettsida til søkjaren. NVE ønskjer at talet på filer som skal leggjast ut, blir avgrensa så mykje som mogleg, samt at storleiken på filene blir avgrensa, utan at det går på kostnad av kvaliteten på bilete, figurar og kartunderlag.

3.2 Vurdering av KU-plikt for kraftverk mellom 30 og 40 GWh

For kraftverk som har ein berekna gjennomsnittleg årsproduksjon på mellom 30 og 40 GWh, gir NVE ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle om utbygginga fell inn under føresegnene i KU-forskrifta. Vurderinga blir gjort i forhold til kriteria i § 4 i forskrifta, som skildra innleiingsvis. Tiltakshavaren må sørge for at NVE får tilstrekkeleg med informasjon til å kunne gjere denne vurderinga. NVE vil ta kontakt med andre instansar (ofte kommunen og Fylkesmannen), dersom det er nødvendig.

NVE avgjer om tiltaket er KU-pliktig eller ikkje. Avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltingslova, og kan derfor ikkje påklagast.

Dersom NVE vurderer tiltaket til ikkje å vere KU-pliktig, vil søknaden bli handsama etter vassressurslova eller vassdragsreguleringslova, som skildra seinare i denne rettleiaren.

3.3 Meldingsfasen

Utkast til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram skal sendast til NVE for kvalitetskontroll. Denne kvalitetssikringa består i hovudsak av å sjå til at formalitetar i forhold til lover og føresegner er i orden. Meldinga skal gjere greie for dei tekniske planane og verknadene som er kjende på meldingstidspunktet, samt innehalde forslag til KU-program. Krav til innhaldet i meldinga er omtalt i del III i rettleiaren. Utkast til meldingar som NVE mottek, skal normalt reknast som offentlege dokument som ein kan gi innsyn i.

NVE tilrår at det blir utarbeidd ein brosjyre med ein kortfatta versjon av meldinga, som blir distribuert til alle husstandar og grunneigarar i det distriktet/området som planane gjeld. Brosjyren bør også godkjennast av NVE.

NVE sender meldinga på høyring til dei aktuelle kommunane, fylkesmennene, fylkeskommunane, og til dei statlege forvaltingsorgana det vedkjem. Meldinga blir også sendt til ein del sentrale og lokale organisasjonar. Det er berre dei kommunane det vedkjem, som mottek papirversjon av meldinga for offentleg gjennomsyn. Meldinga blir lagd ut på ein eller fleire stader lokalt, slik at ho kan studerast nærmare av dei som måtte ønskje det. Tidsrom og stad for når meldinga blir lagd ut, blir kunngjort i dei mest leste avisene på staden. Utgiftene til kunngjering blir belasta tiltakshavaren. Andre høyringspartar kan laste ned meldinga frå NVEs nettsider. Dersom nokre av høyringspartane ønskjer ein papirversjon av meldinga, kan dei kontakte tiltakshavaren.

NVE arrangerer vanlegvis eit offentleg møte lokalt i høyringsperioden. Tid og stad for møtet blir kunngjort i dei aktuelle avisene. På dette møtet orienterer NVE om konsesjonshandsaminga, og tiltakshavaren orienterer om planane og utgreiingsprogrammet. Tiltakshavaren står for dei praktiske førebuingane og utgiftene til slike møte. NVE tilbyr også administrasjonen og den politiske leiinga i dei kommunane det gjeld, å halde eigne møte.

Føremålet med meldinga er å gi ei orientering om planane på eit tidleg tidspunkt i planleggingsfasen, og få synspunkt på kva alternativ og kva fagtema som bør greiast ut vidare. Det er også viktig å kartlegge korleis dei planlagde tiltaka kan få følgjer for eigedomar og rettar. Det er på dette stadiet

moglegheitene til å påverke planlegginga og komande KU er størst. Det skal meir til for å få gjennomslag for vidare utgreiingar av alternativ og verknader seinare i prosessen.

Fråsegner til meldinga blir sendt til NVE. Fristen for eventuelle fråsegner skal vere minst seks veker.

Etter at fråsegnfristen for meldinga er gått ut, ber NVE tiltakshavaren om å kommentere dei innkomne fråsegnene og ev. utarbeide eit revidert KU-program.

3.4 Fastsetjing av KU-program

På grunnlag av meldinga, fråsegner og kommentarar frå tiltakshavaren fastset NVE eit konsekvensutgreiingsprogram (KU-program). Utgreiingsprogrammet skal vise til kva alternativ som skal greiast ut nærmare, og fastsetje krav til innhald og omfang av konsekvensutgreiinga. NVEs fastsetjing av KU-program kan ikkje påklagast.

Dersom dei aktuelle styresmaktene i høyringsfråsegnene sine har vurdert at tiltaket kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, jf. § 8 første ledd i forskrifta, skal NVE leggje KU-programmet fram for Miljøverndepartementet (MD) før det blir fastsett. MD skal innan to veker informere om det vil bli gitt merknader til programmet.

Dersom det kjem fram forslag til nye aktuelle alternativ som ikkje har vore omtalt i meldinga eller i forslag til KU-program, vil NVE vurdere om desse kan vidareførast i ei konsekvensutgreiing utan at det oppstår krav om ny melding.

3.5 Utgreiingsfasen

Tiltakshavaren er ansvarleg for å gjennomføre tekniske og faglege utgreiingar som er fastsette i KU-programmet. Han kan sjølv velje kven som skal utføre dei faglege utgreiingane, men det er viktig at dei som er ansvarlege for utgreiingane, er fagleg kvalifiserte for oppgåva, og at utgreiingsarbeidet blir gjennomført med fagleg integritet. Det er også viktig at utgreiingsarbeidet er koordinert, slik at tekniske og hydrologiske føresetnader er på plass før andre fagutgreiingar. I tillegg skal det vere ein god dialog mellom dei ulike utgreiarane, slik at moglegheitene for å justere planane med omsyn til å redusere eller eliminere konflikter, blir diskuterte og kjem fram i den endelege konsekvensutgreiinga. Krav til innhaldet i KU er omtalt i del IV og V i rettleiaren.

3.6 Søknadsfasen

Etter at KU er ferdig, og tiltakshavaren har valt å gå vidare med planane, blir søknaden sendt med KU og fagutgreiingar til NVE for kvalitetskontroll. Denne kvalitetssikringa består i hovudsak av å sjå til at formalitetar i forhold til lover og føresegner er i orden, og inneber ikkje nokon full kontroll av kvaliteten på KU. Utkast til søknader og fagutgreiingar som NVE mottek, blir normalt rekna som offentlege dokument som ein kan gi innsyn i.

NVE tilrår at det blir utarbeidd ein brosjyre med ein kortfatta versjon av søknaden og KU, som blir distribuert til alle husstandar og grunneigarar i det distriktet/området som planane gjeld. Brosjyren bør også godkjennast av NVE.

NVE sender søknaden med KU på høyring til dei aktuelle kommunane, fylkesmennene, fylkeskommunane, og til dei statlege forvaltingsorgana det vedkjem. Søknaden med KU blir også sendt til ein del sentrale og lokale organisasjonar. Det er berre dei kommunane det vedkjem, som mottek papirversjonar av søknaden og eventuelle fagutgreiingar for offentleg gjennomsyn. Dokumenta blir lagde ut på ein eller fleire stader lokalt, slik at dei kan studerast nærmare av dei som måtte ønskje det. NVE sørgjer for at tid og stad for utlegging blir kunngjort i dei mest leste avisene på staden. Utgifter til kunngjering blir belasta tiltakshavaren. Andre høyringspartar kan laste ned

høyringsdokumenta frå NVEs nettsider. Dersom nokre av høyringspartane ønskjer ein papirversjon av søknaden med KU eller fagutgreiingar, kan dei kontakte søkjaren.

NVE arrangerer offentleg møte lokalt i høyringsperioden. Tid og stad for møtet blir kunngjort i aktuelle aviser. På dette møtet orienterer NVE om konsesjonshandsaminga, og tiltakshavaren orienterer om dei tekniske planane og KU. Tiltakshavaren står for dei praktiske førebuingane og utgiftene til slike møte. NVE tilbyr også administrasjonen og den politiske leiinga i dei aktuelle kommunane å halde egne møte.

Høyringsfråsegner blir sendt til NVE. Kommunane sender også ein kopi av fråsegnene sine til Fylkesmannen. Fristen for eventuelle fråsegner skal vere på minst tre månader (jf. vassdragsreguleringslova § 6).

Føremålet med høyringa er å få inn synspunkt på dei planane som ligg føre, og alternativa som er presenterte, vurderte etter konfliktgrad. Det er ønskeleg med underbygde synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt på alternativa som er valde, eller på avgrensingar i planane. NVE ønskjer også å få synspunkt på tiltakshavaren sine forslag til avbøtande tiltak, samt underbygde forslag til ev. andre avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved å gjennomføre planane. Relevante faginstansar har eit spesielt ansvar for å vurdere søknaden med KU i forhold til sine respektive forvaltingsområde.

Under høyringa av KU er det også viktig å få vurdert om verknadene av tiltaket er godt nok utgreidde i forhold til det fastsette utgreiingsprogrammet. Eventuelle manglar/svakheiter ved KU i forhold til KU-programmet bør derfor kommenterast i fråsegnene.

Etter at fråsegnfristene er gått ut, ber NVE tiltakshavaren om å kommentere dei innkomne fråsegnene. NVE kan også be om at spesielle forhold som er tekne opp i fråsegnene, eller som NVE sjølv har behov for å vite meir om, blir særskilt kommentert.

3.7 NVEs slutthandsaming

Sluttsynfaring

Sluttsynfaring skjer vanlegvis etter at NVE har motteke alle høyringsfråsegner og søkjaren har kommentert desse. NVE er formell arrangør, og leier sluttsynfaringar, men tiltakshavaren står for dei praktiske førebuingane og utgiftene i samband med synfaringa. Representantar frå kommunen, grunneigarar og andre partar det vedkjem, har som regel høve til å delta på heile eller delar av synfaringa. I større saker kan NVE eventuelt også halde eit ope lokalt møte om saka på dette stadiet.

Eventuelle tilleggsutgreiingar

NVE vil med bakgrunn i høyringsprosessen vurdere om saka er godt nok opplyst til at NVE kan ta stilling i saka, eller om det er behov for ei tilleggsutgreiing eller dokumentasjon om bestemte forhold. Vurderinga blir gjort på bakgrunn av søknaden med KU og innkomne fråsegner.

Eventuelle tilleggsutgreiingar blir sendt på høyring til dei som har komme med fråsegn til søknaden med konsekvensutgreiing. Fristen for fråsegn skal normalt ikkje vere på mindre enn to veker (jf. § 11 i KU-forskrifta).

I enkelte tilfelle vil NVE hente inn tilleggsopplysingar som er nødvendige for NVEs slutthandsaming av saka. Slike tilleggsopplysingar vil ikkje bli sendt på ny høyring.

Innstilling til OED

Første del av innstillinga består av ei attgiving av heile eller delar av søknaden med KU, konklusjonar og vesentlege moment frå høyringsfråsegnene samt søkjaren sine kommentarar til fråsegnene.

Som ein del av innstillinga vil NVE vurdere om saka er godt nok opplyst til at NVE kan ta stilling i

saka. Vurderinga blir gjort på bakgrunn av søknaden med KU og innkomne fråsegner. Det er berre vesentlege manglar ved KU i forhold til KU-programmet, eller forhold av avgjerande karakter for konsesjonsspørsmålet som ikkje blei vurderte då KU-programmet blei fastsett, som kan føre til at det blir kravd tilleggsutgreiing.

Deretter trekkjer NVE fram dei mest vesentlege momenta i saka, fordelar og ulemper, og gjer ei drøfting og avveging av om det bør givast konsesjon eller ikkje, eventuelt om det bør givast konsesjon for ei redusert utbygging. Det er først på dette stadiet at det er grunnlag for å kunne gjere ei heilskapsvurdering. Dersom NVE skal tilrå konsesjon, må fordelane ved tiltaket vere større enn ulempene, sett i ein samfunnsmessig samanheng.

For elvekraftverk etter vassressurslova med installert effekt på mindre enn 10 MW kan NVE gjere vedtak i saka. OED er då klageinstans.

Vilkår

Skadane og ulempene ved tiltaket skal ikkje vere større enn nødvendig. Dersom det blir gitt konsesjon, blir det samtidig fastsett vilkår for å redusere skadeverknadene. Standardvilkåra inneheld føresegner om mellom anna konsesjonstid, revisjon av vilkår, konsesjonsavgifter til stat og kommunar, konsesjonskraft, sanksjonsavgjerder, godkjenning av planar for miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining og kulturminne.

Krav om oppfølgingsundersøkingar vil normalt vere heimla i vilkåra etter vassdragslovgivinga. Standardvilkåra gir styresmaktene moglegheit til å påleggje dei undersøkingane ein finn nødvendig i konsesjonsperioden.

Ein viktig del av vilkåra er manøvreringsreglementet som gir rammene for konsesjonen. Her finn ein høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV) for magasin. Det er vanleg at vasstanden kan stige over HRV ved flaum. Det kan også fastsetjast andre restriksjonar for magasin, for eksempel fyllingstidspunkt og -nivå og buffervolum for flaudemping. Reglementet kan innehalde krav om minstevassføringar som er faste eller variable over året. Elve- og bekkeinntak er oppførde i reglementet. Dersom flaumane skal overførast eller aukast i nokre delar av vassdraga, skal det vere søkt om det spesielt. Det er vanleg å innarbeide tidlegare manøvreringsreglement i eit nytt felles reglement når det blir gitt ein ny konsesjon i eit vassdrag.

3.8 Handsaming i Olje- og energidepartementet (OED), regjeringa og Stortinget

OED sender NVEs innstilling på høyring til dei departementa og dei kommunane det vedkjem. Departementa sender som regel innstillinga til direktorata sine. Tiltakshavaren har også høve til å kommentere NVEs innstilling. På bakgrunn av NVEs innstilling og alle fråsegnene til denne fremjar OED saka for regjeringa ved kongeleg resolusjon. Det er vanlegvis berre saker som gir ein kraftauke utover 20 000 naturhestekrefter, som blir lagde fram for Stortinget før avgjerda formelt blir teken av Kongen i statsråd. Kunngjeringsbrev blir sendt til tiltakshavaren frå OED. Endelege vilkår blir vanlegvis oversendt i ei eiga sending frå OED når dei er ferdigtrykte.

Eventuell konsesjon for elektriske installasjonar og kraftleidningar i medhald av energilova blir deretter gitt av NVE.

DEL III

Utarbeiding av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram



1. Krav i KU-forskrifta til innhaldet i meldinga	28
2. Generelt om å utarbeide melding.....	28
3. NVEs krav til meldinga - disposisjon	29
3.1 Presentasjon av tiltakshavaren	29
3.2 Grunngeving for tiltaket.....	29
3.3 Geografisk plassering av tiltaksområdet og omtale av vassdraget med eksisterande inngrep	29
3.4 Kort skildring av tiltaket.	29
3.5 Arealbruk og eigedomsforhold	30
3.6 Forholdet til offentlege planar.....	30
3.7 Nødvendige løyve frå offentlege styresmakter	31
3.8 Framdriftsplan og sakshandsaming	31
3.9 Forventa problemstillingar i forhold til konsekvensar for miljø og samfunn	31
3.10 Avbøtande tiltak.....	32
3.11 Forslag til utgreiingsprogram.....	32
4. Disposisjon for informasjonsbrosjyre	43

1. Krav i KU-forskrifta til innhaldet i meldinga

Miljøverndepartementet har i "forskrift om konsekvensutredninger" gitt krav til innhaldet i meldinga med forslag til utgreiingsprogram i kapittel III, § 6:

"Planprogrammet eller meldingen med utredningsprogram skal gjøre rede for formålet med planarbeidet eller tiltaket og hvilke problemstillinger som anses viktig i forhold til miljø og samfunn. Relevante og realistiske alternativer skal beskrives og det skal framgå hvordan disse er tenkt behandlet i plan- og utredningsarbeidet. For planer for tiltak skal programmet alltid inneholde kart over plan- eller tiltaksområdet og lokalisering av tiltaket innenfor området.

Det skal gjøres rede for plan- eller søknadsprosess med frister, deltakere og opplegg for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt.

Forslaget til plan- eller utredningsprogram skal, med utgangspunkt i relevante rammer og krav gitt i § 9 og vedlegg III, redegjøre for hvilke forhold som vil bli utredet og belyst i planforslag eller søknad med konsekvensutredning. Det bør framgå hvilke metoder som skal benyttes. Programmet skal utformes slik at det kan tas stilling til om plan- og utredningsarbeidet er gjennomført i samsvar med programmet."

Føremålet med meldinga og høyringa av henne er å gi eit grunnlag for å fastsetje utgreiingsprogram. Meldinga skal derfor innehalde ei skildring av tiltaket og leggje hovudvekta på forslaget til utgreiingsprogram. I forslag til utgreiingsprogram skal alle fagtema omtalast i tråd med inndelinga som er gitt i punkt 3.11.

2. Generelt om å utarbeide melding

Det er viktig at tiltakshavaren tidleg har kontakt med NVE og aktuelle fagstyresmakter for å avklare aktuelle problemstillingar under utarbeidinga av meldinga.

Meldinga skal gjere greie for heile tiltaket, også nye kraftleidningar, eller eventuelle nettforsterkingar. Meldinga skal gi ei god framstilling av tiltaket og dei innverknadene ein ventar at tiltaket vil ha på miljø og samfunn. Ho skal i tillegg gjere greie for tiltakshavaren sitt forslag til utgreiingsprogram.

Meldinga skal baserast på eksisterande kunnskap om området og generell kunnskap om verknadene av vasskraftprosjekt. Samla plan kan innehalde nyttig informasjon som underlag for ei melding. Det er ikkje meininga at tiltakshavaren på dette tidspunktet skal utføre utgreiingsarbeid eller feltundersøkingar.

Meldinga skal gi ei sjølvstendig framstilling av tiltaket og konsekvensane av det. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til planmateriale eller utgreiingar som ligg føre. Relevant informasjon i materiale som ligg føre, skal takast inn i meldinga, med tilvising til der opplysingane er henta frå. Kart, bilete og illustrasjonar er viktige supplement til framstillinga av tiltaket og verknadene av dette.

Kor omfattande meldinga bør vere, vil avhenge av dei forventa verknadene av tiltaket. Meldinga bør gi ei mest mogleg dekkjande framstilling av saksforholdet i ei kort og lettfatta form.

NVE tilrår at det blir utarbeidd ein informasjonsbrosjyre som presenterer meldinga og saksgangen. Brosjyren blir sendt til høyringspartane og blir distribuert til dei grunneigarane og husstandane i området som tiltaket får følgjer for. Forslag til disposisjon av brosjyren finst i punkt 4.

3. NVEs krav til meldinga - disposisjon

Nedanfor blir det gjort nærmare greie for krava til innhaldet i dei enkelte punkta i meldinga. Krava må innfriast for alle tiltak som er omfatta av KU-forskrifta, men omfanget av skildringa på det enkelte punktet vil kunne variere med storleiken på tiltaket og kva innverknadar ein ventar at det vil ha på miljø og samfunn.

NVEs krav til innhald og forslag til oppbygging er tilpassa vasskraftprosjekt, og er derfor langt meir konkrete og detaljerte enn forskrifta. Det er ein fordel om meldinga følgjer disposisjonen vår. Dette gjer at vi kan gjennomføre kvalitetssikringa på ein enklare og raskare måte. Vi understrekar likevel at forslaget til oppsett er rettleiande, og kan i den grad det er nødvendig, tilpassast det enkelte tiltaket.

Meldinga bør byrje med eit kort samandrag. Det bør også peikast på kva avgjerder som skal takast om tiltaket, f.eks. tildeling av konsesjon.

3.1 Presentasjon av tiltakshavaren

Tiltakshavaren skal presenterast kort. Dvs. namnet på selskapet, lokaliseringa, eigarane, selskapsstrukturen, forretningsområdet, eventuelle andre kraftverk selskapet eig, eller kraftproduksjon som selskapet forvaltar, osv.

3.2 Grunngeving for tiltaket

Det skal gjerast kort greie for kvifor ein ønskjer å gjennomføre tiltaket. Eksempelvis kan tiltakshavaren her, ut frå bedriftsøkonomiske prinsipp, klargjere for oppgåva si som kraftprodusent i energimarknaden og synet sitt på utviklinga i elektrisitetsforbruk. Verknaden av tiltaket på allereie etablerte anlegg i området kan vere av interesse, likeins om tiltakshavar har tileigna seg rettar eller gjort andre investeringar.

3.3 Geografisk plassering av tiltaksområdet og omtale av vassdraget med eksisterande inngrep

Ein skal gi opplysningar om den geografiske plasseringa av tiltaksområdet, både regional og lokal plassering. Dette skal illustrerast på gode kartutsnitt.

Det skal givast ein kort, generell omtale av vassdraget og det omkringliggjande landskapet.

Eksisterande kraftverk eller reguleringsanlegg og andre vesentlege inngrep som veg, kraftleidningar osv. skal også skildrast og illustrerast på kart, slik at det går klart fram kva som finst av inngrep frå før.

3.4 Kort framstilling av tiltaket

Aktuelle alternativ

Meldinga og handsaminga av denne skal danne grunnlaget for tiltakshavaren og styresmaktene sine vurderingar av dei aktuelle alternativa, og for valet av kva alternativ som bør vidareførast i den påfølgjande utgreiings- og planprosessen. § 6 i KU-forskrifta stiller krav om at det i meldinga skal givast ei framstilling av relevante og realistiske alternativ.

For dei utbyggingsløysingane som tiltakshavaren ser på som reelle, skal det gjerast greie for forhold som:

- Teknisk plan: omtale av plassering og utforming av inntak, reguleringar og overføringar, vassveg, kraftstasjon, veg, nettilknytning, massetak/deponi osv. Det må skiljast klart mellom

- mellombelse og permanente anlegg.
- Hydrologi og tilsig, venta verknader. Eventuelle endringar i ferskvasstilføringa til sjøen skal kommenterast.
- Storleiken på investeringa, framtidige utvidingsplanar.

Meldinga skal innehalde kart der alle alternativ er teikna inn, inkludert forslag til vegar, kraftlinjer, deponi osv. Meldinga bør også innehalde illustrasjonar som viser korleis dei aktuelle lokalitetane ser ut før utbygging.

Dersom det i prosessen knytt til meldinga, kjem fram forslag om andre alternativ enn dei som er føreslegne av tiltakshavaren, kan NVE krevje at tiltakshavaren også greier ut desse alternativa i konsekvensutgreiinga.

Vi minner om at lengre kraftleidningar kan vere KU-pliktige i seg sjølv, jf. del I, punkt 8.

Skildring av andre løysingar

Her skal ei gjere kort greie for andre moglege løysingar, som av ulike grunnar er forkasta av utbyggjaren, og som det ikkje er planlagt å greie ut nærmare. Det skal gjerast greie for årsaka til at desse løysingane ikkje blir rekna som aktuelle.

Forholdet til Samla plan

Dersom Samla plan inneheld prosjekt i vassdraget, skal det opplyst om dette og givast ei kort skildring av prosjekta og plasseringa i kategori og gruppe. Meldinga skal gjere greie for ei eventuell utvikling av prosjektet innanfor Samla plan (endra plassering), og det produksjonsmessige maksimale prosjektet i kategori I skal oppgivast.

Dersom det i eit vassdrag er fleire prosjekt i kategori I, kan NVE av omsyn til ressursutnyttinga krevje at det største alternativet blir utgreidd, sjølv om den som set i gong planlegging, vil satse på eit mindre alternativ.

Alle alternativ som skal konsesjonshandsamast, må liggje innanfor ramma av Samla plan, kategori I, eller vere fritekne frå Samla plan-handsaming. Forholdet til Samla plan må avklarast før søknaden med KU kan konsesjonshandsamast, jf. del I, punkt 5.

3.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Meldinga skal gje opplysningar om kva slags areal og kva slags arealbruk det er i tiltaksområdet i dag. I tillegg til dei areala som direkte går med til tiltaket, skal det også gjerast greie for areal som vil kunne krevjast til eventuelle seinare utvidingar, buffersoner, sikkerheitssoner mv.

Det skal gjerast greie for eigedomsforholda langs vassdragsavsnitta og områda som tiltaket vil få følgjer for, inkludert kraftleidningar/kablar.

3.6 Forholdet til offentlege planar

Ein skal gi opplysningar om kva for offentlege planar som gjeld for området. Dette gjeld kommuneplanar, kommunedelplanar, reguleringsplanar, mellombelse reguleringsføresegner, fylkesplanar, fylkesdelplanar, regionale forvaltingsplanar for vassdrag i medhald av vassforvaltingsforskrifta, verneområde mv. Forholdet til verneplanane for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag i regionen bør kommenterast spesielt.

Dersom det på meldingstidspunktet går føre seg planarbeid eller er fastlagt politiske mål som vedkjem det aktuelle området, skal dette komme fram i meldinga.

Meldinga skal gjere greie for kva slags kontakt tiltakshavaren har hatt med offentlege styresmakter om plansituasjonen.

3.7 Nødvendige løyve frå offentlege styresmakter

Dei nødvendige konsesjonane etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova, oreigningslova, industrikonsesjonslova og/eller energilova, skal summerast opp her. Det skal vidare gjerast greie for kva andre løyve som vil vere nødvendige for å kunne gjennomføre tiltaket. Dette kan f.eks. vere løyve etter lover som regulerer særlege interesser (forureiningslova, kulturminnelova mv.).

Eventuell annan offentlig eller privat medverknad som er nødvendig for å gjennomføre tiltaket, skal kommenterast kort. Dette kan f.eks. vere tilknytning til veg, elektrisitet, vatn, avløp mv.

3.8 Framdriftsplan og sakshandsaming

Det skal utarbeidast ein framdriftsplan for utbygginga.

NVE har utforma ein standardtekst som framstillar saksgangen og sakshandsaminga. Vi ber tiltakshavaren om å ta kontakt med NVE ved konsesjonsavdelinga for å få tilsendt denne.

3.9 Forventa problemstillingar i forhold til konsekvensar for miljø og samfunn

Meldinga skal gjere greie for dei verknadene tiltaket har på miljø og samfunn, på grunnlag av eksisterande kunnskap. Framstillinga skal så konkret som mogleg klargjere kva typar konsekvensar tiltaket eventuelt kan føre til. Alle aktuelle alternativ skal skildrast. Dei ulike alternativa og konsekvensane dei vil ha for miljø og samfunn, bør omtalast så breitt at det kan gi grunnlag for ei vurdering frå høyringsinstansane av kva alternativ som bør vidareførast i utgreiings- og planarbeidet. For å gjere det enklare å samanlikne alternativa bør ein også gi ei samla framstilling av forventa utvikling i området dersom tiltaket ikkje blir gjennomført (0-alternativet). Dersom dette er vanskeleg, bør ein gi ei skildring av dagens situasjon (forenkla 0-alternativ).

Aktuelle kjelder for informasjon kan vere den aktuelle kommunen, Fylkesmannen, fylkeskommunen og eventuelt andre relevante fagstyresmakter eller interesseorganisasjonar.

Med tanke på god oversikt og raskare kvalitetssikring er det ein fordel om skildringa av dei forventa verknadene for miljø og samfunn følgjer same disposisjon som forslaget til utgreiingsprogram.

Skildringa av verknader for miljø og samfunn skal synleggjere bakgrunnen/grunngevinga for dei utgreiingane som blir føreslegne i utgreiingsprogrammet. Under kvart enkelt fagtema bør det derfor gjerast greie for følgjande:

- dagens tilstand og kva utgreiingar som ligg føre
- forventa konsekvensar
- tiltakshavaren si vurdering av behovet for nye utgreiingar
- grunngeving dersom eit fagtema ikkje blir rekna som relevant

Dersom tiltakshavaren føreslår nye utgreiingar, skal det:

- Utarbeidast forslag til omfanget av nye utgreiingar, inkludert storleiken på influensområdet, dvs. det området som tiltaket får følgjer for i ein slik grad at det bør inkluderast i utgreiinga. Storleiken på influensområdet kan variere mellom dei ulike fagområda.
- Skildrast korleis ein har planlagt å gjennomføre utgreiinga.
- Gjerast greie for kva for spørsmål utgreiinga skal gi svar på.

Det kan vere praktisk at tiltakshavaren under kvart enkelt fagtema peikar på forhold som kan bøte på konsekvensane av tiltaket og problemstillingar som bør greiast ut nærmare. Sjå elles nedanfor.

3.10 Avbøtande tiltak

Under dette punktet skal det givast ei samla oversikt over moglege avbøtande tiltak:

- som tiltakshavaren planlegg å gjennomføre, og som skal takast omsyn til når konsekvensane av tiltaket blir drøfta
- som vil bli vurderte nærmare undervegs i planlegginga og konsesjonshandsaminga

Med avbøtande tiltak meiner vi her konkrete tiltak som f.eks. minstevassføring og terskelbasseng.

3.11 Forslag til utgreiingsprogram

Tiltakshavaren bør utforme forslag til utgreiingsprogram i samarbeid med dei mest aktuelle styresmaktene, for å sikre størst mogleg semje om utgreiingsbehov og -tema. Tiltakshavaren kan spare mykje tid på å lage eit godt gjennomarbeidd forslag til utgreiingsprogram.

NVE har utarbeidd ein disposisjon til forslaget til utgreiingsprogram, som vi ber tiltakshavaren følgje (sjå nedanfor). Under kvart fagtema har vi føreslege ein standardtekst som vi ønskjer at tiltakshavaren skal ta utgangspunkt i og følgje, så langt det er relevant. Teksten må sjølvsagt tilpassast det enkelte prosjektet i nødvendig grad. Målet er at arbeidet med å fastsetje KU-program skal bli meir standardisert og effektivt, og samtidig gi søkjaren eit betre utgangspunkt for å kunne føreslå eit utgreiingsprogram tilpassa det enkelte tiltaket. Forslaget inneheld naturleg nok ingen tilvisingar til stadnamn på dei områda eller vassdraga det gjeld. NVE føreset at tiltakshavaren supplerer og tilpassar forslaget med meir spesifikk informasjon om aktuelle lokalitetar og planlagde undersøkingar. Kommenterar frå NVE er gitt med kursiv i det rettleiande forslaget.

NVE ønskjer at alle fagtema som er med i disposisjonen vår, skal inkluderast i tiltakshavaren sitt forslag til utgreiingsprogram. Sjølv om enkelte fagtema blir vurderte som ikkje relevante eller svært lite relevante for prosjektet, ber vi om at overskrifta likevel blir teken med. Det kan då oppgivast at temaet anten ikkje blir sett på som relevant, eller at det berre blir gjort ein kort omtale. Grunningivinga for kvifor det eventuelt ikkje blir sett på som relevant, er omtalt tidlegare (jf. punkt 3.9).

I vedlegg III til KU-forskrifta (i del IV i denne rettleiaren, punkt 1) er det oppført rammer for krav til innhaldet i konsekvensutgreiingar som også legg føringar for innhaldet i utgreiingsprogrammet. NVEs tilrådde fagtemaoppsett avvik noko frå inndelinga i fagtema i vedlegg III til forskrifta. NVEs oppsett tek utgangspunkt i dei fagtemaa som vanlegvis er mest relevante for vasskraftprosjekt. NVE meiner at forslaget til oppsett som er gitt i denne rettleiaren, for dei aller fleste vasskraftsaker dekkjer dei krava som er gitte i KU-forskrifta. NVE føreset likevel at tiltakshavaren også set seg inn i KU-forskrifta og innlemmar alle fagtema som blir vurderte som relevante for det enkelte prosjektet.

Standardteksten for KU-program vil bli oppdatert kontinuerleg ved behov. Det er derfor viktig å ta utgangspunkt i versjonen som finst på www.nve.no.

NVE ønskjer at følgjande disposisjon med standardtekst blir lagd til grunn for tiltakshavaren sitt forslag til utgreiingsprogram:

Alternativ

(Her skal det spesifiserast kva slags alternativ som skal greiast ut, jf. punkt 3.4. Nedanfor har vi sett opp nokre eksempel på forhold som det kan vere aktuelt å presisere.)

KU skal innehalde ei utgreiing av alle alternativa som er presenterte i meldinga.

Den produksjonsmessige og økonomiske tydinga av kvart av dei mindre bekkeinntaka skal synleggjerast.

Tekniske/økonomiske og miljømessige konsekvensar av å leggje stasjonen i fjell skal vurderast for (*namn på kraftverk*).

Det må gjerast greie for tiltakshavaren si prioritering av kven av alternativa han ønskjer å byggje ut.

0-alternativet skal vurderast, dvs. korleis ein ventar at utviklinga i området blir dersom tiltaket ikkje blir gjennomført.

Elektriske anlegg og overføringsleidningar

Kapasitetsforholda i overføringsnettet i området skal skildrast kort. Det skal gjerast greie for eventuelle behov for tiltak i eksisterande nett. Omtalen skal sjåast i samanheng med eventuelle andre planar for kraftproduksjon i området. Det skal gjerast greie for i kva grad tiltaket verkar inn på forsyningstryggleiken og den regionale kraftbalansen.

Kraftleidningstrasé for tilknytning til eksisterande nett skal omtalast og visast på kart. Aktuelle løysingar skal vurderast. Det skal opplysast om kontaktpunkt, spenningsnivå, tverrsnitt, mastetypar, rydde- og byggjeforbodsbelte.

Talet på bygningar som blir eksponerte for kraftleidningar med magnetfelt over $0,4 \mu\text{T}$ i årsgjennomsnitt, skal kartleggjast. Det skal gjerast greie for kva typar bygg det er snakk om, og styrken på magnetfeltet. For bygningar som blir eksponerte med over $0,4 \mu\text{T}$ i årsgjennomsnitt, skal ein drøfte moglege tiltak for å redusere magnetfeltet. Det skal visast til oppdatert kunnskapsstatus om kraftleidningar og helse, samt sentral forvaltingsstrategi.

Nødvendige elektriske anlegg, inkludert nettilknytninga frå kraftverket, skal vurderast under dei ulike fagtemaa på linje med dei andre anleggsdelane.

Hydrologi

Dei hydrologiske temaa som blir omtalte nedanfor, skal liggje til grunn for dei andre fagutgreiingane som skal gjennomførast som eit ledd i konsekvensutgreiingsprosessen.

Overflatehydrologi (grunnlagsdata, vassførings- og vasstandsendingar, restvassføringar)

Grunnlagsdata, vassførings- og vasstandsendingar, restvassføringar, flaumforhold m.m. skal greiast ut og presenterast i samsvar med NVEs rettleiar 3/2010 med tittelen "Konsesjonshandsaming av vasskraftsaker", så langt det er relevant, jf. del IV i rettleiaren punkt 3.7.

Vassføringa før og etter utbygging skal framstillast i kurveform for "reelle år" (vått, middels og tørt) på relevante punkt for alle alternativa.

For kvart alternativ skal det visast kor mange dagar i året vassføringa er større enn største slukeevne og mindre enn minste slukeevne (inkludert planlagd minstevassføring) for dei same åra.

Det skal gjerast greie for alminneleg lågvassføring samt 5-persentilverdien for sommar (1.5.–30.9.) og vinter (1.10.–30.4.) på dei aktuelle strekningane som grunnlag for å kunne fastsetje minstevassføring.

Minstevassføring

Vurderingane bak eventuelle forslag til minstevassføring skal gå fram av KU. Dersom det ikkje blir føreslege å sleppe minstevassføring må ein også grunngi dette.

Forslag til minstevassføring skal takast inn i alle relevante hydrologiske berekningar og kurver, og leggjast til grunn for vurderingane av konsekvensar for dei andre fagtemaa. Dette gjeld også berekningane i samband med produksjon og økonomien til prosjektet som inngår i prosjekttalen. Samtidig skal det gå fram av berekningane kva minstevassføringa ville ha gitt dersom vatnet hadde vore nytta til produksjon.

Det skal takast bilete av dei ulike elvestrekningane ved ulike talfesta vassføringer.

Driftsvassføring

Det skal givast ei skildring av dei venta hydrologiske konsekvensane (vassføringsforhold mv.) ut frå det planlagde driftsopplegget (tappestrategi, ev. effektkøyring).

Flaumar

Flaumforholda skal vurderast på grunnlag av berekna og/eller observerte flaumar, og ein skal gi ei vurdering av om skadeflaumar aukar eller minkar i forhold til dagens situasjon.

Skadeflaumvurderingane kan knytast opp mot ein flaum med gjentaksintervall på 10 år (Q10) dersom det reelle nivået for skadeflaum i vassdraget er ukjent. Flaumvurderingane skal også innehalde ei berekning av middelflaumen.

Magasinvolum, magasinkart og fyllingsberekningar

(Dette er berre aktuelt dersom det er planlagt reguleringsmagasin)

For planlagde reguleringsmagasin skal det utarbeidast magasinkart (djupnekart). I tillegg skal det lagast kurver som viser magasinivolum og neddemma og/eller tørrlagt areal ved forskjellige kotehøgder.

Ut frå det driftsopplegget som ligg til grunn for reguleringa(ne), skal det leggjast fram fyllingsberekningar for magasinane. Berekningane skal framstillast i kurveform for det mest gunstige, det mest ugunstige og det gjennomsnittlege fyllingsåret, alternativt 100-, 75-, 50-, 25- og 0-persentilar. Også enkelte spesielle, verkelege år bør visast.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Dagens forhold i dei aktuelle områda skal skildrast.

Moglege endringar som kan oppstå i is- og isleggingsforhold, vasstemperatur og lokalklima, skal vurderast både for anleggs- og driftsfasen.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Grunnvatn

Dagens forhold i dei aktuelle områda skal skildrast kort.

Det skal gjerast kort greie for kva verknader tiltaket kan ha på grunnvatnet i dei aktuelle nedbørfelta i anleggs- og driftsfasen.

Dersom tiltaket kan føre til at grunnvasstanden endrar seg, skal det vurderast om dette kan endre vilkåra for vegetasjon, jord- og skogbruk samt eventuelle uttak av grunnvatn i området det gjeld. Det skal vurderast om det er fare for drenering som følgje av tunneldrift.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Erosjon og sedimenttransport

Dagens erosjons- og sedimentasjonsforhold i dei aktuelle områda skal skildrast.

Ein skal vurdere kva konsekvensar dei ulike alternativa kan få, både for anleggs- og driftsfasen.

Førekost av eventuelle sidebekker med stor sedimentføring skal skildrast og vurderast.

Det skal gjerast ei vurdering av kor sannsynleg det er at sedimenttransport og tilslamming av vassdraget under og etter anleggsperioden vil auke.

Opplysningane som er gitt om geofaglege forhold, spesielt lausmasseførekostar, skal danne ein del av grunnlaget for vurderingane rundt sedimenttransport og erosjon.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Skred

Det skal givast ei framstilling av dagens forhold. Både aktive prosessar og risiko for skred skal vurderast.

Eventuelle konsekvensar som følgje av ei utbygging, skal vurderast for anleggs- og driftsperioden. Det skal særleg leggjast vekt på risikoen for skred i område med framtidig anleggsarbeid, arealinngrep, vegar, bustader eller andre stader med ferdsel.

Det skal givast ei kort vurdering av om anleggsarbeidet kan utløyse skred el.l. som kan lage flaumbølger i (*namn på vatn eller magasin*) med øydeleggjande verknad på natur eller eigedom.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

Utgreiinga skal skildre landskapet i områda som blir påverka av tiltaket, både på overordna og meir detaljert nivå.

Utgreiinga skal inkludere både natur- og kulturhistoriske dimensjonar ved landskapet, og skal elles samordnast med og sjåast i lys av utgreiinga for kulturminne/kulturmiljø.

Dei overordna trekka ved landskapet skal skildrast i tråd med "Nasjonalt referansesystem for landskap" (NIJOS-Rapport 10-05) som ein finn på www.skogoglandskap.no. Skildringa skal ha ein detaljeringsgrad tilsvarande underregionnivå eller meir detaljert.

Utgreiinga skal få fram konsekvensane av tiltaket for landskapet og landskapsopplevinga i anleggs- og driftsfasen. Det skal leggjast vekt på å vurdere konsekvensane for verdifulle og viktige område og innslag i landskapet. Inngrepa med størst landskapsmessig verknad skal visualiserast. Kva for landskapsrom som blir påverka, skal visast på kart.

Konsekvensane av tiltaket når det gjeld utbreiinga av inngrepsfrie naturområde (INON), skal bereknast arealmessig, og resultatet av at slike areal fell bort, skal framstillast i tabellform og illustrerast på kart. Ein skal vurdere konsekvensane av eit slikt bortfall av inngrepsfrie område.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Naturmiljø og naturens mangfold

For alle biologiske registreringar skal ein oppgi dato for feltregistreringar, synfaringsrute og kven som har utført feltarbeidet og artsregistreringar.

Ein skal også gi ei samla vurdering av korleis økosystemet som artane er ein del av, blir påverka.

For kvart deltema skal moglege avbøtande tiltak vurderast i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Geofaglege forhold

Dei fysiske formene (geologi, kvartære former) i influensområdet skal skildrast. Lausmassar i nedbørfeltet skal også skildrast, spesielt lausmassar i tilknytning til elveløpet. Område med aktive prosessar som skred og andre skråningsprosessar, glasiale prosessar, frost og kjemisk forvitring skal omtalast kort. Framstillinga skal byggjast opp med kart, foto eller anna eigna illustrasjonsmateriale.

Konsekvensane av tiltaket for geofaglege forhold skal vurderast for anleggs- og driftsperioden.

Skildringane under geofaglege forhold skal utgjere ein del av grunnlaget for vurderingane rundt skred og sedimenttransport og erosjon.

Naturtypar og ferskvasslokalitetar

Verdifulle naturtypar, inkludert ferskvasslokalitetar, skal kartleggjast og bilettdokumenterast etter metodikken i DN-handbok 13 (Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold) og DN-handbok 15 (Kartlegging av ferskvannslkalitetar).

Naturtypekartlegginga skal samanliknast med ”Truete vegetasjonstyper i Norge” (Fremstad & Moen 2001) (jf. Karplanter, mosar, lav og sopp).

Konsekvensar av tiltaket for naturtypar eller ferskvasslokalitetar skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen.

Karplanter, mosar, lav og sopp

Det skal gjerast ei enkel skildring av dei vanlegaste terrestriske vegetasjonstypene i influensområdet, samt ei kort skildring av artssamansetjinga og dominansforhold. Skildringa skal basere seg på ”Vegetasjonstyper i Norge” (Fremstad 1997).

Eventuelle trua vegetasjonstypar skal identifiserast etter ”Truete vegetasjonstyper i Norge” (Fremstad & Moen 2001) og skildrast meir utfyllande.

(For magasin skal det også setjast opp ei enkel oversikt over artssamansetjinga, dominansforhold, anslag av mengda og fordelinga av vassvegetasjonen.)

Når ein skildrar enkeltartar, skal det fokuserast på område som er identifisert som verdifulle naturtypar / trua vegetasjonstypar, og ein skal leggje vekt på raudlisteartar og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar (www.dirnat.no/truaarter).

Konsekvensane av tiltaket for karplanter, mosar, lav og sopp skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen.

Pattedyr

Det skal gjerast greie for kva slags pattedyr som finst i influensområdet til prosjektet. Framstillinga skal basere seg på eksisterande kunnskap samt intervjuar av grunneigarar og andre lokalkjende. *(Feltundersøking skal gjennomførast dersom den eksisterande kunnskapen er mangelfull.)*

(I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å ta med ei omtale av krypdyr.)

Viktige vilttrekk skal kartfestast. Det skal givast opplysningar om eventuelle raudlisteartar, jaktbare artar og førekomst av viktige økologiske funksjonsområde (yngleplassar, beite- og skjulestader osv.). Artar som er omfatta av DN's handlingsplanar, skal omtalast spesielt.

Opplysningar skal kartfestast i samsvar med Direktoratet for naturforvaltning sine retningslinjer, jf. også direktoratet sine retningslinjer for handsaming av sensitive stadsopplysningar.

Konsekvensane tiltaket får for aktuelle pattedyr, skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen. Moglege endringar i produksjonspotensialet til området skal vurderast.

Fugl

Det skal givast ei framstilling av fuglefaunaen i influensområdet til prosjektet, med vekt på område som tiltaket får direkte følgjer for. Dette skal baserast på eksisterande kunnskap og feltundersøkingar.

Fuglebestandane skal kartleggjast i hekketida. Artsmangfald, bestandtettleik og viktige økologiske funksjonsområde skal skildrast. Det skal leggjast spesiell vekt på eventuelle raudlisteartar (gjeld heile tiltaksområdet), jaktbare artar, vasstilknytte artar og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar.

Opplysningar skal kartfestast etter Direktoratet for naturforvaltning sine retningslinjer, jf. også direktoratet sine retningslinjer for handsaming av sensitive stadsopplysningar. Eventuelle reirlokaltetar av raudlista rovfuglar skal ikkje kartfestast.

(Verdien av området som trekklokalitet skal vurderast og undersøkjast under trekket vår og haust dersom tiltaket får innverknad på viktige trekklokalitetar.)

Konsekvensane av tiltaket for fugl skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen.

Fisk

Undersøkingane skal gi ei oversikt over kva for artar som finst på aktuelle elvestrekningar og i aktuelle innsjøar. Raudlista artar, artar som er omfatta av DN's handlingsplanar (for eksempel ål), anadrome fiskeartar, storaurestammar og artar av verdi for yrkes- og rekreasjonsfiske skal omtalast nærmare.

Det skal givast ei vurdering av gyte-, oppvekst- og vandringsforhold på alle relevante elve- og innsjøareal. Viktige gyte- og oppvekstområde skal avmerkjast på kart.

Fiskebestandane skal kartleggjast med omsyn til artssamansetjing, alderssamansetjing, rekruttering, ernæring, vekstforhold og kvalitet.

Eksisterande undersøkingar kan nyttast dersom dei er gjennomførde med relevant metodikk og er av nyare dato. Lokalkunnskap og resultat frå tidlegare undersøkingar skal inngå i kunnskapsgrunnlaget.

Konsekvensane av utbygginga for fisk i dei relevante elve- og innsjøareala skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen, med vekt på eventuelle raudlista artar, artar som er omfatta av DN's handlingsplanar (for eksempel ål), artar av verdi for yrkes- og rekreasjonsfiske og storaurestammar. Fare for gassovermetting og fiskedød på strekningar nedstraums kraftverka skal vurderast.

(Ved overføringar: Risikoen for uønskt spreing av artar skal greiast ut.)

Aktuelle avbøtande tiltak som skal vurderast, er minstevassføring og eventuelle biotopforbetrande tiltak. På elvestrekningar der viktige gyte- og oppvekstområde for fisk blir påverka, skal ein vurdere effekten av å installere ein omløpsventil i planlagde kraftverk. Dersom inngrepa er venta å skape vandringshinder, skal ein vurdere moglege avbøtande tiltak.

Aktuell metodikk for elektrofiske og garnfiske skal hovudsakleg følgje gjeldande norske standardar, men kan til ein viss grad tilpassast storleiken på prosjektet og omfanget av det. Eventuelle avvik i metodikk i forhold til gjeldande standard skal skildrast og grunnvist.

Utgreiingane for fisk skal sjåast i samanheng med fagtemaet ferskvassbiologi.

Ferskvassbiologi

Det skal givast ei enkel framstilling av botndyrsmiljøet (*og ev. dyreplankton*) i aktuelle elvar og vatn med fokus på mengd, artsfordeling og dominansforhold. Det skal leggast vekt på førekomst av eventuelle raudlista artar, dyregrupper/artar som er viktige næringsdyr for fisk, og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar.

Det skal undersøkjast om elvemusling finst i nokre av dei vassdragsavsnitta som inngår i prosjektområdet. (*Dersom det er kjent at elvemusling er til stades, skal førekomsten av elvemusling ha spesielt fokus.*)

(I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å innlemme ei omtale av amfibiar og edelkreps.)

(Ved overføringar: Risikoen for uønskt spreiding av artar skal greiast ut.)

Konsekvensane av tiltaket for botndyr (*og ev. dyreplankton*) skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen. Det skal gjerast eit anslag på kor stort produksjonsareal som ventast å gå tapt, kor mykje som eventuelt blir verande intakt, eller blir påverka i mindre grad. (*Eventuelt om nye produksjonsareal kjem til.*)

Metodikken som blir brukt til å samle inn botndyr (*og ev. dyreplankton*), skal hovudsakleg følgje gjeldande norske standardar, men kan til ein viss grad tilpassast storleiken på prosjektet og omfanget av det.

Utgreiingane for ferskvassbiologi skal sjåast i samanheng med fagtemaet fisk.

Marine forhold

(Dette punktet er aktuelt dersom det er planlagt kraftverk der ein ventar at det vil oppstå vesentlege endringar i ferskvasstilføringa til fjorden.)

Dagens forhold skal skildrast når det gjeld tilføring av ferskvatn til fjorden og kva dette har å seie for isleggingsforhold m.m. Det skal gjerast greie for korleis ferskvasstilføringa til fjorden vil bli endra som følgje av tiltaket. Konsekvensar for isleggingsforhold, lokalklima, strøymingsforhold og vasskvalitet skal vurderast.

Verdifulle naturtypar skal kartleggast etter metodikken i DN-handbok 19 (Kartlegging av marint biologisk mangfold). I registrerte område med verdifulle naturtypar skal det fokuserast på om det finst raudlisteartar i den aktuelle naturtypen. Ein skal også leggje vekt på å identifisere område av særleg verdi for artar som er viktige for fiskerinæringa.

Det skal gjerast ei skildring av fiske, fiskeoppdrett og eventuell anna næringsverksemd som blir driven i området med basis i marine ressursar.

Konsekvensane av tiltaket for marin biologi og utnyttinga av marine ressursar skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen.

(Dersom det er planlagt massedeponi i sjø, skal det gjerast greie for moglege konsekvensar av dette.)

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Kulturminne og kulturmiljø

Utgreiinga skal skildre kulturminne og kulturmiljø i tiltaks- og influensområdet. Det skal gjerast greie for status for kulturminna og -miljøa når det gjeld kulturminnelova, plan- og bygningslova og eventuelt pågåande planarbeid.

Alle område der det kan bli sett i verk fysiske tiltak som graving, bygging eller sprenging, eller der vassføringa kan bli redusert, skal synfarast og vurderast i forhold til automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne. Eksisterande og eventuelle nye funn skal skildrast og markerast på kart. Potensialet for funn av ukjende, automatisk freda kulturminne skal vurderast.

Granskingsplikta etter kulturminnelova § 9 skal avklarast med kulturminnestyresmakta.

(Dersom tiltaket fører til endringar i eit eksisterande kraftverk som er utpeikt som KINK-objekt, må dette gjerast greie for. Sjå del V i rettleiaren, punkt 8.)

Verdien av og konsekvensane for kulturminna og kulturmiljøa i området skal vurderast for anleggs- og driftsfasen.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Utgreiinga skal samordnast med utgreiingane under Landskap og Friluftsliv.

Forureining

Vasskvalitet/utslepp til vatn og grunn

Det skal givast ei framstilling av dagens miljøtilstand for dei aktuelle vassførekomstane. Eksisterande kjelder til forureining skal omtalast. Dersom det eksisterer vedtekne miljømål for vassførekomstane, f.eks. i forvaltingsplanar etter EUs vassdirektiv, skal dette gjerast greie for. Det skal givast opplysningar om eventuelle overvakingsundersøkingar i nærområda.

Det skal gjerast greie for utslepp til vatn og grunn som tiltaket kan føre til. Det skal vidare gjerast greie for konsekvensar av tiltaket for alle dei relevante vassførekomstane, i anleggs- og driftsfasen. Konsekvensane av endra vassføringsforhold i aktuelle vassdrag skal vurderast, med vekt på resipientkapasitet, vasskvalitet og moglege endringar i belastning.

Eventuelle konsekvensar for verdien av vassdraga som drikkevasskjelde/vassforsyning, og for jordvatning skal vurderast.

Potensiell avrenning frå planlagde massedeponi i eller nær vatn/vassdrag skal spesielt vurderast i forhold til moglege effektar på fisk og ferskvassorganisamar.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket. Dette omfattar eventuelle reinseanlegg, utsleppsreducerande tiltak eller planlagde program for utsleppskontroll og overvaking.

Utgreiinga skal baserast på prøvetaking, analyse og datahandsaming etter godkjende metodar og eksisterande informasjon.

Anna forureining

Eksisterande støyforhold og omgivnadene si evne til å absorbere støy skal skildrast. Dagens luftkvalitet skal omtalast kort.

Konsekvensane av tiltaket med tanke på støy, støvplager, ristingar og eventuelt andre aktuelle forhold skal greiast ut for anleggs- og driftsperioden, spesielt der dette vil skje nær busetnader.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Samisk natur- og kulturgrunnlag

(Dette temaet er aktuelt i tradisjonelle samiske bruksområde, som inkluderer fylka Finnmark, Troms, Nordland og Nord-Trøndelag samt enkelte kommunar i Sør-Trøndelag, Hedmark og Møre og Romsdal.)

Samiske kulturminne og kulturmiljø

Det skal gjerast greie for samiske kulturminne og kulturmiljø etter dei same føringane som for andre kulturminne og kulturmiljø, slik det er skildra ovanfor.

Sametinget er styresmakt for samiske kulturminne, mens Fylkeskommunen har ansvaret for andre kulturminne. Begge styresmakter må kontaktast i forhold til å avklare tiltaket etter kulturminnelova.

Reindrift

Dagens bruk av området i samband med reindrift skal skildrast. Det skal gjerast greie for kva funksjon og verdi området har for reindriften i forhold til heile reinbeitedistriktet. Område av særleg høg verdi og minimumsbeite skal skildrast og kartfestast.

Konsekvensane av tiltaket for reindriften skal vurderast for anleggs- og driftsfasen.

Det skal gjerast ei vurdering av dei samla effektane av ulike planar og tiltak innanfor reinbeitedistriktet.

Det skal hentast inn informasjon frå Reindriftsforvaltningen, reinbeitedistriktet og utøvarane. Utreiinga bør gjennomførast på grunnlag av reindriftsforvaltninga sine rettleiar om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova, som finst på reindriftsforvaltninga sine nettsider: www.reindrift.no.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Naturressursar

Konsekvensane av tiltaket i anleggs- og driftsfasen skal vurderast for alle deltema.

For kvart deltema skal også moglege avbøtande tiltak vurderast i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Jord- og skogressursar

Jord- og skogressursane i området samt dagens bruk og utnytting av areala skal skildrast. Informasjon skal hentast inn mellom anna frå dei aktuelle grunneigarane og rettshavarar. Det kan også vere aktuelt å basere arbeidet på Landbruksdepartementets rettleiar ”Konsekvensutredningar og landbruk”.

Konsekvensane av tiltaket for jordbruk, skogbruk og utmarksbeite skal vurderast. Storleiken av areal som går tapt eller blir omdisponert, skal givast opp, med vekt på eventuelt tap av dyrka mark.

Ein skal vurdere om redusert vassføring i elvane kan oppheve eller redusere vassdraga sin funksjon som naturleg gjerde i forhold til beitande sauer og storfe.

Det skal vurderast kva eventuelle endringar i grunnvasstanden vil ha å seie i forhold til jord- og skogbruksressursane i området, jf. fagtema om grunnvatn.

Ferskvassressursar

Temaet skal omtalast kort, med vekt på drikkevassforsyning og eventuelt behov til næringsverksemd (gardsdrift, industri, fiskeoppdrett).

Mineral og masseførekomst

Eventuelle mineral- og masseførekomst i området, medrekna sand, grus og puk, skal kort skildrast. Førekomstane si lokalisering og omfanget av dei skal gå fram av skildringa.

Samfunn

Næringsliv og sysselsetjing

Dagens situasjon når det gjeld næringsliv og sysselsetjing i området skal omtalast kort.

Det skal vurderast kva for effekt tiltaket har på næringsliv og sysselsetjing i området. Det skal gjerast ei mest mogleg konkret vurdering av behovet for vare-/tenesteleveransar og arbeidskraft (tal på årsverk) i anleggs- og driftsfasen.

Utvikling i folkesetnad og bustadbygging

Dagens situasjon med omsyn til folkesetnad skal skildrast kort.

Moglege effektar på utviklinga i folkesetnaden og bustadbygginga som følgje av tiltaket skal vurderast.

Tenestetilbod og kommunal økonomi

Dagens tenestetilbod og kommuneøkonomien skal skildrast kort.

Det skal gjerast ein kort og mest mogleg konkret omtale av kva konsekvensar tiltaket kan få for den kommunale økonomien.

Det skal også vurderast om tiltaket vil føre til krav til privat og kommunal tenesteyting, og eventuelt til ny kommunal infrastruktur.

Sosiale forhold

Det skal gjerast ein kort omtale av moglege konsekvensar for sosiale forhold.

Helsemessige forhold

Støy, støvplager, trafikkmessige ulemper og moglege auka risiko for ulukker knytte til anleggs- og driftsfasen, skal vurderast. *(For kraftverk planlagt i dagen, skal konsekvensen av støy for bebuarar i området vurderast spesielt.)* Temaet må sjåast i samanheng med fagtemaa forureining og sosiale forhold.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Friluftsliv, jakt og fiske

Det skal gjerast kort greie for naturkvalitetar, kulturkvalitetar, landskapskvalitetar, visuelle kvalitetar og anna som kan tenkjast å ha verdi for naturopplevinga i området, jf. kapitla om landskap, naturmiljø og kulturmiljø.

Kvalitetane til området med omsyn til friluftsliv skal vurderast ut frå mellom anna tilgjengelegheit, kva aktivitetar som kan utøvast, lokalisering m.m.

Det skal gjerast greie for dagens bruk av området. Dette inkluderer ei skildring av kven som bruker det, kva aktivitetar som går føre seg, om området gir tilkomst til andre område som er viktige for friluftsliv, og om området er ein del av eit større friluftsområde.

Det skal skildrast i kva grad viltførekostane i området blir utnytta.

Det skal skildrast i kva grad fiskeressursane blir utnytta, og korleis fisket er organisert. Det skal givast opplysingar om viktige fiskeplassar samt eventuelle biotopjusterande og kultiverande tiltak av eit visst omfang.

Det skal gjerast greie for om tiltaks- og influensområdet er verna eller sikra som friluftsområde etter særlover, eller regulert etter plan- og bygningslova (dvs. friluftsområde med planstatus).

Utgreiinga skal så langt det er relevant, følgje DN-handbok 18 (Friluftsliv i konsekvensutredningar etter plan- og bygningsloven) og DN-handbok 25 (Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder). Utgreiinga skal baserast på eksisterande opplysingar og samtaler med offentlege styresmakter, organisasjonar, grunneigarar og lokale det vedkjem.

Moglege konsekvensar av tiltaket for friluftsliv skal vurderast for anleggs- og driftsfasen. Dette må sjåast i samanheng med konsekvensar for landskap, natur- og kulturmiljø. Det skal mellom anna vurderast i kva grad tiltaket vil føre til endra bruk av området, og kva brukargrupper tiltaket får følgjer for. Det skal gjerast ei kort vurdering av om planlagde anleggsvegar kan verke inn på tilkomsten og bruken av området.

Utgreiinga skal innehalde ei kort skildring av eventuelle alternative friluftsområde.

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Reiseliv

Natur- og kulturattraksjonar i utbyggingsområdet skal omtalast og kartfestast. Turistanlegg, turishytter og løypenett, hytteområde, sportsanlegg, tilrettelagde rasteplassar langs vegar m.m. skal kartfestast.

Det skal givast ei skildring av innhaldet og omfanget av reiseliv og turisme i området. Relevante opplysingar kan hentast inn frå NHO Reiseliv, Innovasjon Noreg, fylkeskommunen og lokale og regionale reiselivsaktørar.

Det skal vurderast kva verdi utbyggingsområdet har for reiselivet i forhold til desse punkta:

- dagens bruk
- eksisterande planar for vidare satsing
- er området eigna for / har området potensial for å vidareutvikle reiselivsaktivitetar

Kva konsekvensar tiltaket vil ha for reiselivet, skal greiast ut for anleggs- og driftsfasen, ut frå korleis utbygginga vil kunne verke inn på verdien av reiselivsattraksjonane.

(I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å hente inn erfaringar frå andre område i Noreg.)

Moglege avbøtande tiltak i forhold til dei negative konsekvensane som kan komme, skal vurderast, medrekna eventuelle justeringar av tiltaket.

Sumverknader

Det skal givast ei oversikt over eksisterande og planlagde inngrep innanfor eit geografisk avgrensa område som går ut over influensområdet. Moglege sumverknader av tiltaket som blir sett på som konfliktfylte, skal vurderast.

Andre forhold

Av og til kjem det fram tema som ikkje høyrer naturleg heime under nokon av dei oppsette punkta, eller det kan vere spesielle ting som bør framhevast. Dette kan omtalast her. Eit eksempel som ofte går att, er plassering og bruk av overskotsmassar.

Massedeponi

Planlagde område for deponering av masse skal visualiserast og merkast av på kart. Aktuelle alternative plasseringar av tunnelmassane og alternativ bruk skal omtalast.

Det skal gjerast greie for korleis eventuell mellomlagring av massar skal skje.

Forslag til oppfølgjande undersøkingar

Det skal gjerast ei vurdering av behovet for, og eventuelt forslag til, nærmare undersøkingar før planen eller tiltaket blir gjennomført, og undersøkingar med sikte på å overvake og klargjere dei faktiske verknadene av tiltaket. Det er tilstrekkeleg å peike på eventuelle område der det kan vere aktuelt med oppfølgjande undersøkingar.

Opplagg for informasjon og medverknad

Ein skal ha tett kontakt med aktuelle instansar og organisasjonar. Dette gjeld særleg Fylkesmannens miljøvernavdeling, fylkeskommunen, kommunen og lokale instansar/ressurspersonar med interesser i, eller kunnskap om fagfelt/næring.

Det skal leggjast opp til ein medverknadsprosess som inneber samtaler og arbeids-/informasjonsmøte i nødvendig grad med dei aktuelle partane i tillegg til dei offentlege høyringane og informasjonsmøta.

Informasjon om prosjektet skal leggjast ut på søkjaren sine nettsider.

4. Disposisjon for informasjonsbrosjyre

Informasjonsbrosjyren skal gi ei kort og mest mogleg objektiv oppsummering av innhaldet i meldinga, og informere om den vidare saksgangen. Han må presentere prosjektet på eit oversiktleg kart og vere skriven i eit lettfatteleg språk. Brosjyren vil følgje meldinga som vedlegg, og skal distribuerast til innbyggjarane i det aktuelle området. Brosjyren skal ikkje utformast som ein reklame for tiltaket. Desse punkta må vere med:

1. Ein kort presentasjon av tiltakshavaren.
2. Ei kort skildring av eksisterande forhold i vassdraget.
3. Ein presentasjon av tiltaket med alternativ, inkludert ein tabell som viser produksjon og kostnader for dei ulike alternativa. Tiltaket med alternativ skal presenterast på kart.
4. Forholdet til Samla plan, Verneplan for vassdrag og andre verneplanar.
5. Ei kort skildring av venta verknader.
6. Hovudpunkt i forslag til utgreiingsprogram.
7. Skildring av vidare saksgang (standardtekst).
8. Oversikt over kontaktpersonar hos tiltakshavaren (tekniske planar og konsekvensutgreiing), og hos NVE (sakshandsaming).

For opprusting- og utvidingsprosjekt bør det presenterast ein kort historikk over eksisterande utbygging med ei grunngeving for behovet for ny utbygging.

NVE har utforma ein standardtekst som skildrar saksgangen og sakshandsaminga. Vi ber tiltakshavaren om å ta kontakt med NVE ved konsesjonsavdelinga for å få tilsendt denne. NVE skal godkjenne brosjyren før han blir trykt og distribuert. Av omsyn til vidare sakshandsaming og seinare bruk ber vi om at brosjyren blir datert.



Raudalsdammen med Framrústi. Foto: Per Christian Bøe

DEL IV

Utarbeiding av søknad med konsekvensutgreiing (KU)

1	Føringar i plan- og bygningslova og ”forskrift om konsekvensutredninger”	45
2	Generelt om å utarbeide konsekvensutgreiing	46
3	NVEs krav til søknad med konsekvensutgreiing – disposisjon	47
3.1	Søknadsbrev	47
3.2	Samandrag	47
3.3	Presentasjon av tiltakshavaren	48
3.4	Grunngiving for tiltaket	48
3.5	Geografisk plassering av tiltaksområdet og omtale av vassdraget med eksisterande inngrep	48
3.6	Teknisk plan	48
3.7	Hydrologi	50
3.8	Manøvreringsreglement	53
3.9	Arealbruk og eigedomsforhold	53
3.10	Kostnadsoverslag	54
3.11	Produksjonsberekningar	54
3.12	Andre samfunnsmessige fordelar	54
3.13	Forholdet til offentlege planar	54
3.14	Nødvendige løyve frå offentlige styresmakter	54
3.15	Framdriftsplan og sakshandsaming	54
3.16	Omtale av konsekvensar for miljø og samfunn i dei områda som tiltaket får følgjer for	55
3.17	Samla vurdering av moglege avbøtande tiltak	55
3.18	Ei samanstilling av konsekvensane og ei samanlikning og vurdering av alternativa	55
3.19	Tiltakshavaren si tilråding om val av alternativ	56
3.20	Forslag til program for nærmare undersøkingar og overvaking	56
4	Disposisjon for informasjonsbrosjyren	57

1. Føringer i plan- og bygningslova og ”forskrift om konsekvensutredninger”

Konsekvensutgreiing (KU) er ei generell nemning som blir brukt både om den prosessen som følgjer av føresegnene om konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova, og det utgreiingsarbeidet som fører fram til ei konsekvensutgreiing. Her blir omgrepet KU også brukt om sjølve konsekvensutgreiingsdokumentet som følgjer av § 9 i ”forskrift om konsekvensutredninger”.

Føremålet med konsekvensutgreiingar står i plan- og bygningslova § 14-1:

"Formålet med bestemmelsene er å sikre at hensynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under forberedelsen av tiltaket eller planen, og når det tas stilling til om, og eventuelt på hvilke vilkår, tiltaket eller planen kan gjennomføres."

Dei meir detaljerte føresegnene om konsekvensutgreiing følgjer av § 14-6 i lova:

"Kongen kan i forskrift gi bestemmelser om planer og tiltak som omfattes av dette kapitlet samt utfyllende bestemmelser om konsekvensutredninger."

Hovudprinsippet for konsekvensutgreiingane er å gi ei skildring av interesser som tiltaket får følgjer for, ut frå dagens forhold og ei vurdering av kva konsekvensar dei planlagde inngrepa vil få for desse interessene. Ei konsekvensutgreiing skal vere avgjerdsrelevant. Derfor er det ein gjennomgåande føresetnad at alle vesentlege forhold og endringar blir skildra.

I ”forskrift om konsekvensutredninger” heiter det i § 9 at planforslag eller søknad med konsekvensutgreiing skal utarbeidast på bakgrunn av fastsette program for plan- eller utgreiingsarbeidet, og i lys av relevante krav til dokumentasjon gitt i vedlegg III.

I vedlegg III til KU-forskrifta står dei overordna rammene for kva forhold som skal vere med i KU. NVEs tilrådde fagtemaoppsett i del III og V i denne rettleiaren avvik noko frå inndelinga i fagtema i vedlegg III til forskrifta. NVEs oppsett er tilpassa dei fagtemaa som vanlegvis er mest relevante i vasskraftsaker. NVE meiner at forslaget til oppsett som er gitt i denne rettleiaren, for dei aller fleste vasskraftsaker dekkjer dei krava som er gitt i KU-forskrifta. NVE føreset likevel at tiltakshavaren også set seg inn i KU-forskrifta og innleamar alle fagtemaa som er rekna som relevante for det enkelte prosjektet.

2. Generelt om å utarbeide konsekvensutgreiing

Arbeidet med konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i det utgreiingsprogrammet som NVE har fastsett, og dei overordna rammene i vedlegg III til KU-forskrifta.

I § 9 i forskrifta blir det stilt krav til framstillingsform for KU. Ho skal framstå som eit samla dokument og innehalde nødvendige illustrasjonar og kartmateriale.

Målet er at KU skal gi eit så heilskapleg og balansert bilete som mogleg av det planlagde tiltaket. Rapporten skal vere skriven slik at alle med interesse for tiltaket skal kunne forstå innhaldet og danne seg eit godt bilete av dei ulike sidene av tiltaket.

Skildringa av verknadene i KU skal byggje på faglege vurderingar. I konsekvensutgreiinga blir hovudkonklusjonane refererte frå fagrapportane. Dersom tiltakshavaren har andre vurderingar av verknader, avbøtande tiltak osv., skal det komme tydeleg fram kva som er vurderingar frå fagutgreiingane, og kva som er tiltakshavaren sine eigne kommentarar. Dette kan f.eks. gjerast ved at ein etter framstillinga av fagvurderingane tek inn eit eige avsnitt om tiltakshavaren sine kommentarar/vurderingar.

KU skal vere oversiktleg i den forstanden at det skal vere enkelt for lesarane å finne fram og få oversikt over innhaldet.

Språket skal vere lett forståeleg, og ein bør om mogleg unngå spesielle faguttrykk og framstillingsmåtar. Dersom det likevel må nyttast omgrep som lesaren kan få problem med å forstå, bør dei forklarast anten i teksten eller i vedlegg til rapporten.

Figurar og tabellar er viktige pedagogiske hjelpemiddel. Det skal vere lett å forstå kva dei viser, og kva som er kjeldene deira. Det bør visast tydeleg til dei i teksten. Stadnamn som blir brukte i teksten, skal visast på kart.

KU bør normalt ikkje overstige 100 sider med tekst. Eventuelle delutgreingar, fagrapportar og anna materiale av direkte tyding for resultat og konklusjonar, skal listast opp i KU og vere lett tilgjengeleg hos tiltakshavaren. Alle rapportar bør trykkjast opp med 2-sidig kopiering.

NVE tilrår at det blir utarbeidd ein informasjonsbrosjyre som presenterer søknaden og KU samt saksgangen. Brosjyren skal sendast til høyringspartane og distribuerast til aktuelle grunneigarar og husstandar i området som tiltaket får følgjer for. Forslag til redigering av brosjyren er gitt i punkt 4.

Tiltakshavaren sender konsekvensutgreiinga til den ansvarlege styresmakta. For alle saker om vassdragsregulering og kraftutbygging er NVE ansvarleg styresmakt.

Så langt som mogleg skal søknad med konsekvensutgreiing og eventuelle fagrapportar gjerast tilgjengeleg på nettsidene til søkjaren. I samband med høyringa vil dei også bli lagde ut på NVEs nettsider.

3. NVEs krav til søknad med konsekvensutgreiing – disposisjon

Nedanfor blir det gjort nærmare greie for krava til innhaldet i dei enkelte punkta i søknaden med KU. Disposisjon og krav til innhald byggjer på føresegner i plan- og bygningslova og NVEs tidlegare Veileder 1-1998. Krava må innfriast for alle tiltak som er omfatta av forskrifta, men omfanget av skildringa på det enkelte punktet vil kunne variere med storleiken på tiltaket og dei venta verknadene for miljø og samfunn.

NVEs krav til innhald og forslag til oppbygging er tilpassa vasskraftprosjekt og er derfor langt meir konkret og detaljert enn KU-forskrifta. Det er ein fordel om søknaden med KU følgjer disposisjonen vår. Dette gjer kvalitetssikringa enklare og raskare. Vi understrekar likevel at forslaget til oppsett er rettleiande, og kan i den grad det er nødvendig tilpassast det enkelte tiltaket.

3.1 Søknadsbrev

Det formelle søknadsbrevet skal vere kort, ein til tre sider, og skildre kva det blir søkt om, med lovtilvisingar. Søknadsbrevet skal bindast inn som dei første sidene i KU, slik at søknaden og KU blir eit samla dokument.

3.2 Samandrag

Samandraget skal plasserast etter søknadsbrevet. Samandraget er viktig, fordi mange berre vil komme til å lese dette. Det skal gi lesarane ei oversikt over tiltaket, dei viktigaste verknadene og forslaga til avbøtande tiltak. Samandraget bør også innehalde ei samanlikning av dei ulike alternativa.

3.3 Presentasjon av tiltakshavaren

Ein skal gi ein kort presentasjon av tiltakshavaren. Dvs. namnet på selskapet, lokaliseringa, eigarane, selskapsstrukturen og forretningsområdet til selskapet, eventuelle andre kraftverk selskapet eig, eller kraftproduksjon som selskapet forvaltar, osv.

3.4 Grunngeving for tiltaket

Det skal skildrast kort kvifor ein ønskjer å gjennomføre tiltaket. Eksempelvis kan tiltakshavaren her, ut frå bedriftsøkonomiske prinsipp, gjere greie for verksemda si som kraftprodusent i energimarknaden og synet sitt på utviklinga i elektrisitetsbruken. Verknaden av tiltaket for allereie etablerte anlegg i området, kan vere av interesse, samt om tiltakshavaren har sikra seg rettar eller gjort andre investeringar. Forholdet til lokal og nasjonal kraftoppdekking skal også skildrast her.

3.5 Geografisk plassering av tiltaksområdet og omtale av vassdraget med eksisterande inngrep

Ein skal gi opplysningar om den geografiske plasseringa til tiltaksområdet, både regional og lokal plassering. Dette bør illustrerast på gode kartutsnitt.

Det skal givast ein kort, generell omtale av vassdraget og omkringliggjande landskap.

Eksisterande kraftverk eller reguleringsanlegg og andre vesentlege inngrep som veg, kraftleidningar osv. skal også omtalast og illustrerast på kart, slik at det går klart fram kva som finst av inngrep frå før.

3.6 Teknisk plan

Den tekniske planen skal framstillast med nødvendige oversiktskart, teikningar og berekningar. Så langt det er praktisk mogleg, skal alle inngrep som kraftstasjon, dammar, tunneltrasear, kanalar, bekkeinntak, anleggsveggar, tippar, massetak, tverrslag, riggområde, mellombelse og permanente kraftleidningar osv. teiknast inn på oversiktskart saman med dei stadnamna som er aktuelle i søknaden, KU og dei tilhøyrande fagrapportane.

Dersom det finst realistiske alternative tilkomstmoglegheiter til dei enkelte arbeidsstadene, skal desse omtalast. Nødvendig transport i anleggs- og driftsfasen skal skildrast.



Røyrgate Byrkjelo kraftverk. Foto: Jens Aabel

Det må komme klart fram kva for anlegg som vil bli permanente, og kva for anlegg som ev. vil vere mellombelse, knytte til anleggsfasen.

Det skal i tillegg givast opp om, og korleis, tiltaket eventuelt er endra i forhold til den skildringa som er gitt i meldinga.

Skildringa skal i nødvendig grad inkludere ein omtale av arkitektoniske og estetiske utformingar,

uttrykk og kvalitetar samt typen og mengda materiale som ein har planlagt å bruke.

Resultata av nødvendige grunnundersøkingar av damstader, tunneltrasear og andre større anleggsstader skal leggast fram.

Alle alternativa som er fastsette i KU-programmet, skal skildrast, men det må gå klart fram kva for alternativ som er 1. prioritet frå utbyggjaren si side. Ein skal grunngi valet av hovudalternativ. Dersom nokre alternativ etter nærmare utgreiing blir rekna som uaktuelle, skal også dette grunngivast.

Dersom det har komme fram andre aktuelle alternativ under arbeidet med konsekvensutgreiinga, må tiltakshavaren også skildre desse i KU. Dette gjeld spesielt dersom det kjem fram alternativ som ein ønskjer å få nedfelt i planen eller søknaden. Nye alternativ som får følgjer for nye geografiske område vil i ein del tilfelle måtte handsamast gjennom ei tilleggs melding.

Installasjon



Løpehjul Skjåk I kraftverk. Foto: Per Christian Bøe

Det skal opplysast om installasjonen (aggregatstorleik og turbin type) i kraftstasjonar og eventuelle pumpekraftstasjonar. Det skal gjerast greie for den maksimale, minimale og optimale driftsvassføringa til installasjonen (jf. også punkt 3.7 Hydrologi).

Dersom det ved utbygginga blir sett i verk tiltak med sikte på å auke installasjonen seinare, skal det opplysast om dette i søknaden. Valet av installasjon skal grunngivast.

Driftsopplegg

For at konsesjonsstyresmaktene skal få eit godt nok vurderingsgrunnlag, bør det gjerast greie for den planlagde drifta av anlegga så detaljert som mogleg. Ein skal også skildre kva for tappestrategi ein legg til grunn for søknaden, samt eventuell korttidsregulering, effektkøyring m.v. Med korttidsregulering eller effektkøyring meiner NVE at kraftverket i korte periodar blir køyrt opp mot maksimal effekt, for deretter å bli stoppa eller køyrt ned mot minimal driftsvassføring. Ein annan variant av dette er dersom eit elvekraftverk i periodar med lågt tilsig (lågare enn den minimale driftsvassføringa) utnyttar vatnet i inntaksmagasinet til å køyre i delar av døgnet, for så å stoppe mens inntaksmagasinet blir fylt opp att.

Elektriske anlegg og overføringsleidningar

Det skal givast ei kort skildring av kapasitetsforholda i overføringsnettet i området. Det skal gjerast greie for eventuelle behov for tiltak i det eksisterande nettet. Denne utgreiinga må sjåast i samheng med eventuelle andre planar for kraftproduksjon i området. Vi minner om at lengre kraftleidningar kan vere KU-pliktige i seg sjølv, jf. del I, punkt 8. I slike tilfelle skal likevel planane for ny overføringsleidning omtalast kort i konsekvensutgreiinga for vasskraftverket.

Det skal gjerast greie for i kva grad tiltaket verkar inn på forsyningstryggleiken og den regionale kraftbalansen.

Kraftleidningstraseen for tilknytning til det eksisterande nettet skal skildrast og visast på kart. Aktuelle løysingar skal vurderast. Det skal givast opplysningar om kontaktpunkt, spenningsnivå, tverrsnitt, mastetypar og rydde- og byggjeforbodsbelt.

Det skal opplysast om kor mange bygningar som blir eksponerte for kraftleidningar med magnetfelt på over $0,4 \mu\text{T}$ i årsgjennomsnitt. Det skal gjerast greie for kva typar bygg det er snakk om, og styrken på magnetfeltet. For bygningar som blir eksponerte med over $0,4 \mu\text{T}$ i årsgjennomsnitt, skal moglege tiltak for å redusere magnetfeltet drøftast. Det skal visast til oppdatert kunnskapsstatus om kraftleidningar og helse, samt sentral forvaltingsstrategi.

Konsekvensane av nødvendige elektriske anlegg for miljø og samfunn, inkludert nettilknyttinga frå kraftverket, skal vurderast under dei ulike fagtemaa på linje med dei andre anleggsdelane, jf. del V.

Forholdet til Samla plan

Dersom Samla plan inneheld prosjekt i vassdraget, skal det opplysast om dette og givast ei kort skildring av prosjekta og plasseringa deira i kategori og gruppe. KU skal gjere greie for ei eventuell utvikling av prosjektet innanfor Samla plan (endra plassering), og det produksjonsmessig maksimale prosjektet i kategori I skal givast opp.

Dersom det i eit vassdrag er fleire prosjekt i kategori I, kan NVE av omsyn til ressursutnyttinga krevje at det største alternativet blir omsøkt, sjølv om den som set i gong planlegging vil satse på eit mindre alternativ.

Alle alternativ som skal konsesjonshandsamast, må liggje innanfor ramma av Samla plan, kategori I, eller vere fritekne frå Samla plan-handsaming. Forholdet til Samla plan må avklarast før søknaden med KU kan konsesjonshandsamast. Eventuelle endringar i planane frå meldingstidspunktet skal kommenterast. Søkjaren er sjølv ansvarleg for å avklare om endringane er så store at dei må avklarast på nytt i forhold til Samla plan.



Utløp Atnasjø. Foto: Per Christian Bøe

3.7 Hydrologi

Hydrologien i det planlagde utbyggingsområdet er ein vesentleg del av grunnlaget for planen, og er eitt av dei fagområda som får størst endringar som følgje av tiltaket. Dei hydrologiske endringane er

vidare grunnlaget for å vurdere konsekvensane for dei andre fagområda som blir påverka av tiltaket. Det hydrologiske grunnlaget og endringane i hydrologien bør derfor presenterast saman med den tekniske planen tidleg i KU. Det er viktig at utgreiingsarbeidet er koordinert slik at dei tekniske og hydrologiske føresetnadene er på plass før andre fagutgreingar. Det vil ofte vere hensiktsmessig å utarbeide ein eigen fagrappport om hydrologi som er tilgjengeleg for dei andre utgreingane.

Grunnlagsdata

Planen skal innehalde opplysingar om hydrologiske data og berekningar. Gjennomsnittleg avløp og fordeling over året frå dei enkelte delfelta, restfelt og tilsig til magasin og overføringar skal givast opp i m³/s og mill. m³/år. Dei enkelte delfelta og restfelta skal teiknast opp på kart i passande målestokk og givast opp i km². Hydrologiske data skal helst baserast på årsserien 1961–1990, gjerne også med åra fram til i dag. Dersom det ikkje er mogleg å skaffe data for denne perioden, ber vi om at valet av periode blir grunnleggjande. Isohydatkart som er brukt som grunnlag for berekningane, skal givast opp. Så langt det er mogleg bør det brukast hydrologiske data med tidsoppløysing på eitt døgn. Alternativt kan gjennomsnittsverdiane frå fem eller sju døgn nyttast.

Det skal lagast ei oversikt over eksisterande målestasjonar med plassering, varigheit og kvalitet. Dersom det ikkje finst målestasjonar i feltet, bør dette etablerast så tidleg som mogleg under planlegginga av tiltaket.

I tilfelle der det er særlege interesser til stades, f.eks. viktige fiskeinteresser, jordbruksinteresser o.l., skal ein så tidleg som mogleg sikre at viktige område blir inkluderte i måleopplegget, og med tilstrekkeleg oppløysingsevne i tids- og måleparametrane.

Vassførings- og vasstandsendingar, restvassføringar

Ut frå det driftsopplegget som ligg til grunn for magasin og/eller kraftverk, skal det på representative eller viktige stader i vassdraget leggjast fram data for:

- Vasstands- og vassføringsvariasjonar før og etter utbygging, uttrykt i kotehøgder og i m³/s.
- Ekstremverdiar for vasstand og vassføring og hyppigheita og varigheita for desse før og etter utbygging.
- Arealet på reguleringssona, neddemt areal ved permanent heving av vasstanden eller tørrlagt areal ved permanent senking av vasstanden. Det kan også vere aktuelt å berekne tørrlagt areal/restareal på spesielle elvestrekningar.
- Restvassføring for alle aktuelle elvestrekningar i normale og ekstreme år. I tillegg til statistisk handsaming i kurveform (100-, 75-, 50-, 25- og 0-persentilar) skal det visast kurver for reelle år, f.eks. eit tørt, eit middels og eit vått år. Framstillinga skal gjere det mogleg å samanlikne forholda før og etter at tiltaket blei gjennomført.
- Kor mange dagar i året vassføringa er større enn største slukeevne og mindre enn minste slukeevne (tillagt planlagd minstevassføring) for dei same åra.
- Alminneleg lågvassføring (ALV), 5-persentil sommarvassføring (1.5–30.9) og 5-persentil vintervassføring (1.10–30.4).
- Pårekelege feilmargar i det hydrologiske materialet som er brukt.

Minstevassføring

I dei aller fleste tilfella vil minstevassføring bli pålagt som eit avbøtande tiltak, og diskusjonen og

vurderingane vil først og fremst dreie seg om storleiken på minstevassføringa. Det er derfor viktig at dette temaet blir grundig omtalt. Vurderingane bak eventuelle forslag til minstevassføring skal komme tydeleg fram.

I enkelte tilfelle kan det likevel vere aktuelt å ikkje påleggje minstevassføring, for eksempel på ein spesiell delstrekning i prosjektet. Dersom det ikkje blir føreslege å sleppe minstevassføring, skal dette grunnrivast.

Forslag til minstevassføring skal takast med i alle relevante hydrologiske berekningar og kurver, og leggjast til grunn for vurderingane av konsekvensar for dei andre fagtemaa. Dette gjeld også berekningane i samband med produksjon og økonomien til prosjektet som inngår i prosjektomtalen. Samtidig skal det gå fram av berekningane kva minstevassføringa ville ha gitt dersom vatnet hadde vore brukt til produksjon.

Som grunnlag for vurderingane omkring behovet for minstevassføringar skal ein så langt det er mogleg illustrere endringane i vassføringar ved hjelp av visualiseringar, bilete eller fotomontasjar (ev. video) ved ulike talfesta vassføringar.



Fotomontasje for Sagfossen med vassføring 2,0 m³/s, 0,5 m³/s, 0,2 m³/s og 0,1 m³/s.

Foto utlånt og montert med løyve frå Ståle Lunde, Elkem Saudefallene.

Driftsvassføring

Ut frå driftsopplegget som er skildra under ”Teknisk plan”, skal det gjerast greie for kva driftsvassføringar ein kan forvente generelt over året, og over korte tidsrom (eitt eller nokre få døgn), dersom det blir planlagt ein viss form for effektregulering. Det vil også vere viktig å skildre korleis ein vil gjennomføre større endringar i vassføring over kort tid.

Flaumar

Naturlege flaumar i vassdraget skal skildrast saman med ei vurdering av kva verknader tiltaket vil ha på dei framtidige flaumforholda. Det skal gjerast greie for kvar og korleis ein har planlagt å avleie flaumar. Dersom det ikkje blir søkt spesielt om andre ordningar, skal ein leggje til grunn for vurderingane at naturleg flaumvassføring i kvar enkelt vassdragsdel så vidt det er mogleg ikkje blir auka. Behovet og moglegheitene for å bruke reguleringane til flaumdemping skal gjerast greie for.

Flaumforholda skal vurderast på grunnlag av berekna og/eller observerte flaumar, og det skal givast ei vurdering av om skadeflaumar aukar eller minkar i forhold til dagens situasjon.

Skadeflaumvurderingane kan knytast opp mot ein flaum med gjentaksintervall på ti år (Q10), dersom det reelle nivået for skadeflaum i vassdraget er ukjent. Flaumvurderingane skal også innehalde ei berekning av middelflaumen.

Magasinvolument, magasin kart og fyllingsberekningar

For vatn som blir søkt om å regulere, skal det utarbeidast magasin kart (djupnekart). I tillegg til magasin kartet skal det lagast kurver som viser magasinvolument og neddemde og/eller tørrlagde areal ved ulike kotehøgder.

For kotane på kartet gjeld følgjande:

ved målestokk	1 : 2.000, ekvidistanse	1,00 m
ved målestokk	1 : 5.000, "	2,00 m
ved målestokk	1 : 10.000, "	5,00 m

For store magasin er det tilstrekkeleg å utarbeide detaljerte djupnekart ned til fem meter under lågaste regulerte vasstand. For resten av magasinet vil det vere tilstrekkeleg med lågare nøyaktigheit enn dei verdiane som er oppgitt.

Ut frå det driftsopplegget som ligg til grunn for reguleringa(ne), skal det leggast fram fyllingsberekningar for magasinane. Berekningane skal framstillast i kurveform for det mest gunstige, det mest ugunstige og det gjennomsnittlege fyllingsåret, alternativt 100-, 75-, 50-, 25- og 0-persentilar. Også enkelte spesielle, reelle år bør visast.

3.8 Manøvreringsreglement

For reguleringsmagasin og overføringar skal det setjast opp eit forslag til reglement for manøvreringa.

Obligatorisk innhald i reglementet er framstilling av magasin eller magasinane sine reguleringsgrenser, HRV og LRV, i kotehøgder, helst med referanse til Statens kartverks høgdesystem. Dette gjeld også inntaksbasseng utan årsregulering. Overførde nedbørfelt skal givast opp i km² saman med utløpspunktet til overføringstunnelen (kanalen).

Reglementet skal innehalde føresegner om korleis ein tenkjer å manøvrere i tilfelle flaum. Ut frå tiltakshavaren si vurdering av behova, skal det også innehalde forslag til minstevassføring på aktuelle elvestrekningar. Eventuelle andre restriksjonar og avgrensingar i manøvreringa kan føreslåast i den graden ein finn det nødvendig.

3.9 Arealbruk og eigedomsforhold

KU skal skildre kva slags areal og kva arealbruk det er i tiltaksområdet i dag. I tillegg til dei areala som direkte går med til tiltaket, skal det også gjerast greie for areal som vil kunne krevjast til eventuelle seinare utvidingar, bufferzoner, tryggleikssoner m.m.

Det skal gjerast greie for eigedomsforholda langs vassdragsavsnitta og områda som tiltaket får følgjer for, inkludert kraftlinjer/kablar.

Ein skal oppgi storleiken på og lokaliseringa til nødvendige areal som eventuelt må eksproprierast for at tiltaket skal kunne gjennomførast. Ei oversikt over aktuelle grunneigarar og rettshavarar skal leggast ved. Dersom det blir søkt om ekspropriasjon etter oreigningslova, er det viktig at det i utgangspunktet blir lagt vekt på å få til ei minneleg ordning for 100 prosent av rettane.

Ved planlagde vassdragsreguleringar skal det opplysast om alle eigarar av nedanforliggjande bruk og vassfall har fått høve til å ta del i føretaket (jf. § 9 i vassdragsreguleringslova).

3.10 Kostnadsoverslag

Det skal utarbeidast ei datert kostnadsoversikt i hovudpostar og pårekna årlege investeringar i byggeperioden.

3.11 Produksjonsberekningar

Produksjonen (GWh) skal givast opp for heile prosjektet, og for dei enkelte delane for eit gjennomsnittleg år, helst berekna over årsserien 1961–1990, gjerne også med åra fram til i dag.

Produksjonen skal også givast opp som sommar- og vinterkraft. Vinterperioden blir normalt rekna for å vare frå 1.oktober. til 30. april.

I medhald av vassdragsreguleringslova § 3, og/eller i medhald av industrikonsesjonslova § 2 skal kraftauken i naturhestekrefter bereknast. Dette inngår i kalkylegrunlaget for konsesjonsavgifter og konsesjonskraft. Konsesjonsplikt etter reguleringslova og/eller industrikonsesjonslova er elles knytt til talet på naturhestekrefter, og det er viktig at dette går klart fram av KU.

3.12 Andre samfunnsmessige fordelar

Andre fordelar skal givast opp, f.eks.: flaumdempende verknad i vassdraget, vegsamband og andre nytteverknader av samfunnsmessig tyding.

3.13 Forholdet til offentlege planar

Forholdet til gjeldande planar skal skildrast. Dette gjeld kommuneplanar, kommunedelplanar, reguleringsplanar, mellombelse reguleringsavgjerder, fylkesplanar, regionale forvaltingsplanar for vassdrag i medhald av vassforvaltingsforskrifta, verneområde m.m. Forholdet til verneplanane for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag i regionen bør kommenterast spesielt.

Dersom det går føre seg planarbeid, eller er fastlagt politiske mål som gjeld for det aktuelle området, skal dette komme fram i konsekvensutgreiinga.

KU skal gjere greie for kva kontakt tiltakshavaren har hatt med offentlege styresmakter om plansituasjonen.

3.14 Nødvendige løyve frå offentlege styresmakter

Dei nødvendige konsesjonane etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova, oreigningslova, industrikonsesjonslova og/eller energilova skal summerast opp her. KU vil liggje til grunn for vedtak om konsesjon i medhald av ein eller fleire av desse lovene. Det skal vidare gjerast greie for kva andre løyve som vil vere nødvendige for å kunne gjennomføre tiltaket, og der KU vil liggje til grunn for vedtaket. Dette kan f.eks. vere løyve etter lover som regulerer særlege interesser (forureiningslova, kulturminnelova m.v.). KU skal skildre kva slags handsamingsrutinar som gjeld etter dei aktuelle lovene, og korleis ei eventuell utgreiingsplikt etter desse lovene er teken vare på.

Eventuell annan offentleg eller privat medverknad som er nødvendig for å gjennomføre tiltaket, skal kommenterast kort. Dette kan f.eks. vere tilknytning til veg, elektrisitet, vatn, avløp m.v.

3.15 Framdriftsplan og sakshandsaming

Det skal utarbeidast ein framdriftsplan for utbygginga.

NVE har utforma ein standardtekst som framstillar saksgangen og sakshandsaminga. Vi ber tiltakshavaren om å ta kontakt med NVE ved konsesjonsavdelinga for å få tilsendt denne.

3.16 Omtale av konsekvensar for miljø og samfunn i dei områda tiltaket får følgjer for

Konsekvensane for miljø og samfunn må skildrast for alle dei ulike alternativa og skal framstillast på ein slik måte at det er mogleg å vurdere konsekvensane av kvart av dei.

Det er primært denne delen av KU som konsekvensutgreiingsprogrammet gir nærmare føringar for. Vi har valt å skilje ut disposisjon for denne delen og nærmare omtale av krav til innhald for dei enkelte fagtemaa i del V.



Fisketrapp Jørpeland. Foto: Rune Flatby



Kulptersklar i Måna. Foto: Jan Henning L'Abée-Lund

3.17 Samla vurdering av moglege avbøtande tiltak

Eksempel på avbøtande tiltak er å etablere minstevassføring og terskelbasseng, terrengutforming, tilplanting av ny vegetasjon m.m. Det kan også vere aktuelt å gjennomføre avbøtande tiltak utanfor område som tiltaket får direkte følgjer for, men innanfor influensområdet til tiltaket.

Det går fram av § 9 i KU-forskrifta at konsekvensutgreiinga skal innehalde forslag til avbøtande tiltak og korleis desse skal gjennomførast. Som skildra i del V skal behovet for, og ev. forslag til avbøtande tiltak vurderast for kvart enkelt fagtema.

Her skal det i tillegg gjerast ei samanstilling og samla vurdering av alle dei avbøtande tiltaka som er omtalte under det enkelte fagtemaet (jf. 3.16 ovanfor og del V). Drøftinga bør leggje vekt på den samla verknaden av desse. NVE ønskjer at det skal skiljast mellom to grupper avbøtande tiltak:

1. Dei tiltaka som søkjaren planlegg å gjennomføre i samband med anleggs- og driftsfasen, og som det skal vere teke omsyn til ved drøfting av kva konsekvensar tiltaket kan få.
2. Tiltak som ikkje er tekne inn i planen i utgangspunktet, men som kan vurderast nærmare i høyringsfasen og slutthandsaminga av søknaden. Det skal gjerast ei vurdering av korleis desse tiltaka vil verke om dei blir gjennomførde i tillegg til dei som er planlagde av tiltakshavaren. Her vil det truleg vere nødvendig å tenkje seg fleire variantar med ulike kombinasjonar av tiltak. Det skal gjerast ei enkel kost-/nyttevurdering av dei aktuelle avbøtande tiltaka.

Konsesjonsstyresmakta vil vurdere dei planlagde avbøtande tiltaka saman med utbyggingsplanane, og står fritt til å føreslå endringar og eventuelt andre avbøtande tiltak.

3.18 Ei samanstilling av konsekvensane og ei samanlikning og vurdering av alternativa

Det skal gjerast ein samla analyse og vurdering av verknadene av tiltaket slik dei er venta å bli når dei planlagde avbøtande tiltaka blir gjennomførde.

Ei utgreiing som legg opp til at ein skal velje mellom ulike alternativ, bør leggje vekt på samanstillingar, slik at verknadene av dei ulike alternativa kan samanliknast.

Samanstillinga omfattar ein oppsummerande presentasjon av alle dei aktuelle alternativa, konsekvensane av dei og avbøtande tiltak. Oppsummeringa må vere presis og kortfatta. I tillegg bør det illustrerast ved å bruke oppsummerande kart og tabellar.

Statens Vegvesens Håndbok 140 om konsekvensanalysar skal leggjast til grunn for arbeidet med samanstillinga.

Sumverknader

KU-forskrifta seier at når fleire utbyggingstiltak i eitt område samla kan få vesentlege innverknader, skal ein vurdere den kumulative karakteren til tiltaket i forhold til andre gjennomførte og planlagde tiltak i influensområdet til utbyggingstiltaket.

Det skal lagast ei oversikt over eksisterande og planlagde inngrep innanfor eit geografisk avgrensa område som går ut over influensområdet.

Det skal gjerast ei vurdering av moglege sumverknader som følgje av tiltaket, som blir sett på som konfliktfylte. Slike vurderingar er særleg aktuelle i forhold til tema som landskap, friluftsliv og/eller naturmangfald. For reindrift skal det ifølgje KU-forskrifta givast ei vurdering av dei samla effektane av ulike planar og tiltak innanfor det enkelte reinbeitedistriktet (jf. del V, punkt 10.2 Reindrift).

3.19 Tiltakshavaren si tilråding om val av alternativ

På bakgrunn av konsekvensutgreiinga skal tiltakshavaren oppgi og grunngi prioriteringa si av dei ulike alternativa.

3.20 Forslag til program for nærmare undersøkingar og overvaking

Det går fram av ”forskrift om konsekvensutredningar”, Vedlegg III, at KU skal omfatte ei vurdering av behovet for, og eventuelt forslag til, undersøkingar med sikte på å overvake og klargjere dei faktiske verknadene av tiltaket.

Slike undersøkingar kan f.eks. omfatte:

- program for overvaking
- program for etterprøving

For alle løyve til vassdragsregulering eller bygging av kraftverk er det utvikla konsesjonsvilkår med heimel for slike oppfølgjande undersøkingar gjennom lovverket og årelang praksis. Dei gjeldande vilkåra ved alle konsesjonar, som er utvikla m.a. i samråd med Direktoratet for naturforvaltning, tek i nødvendig grad vare på desse omsyna. Detaljerte forslag frå tiltakshavaren si side blir ikkje sett på som nødvendig. Det vil vere tilstrekkeleg å peike på område der det kan vere aktuelt med oppfølgjande undersøkingar.

I samsvar med Vedlegg III til forskrifta, skal det også givast ei vurdering av behovet for, og eventuelt forslag til, nærmare undersøkingar før tiltaket blir gjennomført.

4. Disposisjon for informasjonsbrosjyren

NVE tilrår at tiltakshavaren utarbeider ein brosjyre med tanke på distribusjon. NVE meiner at ein slik brosjyre er nyttig for å sikre ein god prosess med tanke på informasjon og medverknad (jf. § 6 i forskrifta).

Informasjonsbrosjyren skal gi ei kort oppsummering av innhaldet i søknaden og konsekvensutgreiinga og informere om den vidare saksgangen. Han må presentere prosjektet på eit oversiktleg kart og vere skriven i eit lettfatteleg språk. Innhaldet i brosjyren bør byggjast opp på same måte som brosjyren i meldingsfasen. Brosjyren bør vere ferdig samtidig med at KU blir lagd ut på høyring, slik at han kan følge søknaden som vedlegg. Den skal også distribuerast til innbyggjarane i det aktuelle området. Brosjyren skal ikkje utformast som ein reklame for tiltaket.

Følgjande punkt må omtalast:

1. Presentasjon av tiltakshavaren.
2. Ein kort omtale av eksisterande forhold i vassdraget.
3. Presentasjon av tiltaket med alternativ, inkludert ein tabell som viser produksjon og kostnader for dei ulike alternativa. Tiltaket med alternativ skal presenterast på kart.
4. Forholdet til Samla plan, verneplanar og andre offentlege planar.
5. Eit kort samandrag av dei viktigaste konklusjonane frå konsekvensutgreiinga.
6. Skildring av avbøtande tiltak som er føreslegne av søkjaren som ein del av tiltaket, og moglege avbøtande tiltak som vil bli vurderte i den vidare handsaminga.
7. Skildring av den vidare saksgangen.
8. Oversikt over kontaktpersonar hos tiltakshavaren (tekniske planar og konsekvensutgreiing), og hos NVE (sakshandsaming).

For opprusting-/utvidingsprosjekt bør det givast ein kort historikk over eksisterande utbygging, med ei grunngeving av behovet for ny utbygging. NVE ved konsesjonsavdelinga bør kontaktast når det gjeld omtalen av sakshandsaminga. Brosjyren bør ikkje trykkjast og distribuerast før han er godkjend av NVE. Av omsyn til vidare sakshandsaming og seinare bruk, ber vi om at brosjyren blir datert.

DEL V

Arbeidet med det enkelte fagtema i KU



Illustrasjonsfoto: Jan Henning L'Abée-Lund, Per Christian Bøe, Jon Arne Eie, Olav Strand (NINA), Vegard Hotvedt Strømsvåg

1.	Generelt	60
2.	Hydrologi	62
3.	Erosjon og sedimenttransport	63
4.	Skred	63
5.	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)	64
6.	Naturmiljø og naturens mangfold	65
7.	Marine forhold	70
8.	Kulturminne og kulturmiljø	71
9.	Forureining, vasskvalitet	72
10.	Samisk natur- og kulturgrunnlag	74
11.	Naturressursar	76
12.	Samfunn	77

1. Generelt

KU skal innehalde ei skildring av miljøet og samfunnsforholda i dei områda tiltaket får følgjer for, dvs. i tiltaks- og influensområdet.

Influensområdet vil kunne variere avhengig av kva konsekvensar som skal skildrast, og eigenarten til området. Avgrensinga av influensområdet og grunnlaget for avgrensinga må gå fram av skildringane.

Under arbeidet med konsekvensutgreiingane bør det vere tett kontakt mellom dei enkelte fagutgreiarane og tiltakshavaren. Det er som regel i denne fasen at detaljeringa av den tekniske planen skjer, og det er viktig at alle som deltek, blir orienterte om utviklinga av planane.

I omtalen av arbeidet med dei enkelte fagtemaa har NVE prøvd å dekkje alle tenkjelege problemstillingar. For mange prosjekt vil derfor ein del av det som blir skildra, vere lite relevant. Konsekvensutgreiinga har som mål å identifisere vesentlege verknader og fokusere på desse. NVE føretrekkjer at tiltakshavaren følgjer disposisjonen som er gitt her. Alle overskriftene bør vere med, men det kan ev. opplysast om at temaet anten ikkje blir sett på som relevant, eller at det berre blir omtalt kort.

1.1 Viktige metodiske prinsipp

Det er fleire utgreiingsmetodar som vil kunne nyttast i konsekvensutgreiingssamanheng. Utgreiingsmetodar må veljast og tilpassast ut frå kva tiltak, omgivnader og problemstillingar ein står overfor.

Det er viktig at dei utgreiingsmetodane som blir nytta, blir presenterte på en slik måte at lesaren kan forstå hovudprinsippa. Føresetnader det vil kunne vere ueinighet om, og som er vesentlege for resultatet, bør nemnast i KU og drøftast nærmare i dei enkelte delutgreiingane. Det same gjeld i dei tilfella tiltakshavaren og fagkonsulenten er ueinige om konsekvensane av tiltaket.

NVE tilrår at utgreiingane generelt følgjer metodikken som er gitt i Håndbok 140 om konsekvensutgreiing av ikkje-prisette konsekvensar (Statens Vegvesen 2006). Kartlegging og metodikk bør elles generelt følgje gjeldande rettleiarar frå dei relevante fagstyresmaktene. Under enkelte fagtema er dette nærmare spesifisert.

Feltundersøkingar for ulike fagtema skal utførast på den tida av året det er mest hensiktsmessig, for å oppnå eit så nøyaktig og samanliknbart resultat som mogleg. Dersom delar av aktuelle område ikkje er undersøkte eller ikkje let seg undersøkje, skal dette nemnast. Det skal gjerast ei skildring av synfaringruta (vist på kart) og kven som har gjennomført dei ulike undersøkingane.

Det vil ofte vere stor usikkerheit knytt til dei miljømessige og samfunnsmessige konsekvensane. Usikkerheita kan vere knytt til grunnlagsdata, metoden og sjølve resultatata. Det er viktig at det kjem klart fram kor mykje dei usikre faktorane har å seie for resultatata. I KU må det lagast ei kort oversikt over eventuelle vanskar, f.eks. i form av tekniske manglar eller manglande fagkunnskap. Desse forholda må drøftast nærmare i delutgreiingane. Vi tilrår at forholdet til usikkerheit blir skildra etter metodikken som er oppgitt i Håndbok 140. Sjå også NVEs rettleiar om kartlegging og dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1–10 MW) for ein omtale av dette.

1.2 Generelt om oppbygging av det enkelte fagtemaet

Kvart fagtema bør byggjast opp slik:

1. Utgreiing av dagens situasjon
2. Skildring av moglege negative og/eller positive verknader av tiltaket

3. Forslag til avbøtande tiltak
4. Eventuelt tiltakshavaren sine egne vurderingar

Utgreiing av dagens situasjon

Kvart fagtema bør innleiest med å gjere greie for dagens situasjon. I dette arbeidet må ein som eit minimum hente inn eksisterande informasjon frå aktuelle styresmakter, instansar og lokalkjende. For eitt eller fleire fagtema kan det i tillegg vere aktuelt å gjere egne utgreiingar for prosjektet, for å kartleggje og dokumentere dagens forhold. Registreringar av dagens situasjon bør også leggjast opp med tanke på å leggje til rette for etterundersøkingar.

Skildring av verknader av tiltaket

Utgreiingsprogrammet fastset kva for alternativ og forhold/problemstillingar som skal greiast ut.

På grunnlag av det som er skildra om dagens forhold, skal det så gjerast greie for dei vesentlege verknadene av tiltaket i:

- anleggsfasen
- driftsfasen

Generelt skal skildringa av konsekvensane av tiltaket for det enkelte temaet så langt som råd gi svar på dette:

- kva typar konsekvensar tiltaket (alternativa) har
- omfanget av konsekvensane
- kor sannsynleg det er at desse verknadane inntreff
- korleis ein har prøvd å utforme/tilpasse tiltaket (alternativet) for å unngå negative konsekvensar, eventuelt for å bidra til positive konsekvensar
- om verknadane er kortvarige eller langvarige
- om tiltaket har samverkande konsekvensar (kumulative effektar eller synergieffektar)

Konsekvensane av tiltaket skal skildrast så objektivt som mogleg.

Den venta utviklinga i tiltaks- og influensområdet skal samanliknast med den venta utviklinga i åra framover dersom tiltaket ikkje blir gjennomført (0-alternativet). Ofte blir dagens situasjon brukt som eit forenkla 0-alternativ.

Det skal gjerast kort greie for kva datagrunnlag og metodar som er brukt for å skildre konsekvensane, og eventuelle faglege eller tekniske problem under innsamlinga og bruken av dataa og metodane.

Skildringa av verknadane i konsekvensutgreiinga skal byggje på faglege vurderingar.

Forslag til avbøtande tiltak

Forslag til avbøtande tiltak skal vurderast for kvart enkelt fagtema. Eksemplar på avbøtande tiltak er å etablere minstevassføring og terskelbasseng, biotopjusteringar og landskapsmessige tiltak, justeringar av prosjektet m.m. Det kan også vere aktuelt å gjennomføre avbøtande tiltak utanfor området som tiltaket får direkte følgjer for, men innanfor influensområdet til tiltaket.

NVE ønskjer å skilje mellom to grupper avbøtande tiltak:

1. Dei tiltaka som søkjaren planlegg å gjennomføre i samband med anleggs- og driftsfasen, og som det skal takast omsyn til under drøftinga av konsekvensane av tiltaket.

2. Tiltak som ikkje er tekne inn i planen i utgangspunktet, men som kan vurderast nærmare i høyringsfasen og slutthandsaminga av søknaden. Ein skal vurdere korleis desse tiltaka vil verke inn dersom dei blir gjennomførde i tillegg til dei som er planlagde av tiltakshavaren.

Tiltakshavaren sine egne vurderingar

Dersom tiltakshavaren har andre eller supplerande vurderingar i forhold til fagrapportane, er ueinig i føresetnadene eller liknande, bør dette komme fram i KU. Det skal vere lett for lesaren å forstå kva som er vurderingar henta frå fagrapportane, og kva som er tiltakshavaren sine egne vurderingar. Vi tilrår å utheve tiltakshavaren sine kommentarar og vurderingar i ein eigen tekstboks heilt til slutt under dei aktuelle fagtema.

2. Hydrologi

2.1 Overflatehydrologi

Når det gjeld skildring av overflatehydrologien og endringar i vassførings- og vasstandsforhold, viser vi til del IV i rettleiaren, punkt 3.7. Vi har valt å samle opplysingane om desse forholda under skildringa av tiltaket for å understreke kor viktig det er at det hydrologiske grunnlaget blir greia ut tidleg i prosessen.

2.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Føremålet med delutgreiinga er:

- å skildre dagens vasstemperaturar, isforhold og lokalklima i tilknytning til aktuelle elvar og innsjøar
- å vurdere dei venta konsekvensane av tiltaket for desse forholda
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Når ein skal framstilla dagens forhold, kan desse momenta vere aktuelle:

- data for dagens vasstemperaturar (gjeld dersom det er venta vesentlege endringar i vasstemperaturen)
- isforhold: omtrentleg tidspunkt for islegging og varigheita av isdekket, isgang m.m.
- lokalklima: kaldluftstraumar, temperaturforhold, område som er særleg utsette for vind og tåkedanning m.m.

I forhold til dei venta konsekvensane kan det vere aktuelt å gå nærmare inn på desse problemstillingane:

- forventet endring i vasstemperatur til ulike årstider
- moglege endringar i lufttemperaturar i nærsona til aktuelle vassdragsavsnitt
- moglegheit for meir eller mindre frostrøyk langs elvar og vatn, med vekt på område med ferdsel eller busetnad
- elvestrekningar der isproblem vil bli større eller mindre enn før
- område som får endra isleggingsforhold

2.3 Grunnvatn

Føremålet med delutgreiinga er:

- å gjere greie for dagens grunnvassforhold i område som vil få endra vassføring eller vasstand
- å vurdere moglege konsekvensar av tiltaket
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

I forhold til dei venta konsekvensane bør ein prøve å kartleggje følgjande:

- om endra vassføring/vasstand vil føre til endra grunnvasstand, og korleis dette i så fall vil verke inn på vegetasjon, jord- og skogbruk samt eventuelle uttak av grunnvatn
- faren for og verknadene av utilsikta drenering av grunnvatn og overflatevatn som følgje av tunnelbygging

3. Erosjon og sedimenttransport

Føremålet med delutgreiinga er:

- å gi ei skildring av dagens erosjons- og sedimentasjonsforhold langs aktuelle elvar og innsjøar
- å vurdere moglege konsekvensar av tiltaket
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Når ein skal framstillast dagens forhold, kan desse momenta vere aktuelle:

- generell skildring av erosjons- og sedimentasjonsforhold
- identifisere område som er særleg utsette for erosjon
- førekomstar av sidebekker/sidevassdrag med stor sedimenttransport
- kartleggje eventuelle eksisterande eller planlagde forbyggings- eller senkingstiltak
- kva type substrat som finst i område som blir tørrlagde som følgje av tiltaket (magasin eller elvar)

I forhold til moglege konsekvensar kan det vere aktuelt å vurdere følgjande:

- moglege erosjonsskadar
 - o langs strendene ved reguleringsmagasin
 - o langs aktuelle elvestrekningar
 - o nedanfor utløpet av kraftstasjonen
 - o i samband med ev. overføringstunnelar, overløp og kanalar
- moglege verknader for eksisterande eller planlagde forbyggings- og senkingstiltak
- faren for sandflukt ved senking av vasstanden (magasin eller elvar)
- kor sannsynleg er det at sedimenttransporten og tilslamminga aukar i vassdraget under og etter anleggsperioden

I samband med vurderingane rundt avbøtande tiltak bør det, mellom anna gjerast greie for behovet for ny forbygging i vassdraget dersom det er venta auka erosjon som følgje av endra vassføringsforhold.

Vurderingane rundt sedimenttransport og erosjon bør mellom anna gjerast på grunnlag av geofaglege forhold, spesielt førekomst av lausmassar.

4. Skred

Føremålet med delutgreiinga er:

- å skildre dagens forhold når det gjeld aktive skredprosessar og skredfare i utbyggingsområdet, både i forhold til lausmasseskred/steinskred og snøskred
- å vurdere moglege konsekvensar av tiltaket, med fokus på eventuell auka risiko for skred (lausmassar, stein eller snø) i område med framtidig anleggsverksemd, arealinngrep, vegar, bustader eller andre stader med ferdsel
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

I enkelte saker kan det elles vere aktuelt å vurdere om tiltaket kan føre til skred o.l. som kan lage

flombølger i magasin, med øydeleggjande verknad på strender, dammar og andre anleggsdelar, hus, andre sin eigedom o.a.

Informasjon om skred kan ein mellom anna finne på www.skrednett.no.



5. Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)

Landskapet utgjer ei overordna ramme som rommar både naturmiljø (punkt 6) og kulturmiljø (punkt 8).

Avgrensinga av influensområdet må sjåast i samanheng med influensområdet for natur- og kulturmiljø.

Føremålet med delutgreiinga er:

- å skildre landskapet i tiltaks- og influensområdet
- å skildre konsekvensane av tiltaket for landskapet
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Når ein skal skildre dagens forhold, bør desse momenta vere med:

- ei kort skildring av den historiske utviklinga i landskapet (geologi og kulturhistorie som har noko å seie for forma på og innhaldet i landskapet)
- kva for landskapstypar som er representerte i influensområdet, f.eks. høg fjell, dal, kyst, busetnad
- dei fysiske formene til landskapet, f.eks. terrengformer, struktur, særigne landskapselement
- viktige trekk i natur- og kulturmiljøet
- ei vurdering av landskapet i ein regional samanheng
- landskapsbiletet frå fleire synspunkt

Dei overordna trekka ved landskapet skal skildrast i samsvar med Nasjonalt referansesystem for landskap (NIJOS-Rapport 10-05), som ein kan finne på www.skogoglandskap.no. Skildringa skal ha ein detaljeringsgrad tilsvarande underregionnivå eller meir detaljert.

Når ein skal skildre moglege konsekvensar, vil det vere sentralt å vurdere på kva måte og i kor stor grad tiltaket vil endre landskapsbiletet og landskapsopplevinga. Det bør leggjast vekt på å skildre konsekvensane for spesielt verdifulle og viktige område og innslag i landskapet. Kart, bilete og visualiseringar vil vere viktig illustrasjonsmateriale.

Ein viktig del av utgreiinga om landskap er å gjere greie for inngrepsstatusen i tiltaksområdet og verknadane av tiltaket på inngrepsfrie naturområde (INON). Eventuelle reduksjonar av INON-område skal tal- og kartfestast og vurderast både i eit lokalt og regionalt perspektiv.

6. Naturmiljø og naturens mangfald

Naturmiljø omfattar både fysiske storleikar som geologi, terrengformer osv. og naturmangfaldet i form av levande organismar.

Det kan vere vanskeleg å avgrense influensområdet, men hovudvekta skal leggjast på dei areala som tiltaket får direkte følgjer for. Dette kan vere areal som blir demma ned, riggområde, anleggsvegar, elvar med endra vassføring osv. For større dyr, fuglar og pattedyr må avgrensinga sjåast i forhold til storleiken på dyra sitt leveområde.

I tillegg til det som blir spurt etter under det enkelte deltemaet, skal det gjerast ei samla vurdering av korleis økosystema som artane er ein del av, kan bli påverka av utbygginga. Det skal også gjerast ei kort vurdering av om tiltaket sett saman med eventuelle andre tiltak, vil verke inn på artar i området. Sjå også del IV, punkt 3.18 om sumverknader.

Gjeldande raudliste (www.artsdatabanken.no) gir ei samla oversikt over dei mest trua og sjeldne artane i Noreg og er ein viktig faktor når ein skal vurdere verdien av eit område for biologisk mangfald.

NVE tilrår at data for naturtypar, raudlisteartar og eventuelt andre interessante artsfunn blir gjort tilgjengelege for forvaltninga, slik at dei eventuelt seinare kan leggjast inn i relevante databasar. Konsulentar blir oppmoda til sjølv å leggje inn funn av raudlisteartar og eventuelt andre interessante artsfunn i Artsobservasjonar (www.artsobservasjoner.no). Det er viktig at opplysingane blir kartfesta etter DN's retningslinjer, jf. også direktoratet sine retningslinjer for handsaming av sensitive stadsopplysingar.

For alle biologiske registreringar skal ein oppgi dato for feltregistreringar, synfaringrute og kven som har utført feltarbeidet og artsregistreringane.

I NVEs Veileder 3-2009 Kartlegging og dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1-10 MW) - revidert utgave finn ein ytterlegare informasjon om generelle krav til innhald og metode som primært er berekna for planar om bygging av småkraftverk, men som også er relevante for større prosjekt. Rettleiaren kan lastast ned frå NVEs nettsider.

6.1 Geofaglege forhold

Berggrunnsgeologi, kvartære former, aktive naturprosessar eller anna kan ha ein verdi i seg sjølv ved at dei er sjeldne, spesielle og viktige for forskning/undervising og liknande. I tillegg er geofaglege forhold eit svært viktig grunnlag for naturmangfaldet. Når ein skal bore tunnelar, er det avgjerande å ha god kunnskap om berggrunnen.

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje geofaglege forhold i influensområdet
- å vurdere moglege konsekvensar av tiltaket, primært med tanke på verdifulle former, avsetjingar eller anna som blir påverka av tiltaket

- å vurdere behovet for å justere utforminga av prosjektet av omsyn til spesielle former, avsetjingar, aktive prosessar eller berggrunn

Forhold som det kan vere aktuelt å kaste lys over under dette temaet, er:

- berggrunnsgeologi
- kvartære former og avsetjingar
- lausmassar i nedbørfeltet, spesielt lausmassar i tilknytning til elveløpet
- område med aktive prosessar som skred og andre skråningsprosessar
- glasiale prosessar
- frost og kjemisk forvitring

Viktige forhold som blir omtalte, bør illustrerast med geologiske kart, bilete eller anna eigna illustrasjonsmateriale.

Skildringane under geofaglege forhold vil vere ein naturleg del av grunnlagsmaterialet for vurderingane rundt skred og erosjon og sedimenttransport.

6.2 Naturtypar og ferskvasslokalitetar

Kva slags artar som finst på ulike lokalitetar, avheng av naturvilkår som klima og geologi, innvandringshistorie, og av naturlege og menneskeskapte forandringar. Område med nokolunde like vilkår vil kunne innehalde mange av dei same artane, og dette gjer at natur i større eller mindre grad kan delast inn i naturtypar. Dersom ein naturtype er sjeldan, særleg representativ, spesielt artsrik, eller er leveområde for raudlista artar, blir han rekna som spesielt verdifull. Identifisering av naturtypar er ein viktig del av arbeidet med naturmangfaldet i Noreg.

Føremålet med denne delutgreiinga er:

- å kartleggje kva naturtypar, inkludert ferskvasslokalitetar, som finst i influensområdet
- å skildre konsekvensane av tiltaket for desse naturtypane
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Kartlegging og biletdokumentering av dagens forhold skal gjerast etter

- DN-handbok 13 (Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold) og
- DN-handbok 15 (Kartlegging av ferskvannslokaliteter)

Siste versjon av handbøkene er tilgjengeleg på DN's nettsider: www.dirnat.no. Eksempel på verdifulle naturtypar som kan bli ramma i samband med vasskraftutbyggingar, er bekkekløfter, fossesprøytoner osv.

Kartlegginga av naturtype må samanliknast med ein eventuell førekomst av trua vegetasjonstypar, jf. punkt 6.3 nedanfor.

Når det gjeld artsregistreringar generelt, og eventuelle funn av raudlisteartar spesielt, har NVE valt å ta for seg dette under punkt 6.3–6.7 nedanfor, men det er naturleg å gå noko inn på slike registreringar i samband med utgreiinga av naturtypar og ferskvasslokalitetar.

6.3 Karplanter, mosar, lav og sopp

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje vegetasjonstypar, artar generelt og raudlisteartar spesielt i tiltaksområdet
- å skildre konsekvensane av tiltaket for desse
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Ein bør skaffe seg oversikt over vegetasjonstypene i heile området. Når det derimot gjeld meir detaljerte artsregistreringar, er det naturleg å konsentrere seg om område som er identifiserte som verdifulle naturtypar. Det bør spesielt fokuserast på ein eventuell førekomst av forventede raudlisteartar (f.eks. førekomst av mosar/lav i fossesprøytoner og bekkekløfter). Ein skal også ha spesielt fokus på artar som er omfatta av DN's handlingsplanar (www.dirnat.no/truaarter).

Framstillinga av dagens forhold bør innehalde desse momenta:

Terrestrisk:

- ei enkel skildring av dei vanlegaste terrestriske vegetasjonstypene i influensområdet, i samsvar med "Vegetasjonstyper i Norge" (Fremstad 1997, NINA Temahefte 12: 1-279)
- ei enkel skildring av artssamansetjinga i vegetasjonen og dominansforhold mellom artar
- ei meir utfyllande skildring av eventuelle trua vegetasjonstypar, som skal identifiserast etter "Truete vegetasjonstyper i Norge" (Fremstad & Moen 2001, NTNU Vitenskapsmuseet Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231)
- ei skildring av enkeltartar, med fokus på eventuelle funn av raudlisteartar og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar

Akvatisk:

- ei enkel oversikt over artssamansetjing, dominansforhold, anslag over mengd og fordeling av vassvegetasjonen
- ei skildring av enkeltartar, med fokus på eventuelle funn av raudlisteartar og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar

Vassvegetasjon omfattar i denne samanhengen først og fremst høgare planter i stillestående og rennande vatn. I visse tilfelle er planteplankton, mosar og påvekstalgar inkludert. Undersøkingane bør konsentrerast om grunnområde i magasin og aktuelle elvestrekningar.

Konsekvensane av tiltaket vil mellom anna vere naturleg å vurdere etter dette:

- innverknad for vegetasjonstypar, med vekt på eventuelle trua vegetasjonstypar
- moglege endringar i artssamansetjing og artsdominans
- moglege endringar i livsvilkår og førekomst av enkeltartar, med spesiell vekt på raudlisteartar

Spesielle forhold kan vere aktuelt lokalt, for eksempel krypsivproblematikk i enkelte vassdrag på Sørlandet.

6.4 Pattedyr og krypdyr

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje førekomsten av pattedyr, og i enkelte tilfelle krypdyr, og viktige økologiske funksjonsområde
- å skildre konsekvensane av tiltaket for desse forholda
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Når ein skal framstilla dagens situasjon, kan det vere aktuelt å kaste lys over desse forholda:

- førekomst av artar og artsmangfald i tiltaks- og influensområdet. Det bør bli lagt vekt på å skildre bestandane av jaktbare artar, eventuelle raudlisteartar og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar (www.dirnat.no/truaarter).
- førekomst av viktige økologiske funksjonsområde (yngleplassar, beite- og skjulestader osv.).

- bestandstettleik, forplanting, ernæring og vandringar.
- viktige vilttrekk skal kartfestast.
- artane si utnytting av – og førekomst i – neddemningsareal og andre område der tiltaket får store følgjer.

Det bør mellom anna vurderast om dei planlagde inngrepa vil føre til endringar i produksjonspotensialet til områda.

6.5 Fugl

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje førekomsten av fugl og viktige økologiske funksjonsområde
- å skildre konsekvensane av tiltaket for desse forholda
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Når ein skal gjere greie for dagens forhold, kan det vere aktuelt å gå inn på desse temaa:

- førekomst av artar og arts mangfald i tiltaks- og influensområdet. Det bør leggjast vekt på å skildre bestandane av jaktbare artar, eventuelle raudlisteartar og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar (www.dirnat.no/truaarter).
- fuglebestandar som er sårbare for vassdragsreguleringar, kraftleidningar, vassvegar, anleggsarbeid og auka ferdsel. Eksempel på dette er vasstilknytte artar, rovfuglar og ugler.
- bestandstettleik, forplanting og ernæring.
- førekomst av viktige økologiske funksjonsområde (hekkplassar osv.).

Førekomsten av fugl skal kartleggjast i hekketida, og eventuelt undersøkjast i løpet av vår- og hausttrekket dersom tiltaket får følgjer for viktige trekklokalitetar.

Reirlokaltitetar av raudlista rovfuglar skal ikkje kartfestast.

6.6 Fisk

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje fiskebestandane i aktuelle elvar og vatn
- å skildre konsekvensane av tiltaket for desse forholda
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Desse forholda bør inngå i framstillinga av dagens situasjon:

- ei oversikt over kva for artar som finst i aktuelle innsjøar og elvestrekningar
- ei skildring av fiskebestandane, med vekt på raudlista artar, artar som er omfatta av DN's handlingsplanar (for eksempel ål: www.dirnat.no/truaarter), anadrome fiskeartar, storaurestammar og artar som er viktige for yrkes- og rekreasjonsfiske
- ei skildring av bestandsdynamiske parametrar som alder, vekst, tettleik og rekruttering
- ei kartlegging av viktige gyte- og oppvekstområde samt vandringsforhold på aktuelle elvestrekningar og innsjøar
- ei vurdering av det aktuelle området sitt potensial som gyte- og oppvekstområde
- ei identifisering av eventuelle vandringshinder
- opplysningar om ernæringa til fisken og kvaliteten på han

Lokalkunnskap og resultat frå tidlegare undersøkingar skal inngå i utgreiinga. Dersom det finst nyare undersøkingar som er gjennomførte med relevant metodikk, kan desse i enkelte tilfelle danne eit godt nok grunnlag for fagutgreiinga. Aktuell metodikk for elektrofiske og garnfiske skal hovudsakleg følgje gjeldande norske standardar, men metodikken kan tilpassast storleiken på tiltaket og omfanget av det,

dersom det er hensiktsmessig. Metodikk for bonitering (kartlegging av viktige gyte- og oppvekstområde) bør inkludere ei vurdering av kor godt dei ulike strekningane eignar seg som gyte- og oppvekstområde, og gode gyte- og oppvekstområde bør kartfestast.

I forhold til moglege konsekvensar kan det mellom anna vere aktuelt å vurdere dette:

- verknaden for fiskebestandane, med vekt på raudlista artar, artar som er omfatta av DN's handlingsplanar (for eksempel ål), anadrome fiskeartar, storaurestammar og artar som er viktige for yrkes- og rekreasjonsfiske
- moglege endringar i rekrutteringsforhold (tettleik og vekst av fiskeungar) i forhold til endringar i vassstemperatur og vassføring/vasstand
- eventuell fare for gassovermetting og etterfølgjande fiskedød på strekningar nedstraums kraftverka
- risikoen for spreiding av "uønskte" fiskeartar og parasittar til nye område

Minstevassføring og biotopforbetringar vil i mange tilfelle vere viktige avbøtande tiltak. Dersom aktuelle elvestrekningar er viktige gyte- og oppvekstområde, skal det vurderast om det bør installerast omløpsventil i planlagde kraftverk. I tilfelle der inngrepa er venta å hindre vandringa, skal ein vurdere tiltak som kan bøte på dette.

Utgreiingane for fisk må sjåast i samanheng med fagtemaet ferskvassbiologi.

6.7 Ferskvassbiologi

Ferskvassbiologi omfattar i denne samanhengen botndyr, dyreplankton, amfibiar, elvemusling og edelkreps. I dei fleste saker vil det først og fremst vere aktuelt å gjennomføre nærmare undersøkingar av botndyr. Av og til bør førekomen av dyreplankton kartleggjast, nærmare bestemt planktoniske krepsdyr. I enkelte tilfelle kan det også vere nødvendig å greie ut konsekvensane for amfibiar, elvemusling og edelkreps.

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje ferskvassbiologien i aktuelle elvar og vatn
- å skildre konsekvensane av tiltaket for ulike artar og artsgrupper
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Følgjande forhold bør inngå i framstillinga av dagens situasjon:

- ei skildring av botndyrssamfunnet, eventuelt dyreplankton (krepsdyr) og av og til amfibiar, elvemusling og kreps i aktuelle elvar og innsjøar, med fokus på
 - o mengd
 - o artsfordeling
 - o dominansforhold innanfor og mellom hovudgrupper av dyr
- ein nærmare omtale av raudlisteartar, dyregrupper/artar som er viktige næringsdyr for fisk, og artar som er omfatta av DN's handlingsplanar. Eksempel på det siste er elvemusling og edelkreps (www.dirnat.no/truaarter).

Feltundersøkingar kan konsentrerast om grunnareala i magasin og aktuelle elvestrekningar. Aktuell metodikk for innsamling av botndyr og dyreplankton skal hovudsakleg følgje gjeldande norske standardar, men metodikken kan tilpassast storleiken på og omfanget av tiltaket, dersom dette er hensiktsmessig. I rennande vatn kan det vere aktuelt å inkludere organisk driv i undersøkingane. Undersøkingane skal primært baserast på kvalitative prøvar. I lokalitetar der ein kan vente vesentlege endringar for næringsdyra til fisken, kan det vere nødvendig med kvantitative data.

I samband med skildring av moglege konsekvensar av tiltaket, kan det m.a. vere aktuelt å vurdere

desse forholda:

- trulege endringar i artssamansetjing og dominansforhold
- storleiken på dei produktive areala som er venta å gå tapt, og kor mykje som eventuelt blir verande intakt eller mindre påverka
- eventuelt nye produksjonsareal som kjem til
- risikoen for uønskt spreiding av artar til nye område

7. Marine forhold

Marine forhold omfattar i denne samanhengen hydrologi, marinbiologi og marine ressursar. Temaet er aktuelt når ein skal byggje kraftverk som vil føre til vesentlege endringar i avløp til fjordområde.

7.1 Ferskvasstilføring, vassstemperatur, isforhold og lokalklima

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje dagens nivå og mønster for ferskvasstilføring til fjorden, og kva dette har å seie for vassstemperatur, isforhold og lokalklima
- å skildre konsekvensane av tiltaket for desse forholda
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Dersom det er venta vesentlege endringar i ferskvasstilføring til sjøområde, anten i totalt volum (ved overføringar) eller over året (ved regulering), kan det krevjast at dagens situasjon blir dokumentert ved å leggje fram følgjande:

- månadlege verdiar for gjennomsnittleg ferskvasstilføring til aktuelle sjøområde
- naturleg variasjon frå år til år i gjennomsnittleg ferskvasstilføring
- ei skildring av dagens isleggingsforhold

Når det gjeld moglege konsekvensar av tiltaket, bør følgjande forhold vurderast:

- venta endringar i månadlege verdiar for gjennomsnittleg ferskvasstilføring
- om tiltaket kan føre til endringar i lokalklimatiske forhold, isleggingsforhold, strøymingsforhold eller vasskvalitet

Der det er aktuelt, skal det gjerast ei vurdering av risikoen dersom havnivået stig, for dei planlagde produksjons- og overføringsanlegga.

7.2 Marinbiologi

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje marinbiologien i aktuelle fjordområde
- å skildre konsekvensane av tiltaket for ulike naturtypar, artar og artsgrupper
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Når ein skal kartleggje dagens forhold, er det tilrådd at DNs handbok 19 (Kartlegging av marint biologisk mangfold) blir lagt til grunn for identifisering og skildring av verdifulle lokalitetar.

I registrerte område med verdifulle lokalitetar skal ein prøve å undersøkje om det finst raudlisteartar i den aktuelle lokaliteten. Artar som er omfatta av DNs handlingsplanar, skal omtalast spesielt (www.dirnat.no/truaarter).

I kartleggingsarbeidet skal det også leggjast vekt på å identifisere område som har særleg tyding for artar som er viktige for fiskerinæringa.

7.3 Marine ressursar

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje marine ressursar i aktuelle fjordområde og utnyttinga av desse
- å skildre konsekvensane av tiltaket for marine ressursar
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Når ein skal kartleggje dagens forhold, må det hentast inn opplysingar om følgjande forhold:

- omfanget av fiske i aktuelle område
- omfanget av fiskeoppdrett i aktuelle område
- anna næringsverksemd med grunnlag i marine ressursar som det er venta at tiltaket vil få følgjer for

Dersom tiltaket kan få følgjer for viktige område i næringsssamanheng, f. eks. lokale gyte- og oppvekstområde, lokale fiskefelt, kaste- og låssetjingsplassar, område der det er oppdrettsverksemd, og område med tareskog, skal det gjerast greie for kva konsekvensar tiltaket vil få for utnyttinga av dei marine ressursane.

7.4 Massedeponi i sjø

Dersom det er planlagt massedeponi i sjø, må ein vurdere dei moglege konsekvensane av dette i forhold til biologi, forureining og ressursutnytting.



8. Kulturminne og kulturmiljø

Omgrepa kulturminne og kulturmiljø er definerte i kulturminnelova. Med kulturminne meiner vi alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet, medrekna lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Kulturmiljø omfattar dei fysiske omgivnadene våre der kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng – som urbane bygningsmiljø, bygdesentrum, kulturlandskap eller andre område med ein funksjonell samanheng.

Fylkeskommunen/Riksantikvaren er styresmakt for kulturminne. Kulturminne under vatn (marint og ferskvatn) blir forvalta av sjøfartsmusea/landsdelsmusea. Det er viktig at tiltakshavaren tek kontakt med kulturminnestyresmakta tidleg i prosessen.

Kulturminne som er frå før 1537, er automatisk freda etter kulturminnelova. Marine og samiske kulturminne er automatisk freda dersom dei er eldre enn 100 år. Vi har teke for oss samiske kulturminne og kulturmiljø i eit eige kapittel (punkt 10).

Etter kulturminnelova § 9 har tiltakshavaren plikt til å undersøkje om tiltaket verkar inn på automatisk freda kulturminne. Omfanget av undersøkingsplikta, og når undersøkinga skal gjennomførast, må avklarast med kulturminnestyresmakta. NVE tilrår at kulturminne blir greia ut på eit slikt nivå at fylkeskommunen kan vurdere om undersøkingsplikta etter § 9 må oppfyllest før det kan gjerast vedtak om konsesjon, eller om konfliktnivået ikkje er større enn at det kan gjerast i samanheng med at detaljplanane eventuelt blir godkjende.

NVE meiner det er naturleg å skilje mellom undersøkingar i område der det vil bli gjort inngrep med små moglegheiter for justeringar (for eksempel inntak, dammar, utløp, aktuelle elvestrekningar), og dei områda der ein gjennom detaljplanlegginga kan justere inngrepa slik at ein kan ta omsyn til eventuelle kulturminne (massedeponi, anleggsvegar, overføringsanlegg, riggområde m.m.). Der inngrepa kan justerast, blir det sett på som mest hensiktsmessig å utsetje utgreiingsplikta og oppfylle henne gjennom detaljplanlegginga. Dette må avklarast med kulturminnestyresmakta.

Dersom det blir gjort funn av automatisk freda kulturminne som tiltaket vil få følgjer for, er det nødvendig med eit eige løyve etter § 8 for å gjennomføre tiltaket.

Føremålet med utgreiinga er å:

- utarbeide ei skildring av kulturmiljø og kulturminne i tiltaks- og influensområdet
- utarbeide ei skildring av kva konsekvensar tiltaket vil få
- foreslå eventuelle alternative løysingar for lokalisering, utforming og tilpassing, eller andre avbøtande tiltak

Aktuelle moment når dagens situasjon for kulturmiljø og kulturminne skal skildrast, er:

- ei utgreiing av kva kulturminne og kulturmiljø som finst i tiltaks- og influensområdet
- ei utgreiing av objekt eller område som er regulerte og avsette på planar, for eksempel i samsvar med plan- og bygningslova, som er under freding, eller som ein planlegg å regulere

I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt å undersøkje kulturminne under vatn, for eksempel i planlagde reguleringsmagasin, innsjøar, elveutløp, eller i sjøen.

Enkelte eldre vasskraftverk er dokumenterte og vurderte som kulturminne jf. ”Kulturminner i norsk kraftproduksjon” (KINK) (2006). I saker som vedkjem slike kraftverk og som er underlagde KU-føresegnene, vil det vere naturleg at dette inngår som tema i konsekvensutgreiinga. Det same gjeld bevaringsverdige vassdragstekniske anlegg, m.a. omtalt i boka Kulturminner i vassdrag (2010).

9. Forureining, vasskvalitet

Forureining er definert i forureiningslova § 6 som:

- tilføring av fast stoff, væske eller gass til luft, vatn eller grunn
- støy og ristingar
- lys og anna stråling i den utstrekning forureiningsstyresmakta avgjer
- påverknad av temperaturen som er eller kan vere til skade eller ulempe for miljøet

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for at det blir sett i verk tiltak for å hindre at forureining oppstår, jf. § 7 i forureiningslova. Tiltakshavaren har plikt til å søkje om utleppsløyve for verksemd som er eller kan vere til skade eller ulempe for miljøet. Forureiningsstyresmakta kan gi slikt løyve etter § 11 i forureiningslova.

Vi gjer spesielt merksam på at tiltakshavaren alltid må søkje Fylkesmannen om eige utleppsløyve etter forureiningslova for anleggsperioden. Forholda som er nemnde her, skal likevel vere ein del av KU.

9.1 Utslepp til vatn og grunn

Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje dagens miljøtilstand i vassførekomstane i tiltaksområdet og eksisterande kjelder til forureining av miljøet
- å gjere greie for konsekvensane av tiltaket for forureiningssituasjonen, både i forhold til moglege endringar i miljøtilstanden i vassførekomstane og anna forureining
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Influensområdet omfattar også områda nedstrøms kraftstasjonsutløpet dersom ein kan vente vasskvalitetsendringar her.

Som utslepp til vatn reknar vi sanitærvatn, arealavrenning, punktavrenning og produksjonsvatn frå industriverksemd, avrenning frå forureina areal samt generell avrenning frå utbygde areal. Vassforureining kan sorterast i ulike typar: verknader av nærings salt, organiske stoff, forsurande stoff, miljøgifter, olje, partiklar og tarmbakteriar.

Når ein skal framstilla dagens situasjon med omsyn til vasskvalitet, kan det vere aktuelt å gjere nærmare greie for følgjande forhold:

- miljøtilstanden i vassførekomstane / eksisterande vasskvalitet (pH, alkalinitet, nærings salt (fosfor, nitrogen), farge, elektrolyttinnhald, eventuelle miljøgifter)
- kva for forureiningskjelder som verkar inn på vassførekomstane
- kva for brukarinteresser som er knytte til vassførekomstane (eks: drikkevatt/vassforsyning, jordvatning)
- vassførekomstane sin status etter EUs rammedirektiv for vatn, som inkluderer eventuelle fastsette miljømål og forvaltingsplanar med tiltaksprogram
- lokalisering, tilstand og kapasitet for eventuelle leidningsnett og reinseanlegg (offentlege eller private) det kan vere aktuelt å kople avløpet til
- dersom det er gjort overvakingsundersøkingar i nærområda, skal det gjerast greie for konklusjonen frå desse

Tiltakshavaren er ikkje ansvarleg for å klassifisere vassførekomstane etter EUs vassdirektiv. Dette er styresmaktene si oppgåve.

I omtalen av kva for konsekvensar tiltaket kan få for vassførekomstane sin miljøtilstand, er det aktuelt å vurdere følgjande forhold:

- kva for utslepp til vatn tiltaket vil føre til, medrekna utleppsvolum, temperaturen på utleppsvatnet og konsentrasjonen av alle utleppskomponentane (nærings salt, organisk materiale, forsurande stoff, miljøgifter, partiklar, tarmbakteriar og olje)
- eventuelle skadeverknader ein kan vente seg på grunn av utleppet
- moglege konsekvensar for vassførekomstane si tyding som ressurs for vassforsyning, jordvatning og liknande

- konsekvensar som kan komme i konflikt med lokale miljømål
- effekten av potensiell avrenning frå planlagde massedeponi i eller nær vatn/vassdrag

Når det gjeld avbøtande tiltak, vil det m.a. vere aktuelt å gjere greie for:

- eventuelle planlagde reinseanlegg eller andre utsleppsreducerande tiltak, og dei utsleppsreduksjonane ein oppnår
- andre teknisk moglege tiltak

Prøvetaking, analyse og datahandsaming skal utførast etter godkjende metodar.

9.2 Anna forureining

Når ein skal gå inn på dagens situasjon med omsyn til andre typar forureining, kan det vere aktuelt å gjere nærmare greie for:

- eksisterande støyforhold og omgivnadene si evne til å fange opp støy
- luftkvalitet

Når ein skal framstilla konsekvensane av tiltaket for anna forureining, kan det vere aktuelt å gjere greie for:

- moglege støvplager
- utslepp av gass
- eventuell støy og vibrasjonar

Når det gjeld moglege avbøtande tiltak, kan det vere aktuelt å skildre i kva grad det er mogleg å dempe støyen, og tiltak for å redusere støvutvikling og annan luftforureining osv.

10. Samisk natur- og kulturgrunnlag

I tradisjonelle samiske bruksområde (Finnmark, Troms, Nordland og Nord-Trøndelag samt enkelte kommunar i Sør-Trøndelag, Hedmark og Møre og Romsdal) er det ofte nødvendig å gjere nærmare utgreiingar omkring samisk natur- og kulturgrunnlag. Vi har her valt å samle alle forhold som dreier seg om samiske interesser, slik at ein enklare kan sjå desse i samanheng med kvarandre.

10.1 Samiske kulturminne og kulturmiljø

Samiske kulturminne som er eldre enn 100 år, er automatisk freda etter kulturminnelova. Sjølv om det i område med kulturminne ikkje blir drive samisk næringsutøving i dag, kan desse vere viktige i ein samisk kultursamanheng og ha nær tilknytning til tidlegare bruk av areal og naturressursar.

For samiske kulturminne og kulturmiljø vil føremålet med delutgreiinga og krava til innhald i all hovudsak vere det same som for andre kulturminne og kulturmiljø. Vi viser derfor til punkt 8 ovanfor for ein nærmare omtale og rettleiing om dette. Sametinget er styresmakt for samiske kulturminne, mens fylkeskommunen har ansvaret for andre kulturminne. Sametinget og fylkeskommunane har utarbeidd samarbeidsavtalar i dei fleste tradisjonelle samiske (bruks)områda. Desse avtalane forpliktar til samarbeid i forvaltinga av kulturminne, men ein må likevel vende seg til to styresmakter når det gjeld å avklare tiltaket etter kulturminnelova: Sametinget og fylkeskommunen.

For Finnmark har Sametinget utforma konkrete retningslinjer for korleis samiske omsyn skal vurderast ved endra bruk av meahcci (utmark) (2007). Dette er retningslinjer som skal bidra til å sikre naturgrunnlaget og den vidare utviklinga av samisk kultur, reindrift, utmarksbruk, næringsutøving og samfunnsliv.

10.2 Reindrift

Reindrift er ei lita næring i nasjonal målestokk, men både i samisk og lokal samanheng er ho svært viktig, både økonomisk, sysselsetjingsmessig og kulturelt. Reindriften er ein viktig del av det materielle grunnlaget for samisk kultur.

Reindriften er avhengig av store areal for å dekkje reinen sine behov for ulike sesongbeite og ubrotne flytteveggar mellom dei. Næringa er sårbar for negative påverknader som reduserer storleiken eller kvaliteten på beitelandet, eller som på andre måtar gjer det vanskelegare for reinen å utnytte areal som allereie frå naturen si side er marginale. Generelt er kalvingsområde, paringsland, flyttleie, trekkleie og reindriftsanleggsområde dei mest sårbare og verdifulle områda.

Totaleffekten av mange små inngrep og forstyrrende aktivitetar i reinbeiteland kan vere større enn det verknadene av dei enkelte inngrepa skulle tilseie. Tap, oppstykking og redusert bruk av beiteland gjennom utbygging og menneskeleg aktivitet er i dag ein av dei viktigaste faktorane som verkar inn på arealgrunnlaget til reindriften, og dermed også på næringa i sin heilskap.

Føremålet med delutgreiinga er:

- å gi ei framstilling av reindriftsaktiviteten i tiltaks- og influensområdet
- å gi ei vurdering av kva konsekvensar tiltaket kan få for reindriften
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Aktuelle moment ved skildring framstilling av reindriften:

- greie ut dagens reindrift i området (omfang, tal på utøvarar m.m.)
- utforme kart som viser bruken av området
- vurdere området sin funksjon og verdi sett i forhold til heile reinbeitedistriktet
- skildre område av særleg verdi og minimumsbeite

Konsekvensar av inngrep og forstyrningar for reindriften kan delast inn i lokale, regionale og kumulative effektar.

Når ein skal gå inn på konsekvensane av tiltaket for reindriften, er det viktig å få fram dette:

- om det får følgjer for område av særleg verdi og minimumsbeite
- om inngrep/tiltak får konsekvensar for utøvinga
- eventuelle lokale effektar
 - o auka energibruk for reinen
 - o stressreaksjonar
 - o tapt beitetid når reinen blir skremd
 - o permanent tap av det beitelandet som blir fysisk nedbygd eller oppdyrka
- eventuelle regionale og kumulative effektar
 - o redusert bruk av beiteland rundt utbyggingsområdet og trafikkårer
 - o sperring eller vanskeleggjering av bruk av trekk- og flyttleie
 - o avskjering av større beiteområde frå bruk
 - o fortetting av dyr på mindre areal og dermed større beitetrykk og auka slitasje på låg-beita (redusert slaktevekt og kalveprosent)

Det er i tillegg viktig å få vurdert dei samla effektane av ulike planar og tiltak innanfor det enkelte reinbeitedistriktet (jf. vedlegg III til KU-forskrifta).

Under omtalen av moglege avbøtande tiltak, skal det i tillegg til prosjektmessige justeringar vurderast om og eventuelt korleis reindriften kan tilpasse seg utbyggingsplanane.

Utgreiinga bør gjennomførast på grunnlag av rettleiaren frå reindriftsforvaltinga om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova. Oppdatert versjon finst på reindriftsforvaltinga sine nettsider: www.reindrifft.no. Informasjon skal hentast inn frå Reindriftsforvaltningen, reinbeitedistriktet og utøvarane.

10.3 Andre forhold

I tillegg til kulturminne/kulturmiljø og reindrift vil vi peike på det at samiske interesser kan vere viktig å vurdere i samband med fleire tema under punkt 12, Samfunn. Dette må tiltakshavaren ta stilling til i den enkelte saka, og for dei enkelte fagtemaa. Det kan også vere sett konkrete krav i utgreiingsprogrammet.

11. Naturressursar

Med naturressursar siktar vi til den delen av naturgrunnlaget som blir nytta til økonomisk verksemd. Naturressursar omfattar her jord- og skogressursar, ferskvassressursar og mineral- og masseførekomstar.

11.1 Jord- og skogressursar

Dette omfattar dyrka mark, produktiv skog, utmarksbeite og dyrkbar mark i skog eller på annan grunn.

Føremålet med utgreiinga er å:

- skildre jord- og skogressursane i tiltaks- og influensområdet
- skildre konsekvensane av tiltaket for desse forholda
- vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Dette bør inngå i skildringa av dagens forhold:

- berekning av kor stort areal dyrka mark tiltaket får følgjer for, med ei skildring av arealtilstand og agronomiske eigenskapar
- oppgåve over bonitet med arealberekning og ståande kubikkmasse av dei delane av eigedomane som inngrepa får vesentlege følgjer for
- arealet av utmarksbeite som tiltaket får følgjer for, med ei skildring av beitekvalitet
- oversikt over dyrkbar mark i skog eller på annan aktuell grunn
- oppgåve over hus, hytter, naust, seterhus og andre bygningar som anlegget vil verke inn på
- reindrift i fjellområde i kommunar i Oppland, Buskerud og Sogn og Fjordane (Lom, Vågå, Fram og Filefjell tamreinlag)

Utgreiinga kan gjennomførast på grunnlag av rettleiaren frå Landbruksdepartementet, ”Konsekvensutredningar og landbruk”. Ein føresetnad er at tiltakshavaren så vidt mogleg har vore i kontakt med grunneigarar og rettshavarar som anlegget vil få følgjer for, og at desse er informerte om planane for inngrepa.

Det kan vere naturleg å ta følgjande moment inn i vurderingane rundt konsekvensane av tiltaket:

- Venta skadar og ulemper for drifta av eigedomane (for eksempel tap av naturleg gjerde, nye barrierar).
- Moglege endringar i grunnvasstanden, med overslag over område som kan få endra dreneringsevne (jf. punkt 2.3 om grunnvatn).
- Ved oppdemming av vatn skal arealet mellom HRV og HRV + 1 m bereknast. Det skal opplysast om boniteten av dette arealet.

- Informasjon om areal som ein føreset vil bli omdisponert eller gå ut av produksjon (tap av dyrka eller dyrkbar mark)
- Omtale av areal som må bandleggjast (for eksempel anleggsveggar og riggområde), slik at jord- og skogbruksverksemd må avgrensast. Ein må oppgi eit tidsperspektiv for bandlegginga og arealstatus etter dette.

Utgreiinga må sjåast i samanheng med andre relevante utgreiingar.

11.2 Ferskvassressursar, inkludert grunnvatn

Ferskvassressursane omfattar ferskvatn som ressurs for drikkevassforsyning og ulike former for næringsverksemd, som gardsdrift (jordvatning, vassforsyning til husdyr), industri (industriprosessvatn), akvakultur og kraftproduksjon.

Føremålet med utgreiinga er å:

- skildre ferskvassressursane i tiltaks- og influensområdet
- skildre konsekvensane av tiltaket
- vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Når ein skal skildre dagens forhold, må det gjerast greie for følgjande:

- eksisterande og planlagde drikkevassuttak frå overflatekjelder og grunnvatn
- eksisterande og planlagde uttak til gardsdrift, industriprosessvatn eller akvakulturanlegg
- eventuelle eksisterande kraftverk som får endra driftsvassføring eller må leggjast ned

11.3 Mineral- og masseførekomstar

Mineral- og masseførekomstar omfattar mineralske ressursar som er eigna til produksjon av metall, industrimineral samt byggeråstoff. Omgrepet omfattar førekomstar i laus masse så vel som i fast fjell.

Føremålet med utgreiinga er å:

- skildre mineralske førekomstar, medrekna sand, grus og pukkk i tiltaks- og influensområdet
- skildre konsekvensane av tiltaket
- vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak

Når ein skal skildre dagens forhold, kan det vere aktuelt å gjere greie for følgjande:

- type førekomst og kvaliteten på han i tiltaks- og influensområdet
- storleiken på førekomsten (areal og volum)
- verneverdige eller drivverdige førekomstar
- den totale ressurstilgangen i regionen

Eventuelle førekomstar skal visast på kart.

12. Samfunn

Dei samfunnsmessige konsekvensane gjeld forholdet mellom menneske og menneskeskapte institusjonar. Samfunn er her delt inn i enkelttemaa næringsliv og sysselsetting, utvikling i folkesetnad og bustadbygging, tenestetilbod og kommunal økonomi, sosiale forhold, helsemessige forhold, friluftsliv og reiseliv. Desse temaa heng nært saman, og er naturlege å sjå i samanheng med kvarandre.

12.1 Næringsliv og sysselsetjing

Næringsliv og sysselsetjing omfattar all aktivitet, både privat og offentleg, som er organisert for produksjon av varer, tenester og forteneste/velferd.

Når ein skal skildre dagens forhold, konsekvensar i anleggs- og driftsfasen og eventuelle avbøtande tiltak, kan det vere aktuelt å gå nærmare inn på:

- eksisterande næringsverksemd i området som utbygginga kan få positive eller negative følgjer for, både direkte og i form av ringverknader
- sysselsetjingssituasjonen i aktuelle kommunar
- moglegheitene for å levere lokale varer og tenester under bygging og drift av anlegget
- behovet for arbeidskraft i anleggs- og driftsfasen
- relevante ressursar i den lokale arbeidsmarknaden

12.2 Utvikling i folkesetnad og bustadbygging

Utvikling i folkesetnad og bustadbygging omfattar endringar i folketalet og samansetjinga av folkesetnaden i aktuelle kommunar og regionar, både på kort og lang sikt. Det er viktig å vere merksam på eventuelle endringar som kan verke inn på tenestetilbodet i kommunane.

Utbyggingstiltak med stor, men relativt kortvarig bemanning i anleggsperioden, kan føre til belastningar på lokalsamfunnet. I slike tilfelle bør konsekvensutgreiinga drøfte korleis utbyggingsfasen kan organiserast på best mogleg måte, kva for avbøtande tiltak som kan setjast i verk, og korleis overgangen mellom anleggsfase og driftsfase er tenkt å skulle gjennomførast.

Dette fagtemaet bør sjåast i samanheng med utgreiinga for forholdet til offentlege planar (del IV, punkt 3.14).

12.3 Tenestetilbod og kommunal økonomi

Tenestetilbod og kommunal økonomi dekkjer den servicen som folk i området blir tilbydde, anten han er produsert av private eller offentlege, samt korleis tiltaket verkar inn på dei framtidige inntektene og utgiftene til kommunen/kommunane.

Når ein skal skildre dagens forhold, konsekvensar i anleggs- og driftsfasen og eventuelle avbøtande tiltak, kan det vere aktuelt å gå nærmare inn på:

- eksisterande kapasitet i tenestetilbodet og moglege behov for endringar
- kva for krav tiltaket gir til privat og kommunal tenesteyting, og eventuelt til ny kommunal infrastruktur
- forhold som verkar inn på inntektene og utgiftene til kommunane (konesjonskraft og -avgifter, skatteinntekter osv.)

12.4 Sosiale forhold

Sosiale forhold omfattar alle faktorar som har noko å seie for menneska sin trivsel og livskvalitet.

Når ein skal skildre dagens forhold, konsekvensar i anleggs- og driftsfasen og eventuelle avbøtande tiltak, kan det vere aktuelt å gå nærmare inn på:

- funksjonar og tilbod som er viktige for levekåra og trivselen til folk (f.eks. sosialt nettverk, bustader og bumiljø, arbeidsplassar, barnehagar, skoler, fritidssenter, eldresenter, idrettsanlegg, kulturaktivitetar, tilbod i regi av frivillige organisasjonar)
- vesentlege endringar i sosiale forhold i området som er venta som følge av tiltaket (f.eks. sterk folketilvekst eller endra samansetjing av folkesetnaden)

- moglege endringar i behovet for eller tilgangen til offentlege sosialtenester, servicefunksjonar og helsetenester
- mogleg behov for førebyggjande tiltak eller oppbygging av beredskap, spesielt i forhold til ulykker eller akutte uhellssituasjonar
- ei vurdering av om tiltaket har vesentlege forskjellige konsekvensar i anleggsfasen, og i driftsfasen

12.5 Helsemessige forhold

Helse omfattar både fysisk og psykisk helse. Helsekadar er gjerne delt inn i tre kategoriar: (1) kroppslige sjukdomar eller plager, (2) psykiske sjukdomar eller plager og (3) ulykker.

Når ein skal skildre dagens forhold, konsekvensar i anleggs- og driftsfasen og eventuelle avbøtande tiltak, kan det vere aktuelt å gå nærmare inn på:

- folket si helse og fordelinga av helsa hos folket
- lokaliseringa til tiltaket i forhold til f.eks. badeplassar, drikkevasskjelder, jordbruksområde, leike- og opphaldsstader for barn, turveggar, gang/sykkelvegar og grøntstruktur
- om tiltaket aleine eller i samspel med andre faktorar kan føre til helsemessige problem, ulykker og sjukdomar på kort eller lang sikt
- endringar i trafikkmønster og -belastning på relevante strekningar (f.eks. skulevegen til barn)

Temaet må mellom anna sjåast i samheng med forureining og sosiale forhold.

12.6 Friluftsliv, jakt og fiske

Friluftsliv, jakt og fiske inneber opphald og fysisk aktivitet i friluft med sikte på m.a. miljøforandring og naturoppleving. Føremålet med delutgreiinga er:

- å kartleggje friluftaktivitetar som er i området i dag, samt kva potensial området har for utøving av slike aktivitetar
- å skildre konsekvensane av tiltaket for utøvinga av friluftaktivitetar
- å vurdere behovet for / føreslå avbøtande tiltak



Ut frå mellom anna det som er greia ut om landskap, naturmiljø og kulturmiljø, skal det i KU gjerast greie for forhold i området som kan tenkjast å ha noko å seie for naturopplevinga, dvs:

- naturkvalitetar (dyreliv, fugleliv, vegetasjon, geologi, landskapsformer)
- kulturkvalitetar (kulturminne og kulturmiljø)
- landskapskvalitetar (landskapstypar, sjeldan i nasjonal, regional og lokal målestokk)
- andre kvalitetar

Når ein skal skildre kor godt eigna området er til friluftsliv, jakt og fiske, skal det gjerast greie for:

- tilgjengelegheit (tilkomst til området, framkome, stiar og skiløyper)
- kva for aktivitetar som kan utøvast (sommars/vinter)
- lokalisering i forhold til folkesenter
- storleik og form på tiltaksområdet og tilgrensande område som eignar seg til friluftsføremål

Influensområdet omfattar heile friluftsområdet som tiltaket er lokalisert i eller er ein del av.

Avgrensinga må sjåast i samheng med avgrensinga i kapitla om landskap, naturmiljø og kulturmiljø.

Det må gjerast greie for dagens bruk av området:

- kven som bruker området (aldersgrupper, folk frå nærmiljøet eller langvegfarande osv.)
- korleis og kvifor det blir brukt (f.eks. rasting, bading, båtturar, fotturar, skiturar, leik, bærplukking, jakt, fiske osv.)
- om området er ein del av tilkomsten til eit område av verdi for friluftsliv
- om området er ein del av eit større friluftsområde
- kva for viltførekomst som finst i området, og korleis dei blir utnytta
- kva for fiskeressursar som finst i området, og korleis dei blir utnytta (inkludert avkastning)
- om det finst viktige fiskeplassar og andre tilrettelagde forhold, fisketrapper eller andre biotopjusterande og kultiverande tiltak av eit visst omfang i området
- korleis fisket er organisert

Tiltakshavaren må gjere greie for om tiltaks- og influensområdet er verna eller sikra som friluftsområde i samsvar med særlover, eller regulert i medhald av plan- og bygningslova (dvs. friluftsområde med planstatus).

Skildringa bør m.a. klargjere følgjande:

- kva for brukargrupper tiltaket får følgjer for
- i kor stor grad tiltaket kan føre til endra bruk av området for dei ulike brukarane
- korleis dei framtidige moglegheitene for utvikling av friluftslivet blir i det aktuelle området (potensial, framtidig arealutvikling, tilrettelegging)

DN-handbok 18 (Friluftsliv i konsekvensutredningar etter plan- og bygningsloven) og DN-handbok 25 (Kartlegging og verdsetting av friluftsområder) kan gi nyttige innspel med tanke på metodikk.

12.7 Reiseliv

Reiseliv og turisme (omgrepa er her brukt synonymt med kvarandre) er ei sentral næring i store delar av landet og ein stor bidragsytar til lokal verdiskaping. Vatn og vassdrag utgjer viktige område for den natur- og opplevingsbaserte delen av reiselivet.

Aktuelle moment ved skildring av dagens situasjon for reiseliv er:

- utgreiing av interessene knytte til reiseliv og turisme i influensområdet
- omtale av kva for reiselivsaktivitetar og -aktørar som finst, for eksempel naturbaserte aktivitetar, støls- og jaktturisme, kultur- og naturguiding, diverse vassrelaterte aktivitetar m.m.
- turistanlegg (hotell, campingplassar og liknande), turisthytter og løypenett, hytteområde, sportsanlegg, tilrettelagde rasteplassar langs veg m.v. bør kartfestast. I tillegg bør viktige turistattraksjonar visast på kart, medrekna landskapselement samt natur- og kulturelement som er viktige for opplevinga i reiselivssamanheng.

Opplysingar om reiselivet kan hentast inn frå NHO Reiseliv, Innovasjon Noreg, fylkeskommunen, og frå lokale og regionale reiselivsaktørar.

Det skal vurderast kva verdi området har for reiseliv, basert på dagens bruk, eksisterande planar, og ut frå kor godt eigna området er til ulike reiselivsaktivitetar. Det bør gå fram i kor stor grad området har noko å seie for reiselivet i lokal, regional, nasjonal eller internasjonal samanheng.

Konsekvensane for reiselivet skal vurderast ut frå korleis utbygginga vil kunne verke inn på verdien av området for reiselivet. Eventuelle erfaringar frå andre område i Noreg kan hentast inn om ein finn det nødvendig.

DEL VI

Søknader som ikkje fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar



1. Generelt	82
2. Små kraftverk (< 10 MW) og mindre opprustings- og utvidingsprosjekt etter vassressurslova	82
2.1 Definisjonar.....	82
2.2 Vurdering av konsesjonsplikt	82
2.3 Heimlar for handsaming.....	82
2.4 NVEs sakshandsaming.....	83
3. Større kraftverk (> 10 MW) og større opprustings- og utvidingsprosjekt etter vassressurslova	84
4. Tiltak etter vassdragsreguleringslova	84
5. Søknad om ny konsesjon etter utgått konsesjonstid	84

1. Generelt

Konsekvensar og vesentlege verknader skal alltid greiast ut for alle konsesjonspliktige vassdragstiltak, også dei som ikkje fell inn under plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiingar. Hovudforskjellen mellom planar som fell inn under KU-forskrifta, og tiltak som skal handsamast direkte etter vassdragslovgivinga, er at meldingsfasen fell bort. I tillegg vil krava til nødvendige undersøkingar ofte vere mindre omfattande. Dette gir vanlegvis ei enklare og mindre tidkrevjande planlegging og søknadshandsaming.

Det kan vere ein fordel å sende ei orientering til NVE når planlegginga blir sett i gong, med det føremålet å utarbeide ein søknad. NVEs vidare handsaming vil avhenge av type sak og omfanget av henne. NVE vil informere tiltakshavaren om den nødvendige søknadshandsaminga, krav til søknad og behov for informasjon til distriktet m.v.

I det vidare omtalar vi retningslinjer for ulike typar søknader utan krav til KU.

2. Små kraftverk (< 10 MW) og mindre opprustings- og utvidingsprosjekt etter vassressurslova

2.1 Definisjonar

NVE bruker nemninga mikrokraftverk på kraftstasjonar med installasjon under 100 kW, nemninga minikraftverk på kraftstasjonar med installasjon frå 100 kW til 1000 kW, mens stasjonar med installasjon frå 1000 kW til 10 000 kW blir omtalt som småkraftverk. Når det gjeld konsesjonsplikt, har ikkje desse grensene noko å seie.

2.2 Vurdering av konsesjonsplikt

For dei minste kraftverka eller tiltak med svært små verknader er det ikkje sikkert at tiltaket treng konsesjon etter vassressurslova. For å få vurdert om eit tiltak er konsesjonspliktig eller ikkje må utbyggjaren ta kontakt med NVE, som vil vurdere og avgjere dette etter § 18 i lova. NVE har utarbeidd eit skjema som tiltakshavaren skal nytte når han skal vurdere om det er konsesjonsplikt (www.nve.no/smaakraft).

Sjølv om eit tiltak ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, kan det krevjast at det blir handsama etter lov av 15. mai 1992 nr. 47 om laksefisk og innlandsfisk mv. (laksefisklova) dersom tiltaket har særleg verknad for fiskeressursane. Her er retten til å ta avgjerd lagd til Fylkesmannen. Dersom tiltaket blir handsama etter vassressurslova (eller vassdragsreguleringslova), skal det ikkje handsamast etter laksefisklova, jf. § 7, femte ledd.

Dersom utbygginga ikkje er konsesjonspliktig, må tiltakshavaren avklare med kommunen om tiltaket treng dispensasjon frå arealplanen og/eller treng byggjeløyve. Elles gjeld vassressurslova § 5 om aktsemdsplikt, § 37 om vedlikehald og § 41 om nedlegging også for konsesjonsfrie tiltak.

2.3 Heimlar for handsaming

Handsaming av små kraftverk vil normalt skje etter reglane i vassressurslova. Dersom det samtidig blir søkt om overføring eller regulering av vassføring over året som fører til ein kraftauke på meir enn 500 naturhestekrefter, vil handsaminga følgje reglane etter vassdragsreguleringslova. Sjå nærmare detaljar om dette i del I, punkt 1 og punkt 4 nedanfor.

Alle løyve til kraftutbygging etter vassressurslova som er mindre enn 10 MW, blir gitt av NVE. Unntak frå dette står i vassressurslova § 22, der Olje- og energidepartementet er styresmakt for saker

som kjem i konflikt med samla planlegging for bruk eller vern av vassdrag.

Dersom utbyggjaren må skaffe fallrettar, og ei hensiktsmessig utbygging av fallet kan gi meir enn 4000 naturhestekrefter, vil tiltaket vere konsesjonspliktig etter industrikonsesjonslova, jf. del I. Løyve etter industrikonsesjonslova kan berre tildelast til offentlege eigarar, dvs. der det er meir enn 2/3 offentlig eigarskap.

Prosjekt skal også avklarast i forhold til Samla plan for vassdrag dersom utbyggingsområdet er omfatta av prosjekt som tidlegare er vurderte i Samla Plan (jf. del I, punkt 5).

I vassdrag som er verna mot kraftutbygging i Verneplan for vassdrag, har Stortinget opna for at det kan givast konsesjon for kraftverk mindre enn 1000 kW (mikro- og minikraftverk). Sjå del I, punkt 6 og informasjon om verneplan på NVEs småkraftsider (www.nve.no/smaakraft). Alle søknader om utbygging i verna vassdrag blir handsama av NVE.

Frå 1. januar 2010 er fylkeskommunen styresmakt for kraftverk med installert effekt på inntil 1 MW. Det er likevel ein del unntak der NVE framleis skal gjere vedtak, m.a. saker i verna vassdrag. Elles skjer all sakshandsaming fram til vedtak hos NVE som før. Saker som skal avgjerast av fylkeskommunen, blir førebudd av NVE og sendt til fylkeskommunen når det er klart til å gjerast vedtak.

2.4 NVEs sakshandsaming

NVE tilrår at det blir søkt om konsesjon for kraftverk over 1000 kW utan at ein først får vurdert konsesjonsplikta, sidan desse vanlegvis vil vere konsesjonspliktige. Unntak er kraftverk som utnyttar fall mellom reguleringsmagasin, eller oppgradering av eksisterande kraftverk. Slike er i mange tilfelle ikkje konsesjonspliktige. NVE kan følgje opp slike anlegg i medhald av gjeldande vilkår.

Utkast til søknad skal sendast til NVE, som vil kontrollere at utkastet inneheld alle nødvendige opplysingar, før den endelege søknaden blir sendt ut på offentlig høyring. Mal til søknad ligg på NVEs nettsider under www.nve.no/smaakraft og saksgang. Her ligg også skjema for hydrologiske forhold og skjema for klassifisering av dammar og trykkroyr.

For kraftverk mellom 1000 og 10 000 kW må ein undersøkje kva biologisk mangfald som kan bli påverka av tiltaket. NVE og Direktoratet for naturforvaltning har laga ein eigen rettleiar for dette arbeidet. Denne finn ein på: www.nve.no/smaakraft. NVE står elles fritt til å påleggje dei undersøkingane som er nødvendige, jf. vassressurslova § 23. Det er NVE sitt ansvar å sjå til at saka er fullstendig opplyst, jf. forvaltingslova § 17.

Vidare sakshandsamingsrutinar er skildra i faktaarket ”Saksbehandlingsrutiner ved søknad om konsesjon etter vannressurslovens § 8 der NVE kan gi tillatelse”. Dette ligg også tilgjengeleg på: www.nve.no/smaakraft.

Opprustingar og utvidingar som er konsesjonspliktige etter vassressurslova § 8 og 10, blir i stor grad handsama på same måte som småkraftverk.

Utbygging i verna vassdrag blir handsama etter same rutinar som andre kraftverksaker, men dei allmenne interessene skal vurderast strengare og med særleg omsyn på vernekriteria. Dette inneber at det skal mindre til for å utløyse konsesjonsplikt i eit verna enn i eit ikkje-verna vassdrag, og det er vanskelegare å få konsesjon.

OED har vedteke retningslinjer for å utarbeide fylkesvise planar for utbygging av små vasskraftverk. Desse retningslinjene vil også bli lagde til grunn for NVEs konsesjonshandsaming av småkraftverk. Målet med retningslinjene er å styrkje grunnlaget for ei heilskapleg vurdering av konsesjonssøknader

for små vasskraftverk og gjere denne prosessen meir effektiv og enklare for utbyggjarar, styresmakter og resten av samfunnet. Retningslinjene er tilgjengelege på: www.nve.no/smaakraft.

3. Større kraftverk (> 10 MW) og større opprustings- og utvidingsprosjekt etter vassressurslova

Enkelte kraftverk med installasjon > 10 MW vil vere konsesjonspliktige etter vassressurslova § 8 og 10, men utan å falle inn under KU-forskrifta. Det same kan vere tilfelle med litt større opprustings-/utvidingsprosjekt. I slike saker vil kravet til innhald i søknaden som eit minimum vere som for småkraftverk. Det må i kvart enkelt tilfelle vurderast om det er nødvendig med fleire eller meir omfattande undersøkingar. Denne vurderinga blir gjort av NVE, eventuelt i samråd med andre styresmakter, som Fylkesmannen og kommunen. Søkjaren bør ta kontakt med NVE for å få avklart om det er behov for undersøkingar i den aktuelle saka, før søknaden blir sendt på høyring.

Når søknaden skal utformast, kan ein ta utgangspunkt i både malen for småkraftverk og oppsettet for ein søknad med KU, slik det er skildra i del IV og V i denne rettleiaren.

Saksgangen vil i hovudsak vere som for småkraftverk, sidan sakshandsaminga i begge tilfelle blir styrt av vassressurslova. Den viktigaste forskjellen frå småkraftverksaker er at NVE ikkje har fullmakt til å ta avgjerd i saka, men må skrive innstilling til OED. Regjeringa er konsesjonsstyresmakt.

4. Tiltak etter vassdragsreguleringslova

Denne sakstypen omfattar tiltak som inneber å etablere nye reguleringsmagasin, utvide gamle eller etablere overføringar som er konsesjonspliktige etter reguleringslova, men som altså ikkje er KU-pliktige. All utviding av eksisterande reguleringsmagasin eller etablering av nye overføringar i samband med eksisterande anlegg vil vere konsesjonspliktige etter reguleringslova. Denne sakstypen kan såleis omfatte alt frå relativt små tiltak, opp til tiltak som fell inn under KU-forskrifta.

I likskap med litt større tiltak etter vassressurslova vil kravet til innhald i søknaden som eit minimum vere som for småkraftverk. Det må også her vurderast i kvart enkelt tilfelle om det er nødvendig med fleire eller meir omfattande undersøkingar, jf. omtalen i punkt 3.

Når ein skal utforme søknaden, er det for dei største prosjekta mest naturleg å ta utgangspunkt i oppsettet for ein søknad med KU, slik det er skildra i del IV og V i denne rettleiaren. Ein av grunnane til dette er at berekningar av magasinivolum, magasinkart, fyllingsberekningar og manøvreringsreglement er aktuelt, noko som sjeldan er tilfelle for småkraftverk.

Saksgangen i slike saker vil i stor grad vere lik sakshandsaminga for søknader med KU, fordi handsaminga av KU-saker i søknadsfasen følgjer reglane i vassdragsreguleringslova. Den viktigaste forskjellen for søknader etter reguleringslova utan KU er at det ikkje er vanleg å gjennomføre folkemøte i søknadsfasen. NVE har ikkje fullmakt til å ta avgjerd i saker etter reguleringslova, men må skrive innstilling til OED. Regjeringa er konsesjonsstyresmakt.

5. Søknad om ny konsesjon etter utgått konsesjonstid

Når tidsavgrensa konsesjonar går ut, etter femti eller seksti år, mistar konsesjonæren formelt alle rettar og plikter som i si tid blei etablerte i konsesjonen. Privatrettslege forhold, skjønnsavgjerder, avtalar og semjer blir ikkje påverka, med mindre dei er avhengige av konsesjonen. Konsesjon som er gått ut, etter industrikonsesjonslova (ervert av vassfall) inneber samtidig at anlegga fell heim til staten.

Etter lovendring av 26.09.2008 kan ikkje lenger konsesjonar for ervert av fall (industrikonsesjonslova) givast til private, dvs. til privatpersonar eller selskap der private eig meir eller

rår over meir enn 1/3 av aksjane. Dette inneber at alle nye konsesjonar etter industrikonsesjonslova berre kan givast til offentleg eigde føretak og dermed på uavgrensa tid.

I samband med lovendringa i industrikonsesjonslova blei det også gjort endringar i vassdragsreguleringslova. I vassdragsreguleringslova er det framleis ei opning for å gi konsesjonar med tidsavgrensing (§ 10 nr. 1). Dette er med tanke på spesielle tilfelle. Hovudregelen skal vere at konsesjonar etter reguleringslova skal givast utan tidsavgrensing (jf. Ot.prp. nr. 61, punkt 9.2).

Dersom eigarskapet til eit kraftverk eller ei regulering med tidsavgrensing endrar seg, slik at kraftverket eller reguleringa går over frå å vere privat eigd til å oppfylle krava til offentleg eigarskap, kan det søkjast om å få omgjort vilkåra, slik at konsesjonen blir gjort gjeldande på uavgrensa tid. Slike søknader skal sendast direkte til OED.

Dersom konsesjonæren vil drive reguleringsanlegga sine vidare når reguleringskonsesjonen er gått ut, må han søkje om ny konsesjon i same omfang som tidlegare. Krava til utgreiingsomfang i ein slik søknad vil som eit minimum kunne samanliknast med krava til eit revisjonsdokument. Dersom det samtidig er aktuelt å gjere vesentlege endringar i anlegget, f.eks. utvidingar, kan handsaminga av søknaden bli som for heilt nye tiltak, og det kan også bli aktuelt med melding etter føresegnene om konsekvensutgreingar i plan- og bygningslova.

I enkelte regulerings saker kan det vurderast om meldingssystemet etter PBL skal brukast for å klarleggje verknaden av reguleringa og forslag til undersøkingar. Det blir føresett å bruke ei forenkla meldingsform og KU, sidan inngrepa allereie eksisterer, jf. del II. Ein føresetnad er også at bruken av ei slik melding blir avklard med NVE.

Ein søknad om vidare regulering etter at konsesjonsperioden er gått ut, skal sendast til NVE minst 5 år før konsesjonen går ut.

Når ei vassdragsregulering har verka over lang tid, kan ein seie at det er etablert ein slags ny "naturtilstand", og det kan ofte vere vanskeleg å samanlikne denne med dei opphavlege, naturlege forholda. For at konsesjonsstyresmaktene skal kunne gjere ei ny reell søknadsvurdering etter vassdragsreguleringslova § 8, må søknaden skildre verknadene av reguleringa, eventuelt gjennom etterundersøkingar, i tråd med intensjonane i lova om slike opplysingar ved heilt nye tiltak. Samanlikningsgrunnlaget vil snarare bli ein tenkt situasjon der anlegga er lagde ned og fjerna, enn dei opphavlege naturlege forholda.

Sjølve søknadshandsaminga skjer stort sett på same måte som ved søknader om nye reguleringar. Dette inneber at konsesjonsstyresmaktene står fritt til å gi konsesjon eller avslå søknaden, heilt eller delvis. I dei fleste tilfelle vil vurderingane først og fremst dreie seg om nye vilkår og å gå gjennom manøvreringsreglementet. Regjeringa er konsesjonsstyresmakt

DEL VII

Revisjon av konsesjonsvilkår



Synfaring for revisjonssak Vinstravassdraget. Foto: Jøn Arne Eie

1. Generelt	88
2. Kva kan endrast ved ein revisjon?.....	88
3. Kven kan krevje revisjon?	89
4. Forholdet mellom revisjon og vassdirektivet.....	89
5. Forholdet til O/U-prosjekt	89
6. Prioritering og heilskapleg tilnærming ved revisjon	89
7. Avvegingar og omsyn ved revisjon	89
8. Innføring av standardvilkår	90
9. Saksgang	90

1. Generelt

Det er utarbeidd egne retningslinjer for revisjonssaker (www.nve.no), og det blir vist til desse for utdypande informasjon om å revidere konsesjonsvilkår og utarbeide revisjonsdokument. I det følgjande blir det derfor berre gitt ei oppsummering av dei mest vesentlege momenta i denne typen saker.

Revisjonsavgjerder kom inn i vassdragsreguleringslova (vregl) og industrikonsesjonslova (ikl) først i 1959, og revisjonstida blei sett til 50 år for konsesjonar som blir gitt på uavgrensa tid. Det er derfor berre konsesjonar som er gitt i 1959 og seinare som har føresegner om revisjon (etter 50 år) i vilkåra.

Ulike føresegner om tilgangen til revisjon gjer at revisjonssakene kan delast inn i ulike kategoriar etter mogleg revisjonstidspunkt (tabell 1).

Tabell 1. Inndeling etter mogleg revisjonstidspunkt

Inndeling	Mogleg revisjonstidspunkt
Tidsavgrensa konsesjonar gitt før 1959	Ikkje revisjon av vilkår, men ny handsaming når konsesjonen går ut
Tidsuavgrensa konsesjonar gitt før 1959	Kan reviderast etter 50 år rekna frå konsesjonstidspunktet
Tidsuavgrensa konsesjonar gitt i perioden 1959 til 1972 med vilkår om revisjon	Kan reviderast etter 50 år rekna frå konsesjonstidspunktet. Aktuelle frå 2009.
Alle konsesjonar gitt i perioden 1972–1992 (både tidsavgrensa og tidsuavgrensa)	Alle kan reviderast frå og med 2022
Alle konsesjonar gitt etter 1992	Kan reviderast etter 30 år rekna frå konsesjonstidspunktet
Reguleringar utan konsesjon	Ikkje revisjonstilgang

Basert på ein gjennomgang av konsesjonsdatabasen i NVE, er det, med atterhald om moglege feil, totalt 396 konsesjonar, derav 340 reguleringskonsesjonar, som kan takast opp til revisjon fram mot 2022. Ei liste over desse er tilgjengeleg på NVEs nettsider www.nve.no.

2. Kva kan endrast ved ein revisjon?

Hovudføremålet med ein revisjon er å betre miljøforholda i tidlegare regulerte vassdrag. Kjerna i ein revisjon vil vere å vurdere dette føremålet opp mot føremålet med sjølve konsesjonen, som er kraftproduksjon.

Revisjonstilgangen er meint å innebere ei modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkåra, mellom anna når det gjeld miljø. Revisjonen skal også gi høve til å oppheve vilkår som har vist seg å vere urimelege/unødvendige eller utenlege. Innhaldslause vilkår vil bli fjerna, for eksempel spesielle vilkår som knyter seg til sjølve anleggsperioden.

Revisjonen gir moglegheit til å setje nye vilkår for å rette opp skadar og ulemper for allmenne interesser som har oppstått som følgje av reguleringane.

Det er berre konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje sjølve konsesjonen, som for eksempel HRV og LRV. Manøvreringsreglementet utgjer ein del av konsesjonsvilkåra, og kan dermed reviderast på

lik linje med dei andre konsesjonsvilkåra. Privatrettslege forhold er ikkje omfatta, og normalt er heller ikkje økonomiske vilkår omfatta.

3. Kven kan krevje revisjon?

Ein revisjon av vilkår føreset at det blir sett fram krav om det. NVE finn det mest praktisk at krav blir fremja og koordinerte gjennom kommunane. Friluft- og naturvernorganisasjonar og enkeltpersonar kan likevel fremje krav direkte til NVE dersom dei peikar på viktige allmenne interesser som tilseier at det bør gjerast endringar i konsesjonen. Dei som fremjar krav, bør ha ei lokal forankring.

Etter at rammedirektivet for vatn blei implementert, finn NVE det fornuftig at vassregionutvalet for det aktuelle området skal kunne krevje revisjon av vilkåra.

Konsesjonæren kan når som helst i konsesjonsperioden søkje om å få vilkåra reviderte.

Kravet om revisjon vil vere tilstrekkeleg underbygd når det inneheld ei enkel skildring av kva som er utilfredsstillande / ikkje fungerer, kvifor og kva type tiltak / endringar som eventuelt kan vere nødvendige.

4. Forholdet mellom revisjon og vassdirektivet

EUs rammedirektiv for vatn (vassdirektivet) og den norske vassforskrifta er sentrale i revisjonsprosessen. Dei lokale tiltaksanalysane samt forvaltingsplanane gir nyttige innspel til korleis ein skal prioritere miljøomsyn, og til kva tiltak som bør vurderast i revisjonen. Revisjon av konsesjonsvilkår vil vere eit verkemiddel for å betre miljøtilstanden. Revisjonsprosessen bør derfor samordnast med vassdirektivarbeidet så langt det er mogleg og hensiktsmessig.

NVE held ansvaret for lovverk og verkemiddel ved lag.

5. Forholdet til O/U-prosjekt

Forholdet til opprusting og utviding (O/U) av eksisterande vasskraftanlegg er relevant å vurdere i samband med revisjonar. Når ein vurderer mogleighetene for O/U-prosjekt i samband med revisjonar, vil ein kunne finne løysingar som held produksjonen ved lag, og som på same tid er betre for miljøet. Ved å hente nytt vatn inn i eksisterande reguleringar frå omkringliggjande nedbørfelt kan ein både sikre/auke kraftproduksjonen og få større fleksibilitet når det gjeld å ta omsyn til miljøkrav i ei revisjonssak.

6. Prioritering og heilskapleg tilnærming ved revisjon

Omfanget av komande vilkårsrevisjonar kan bli stort. Dette tilseier at det vil vere fornuftig og nødvendig å seie noko om kva for revisjonssaker som vil bli prioriterte. Saker der det heilt tydeleg er store skadar og ulemper for viktige allmenne interesser, vil bli prioriterte. Ei momentliste er gitt i retningslinjene.

I revisjonssaker er det viktig å sjå heile vassdraget under eitt. Å samordne revisjonane for heile vassdraget vil også vere i tråd med vassdirektivet, der intensjonen om ei nedbørfeltorientert forvaltning står sentralt. Verkemidla for å få til dette i praksis er nærmare diskuterte i retningslinjene.

7. Avvegingar og omsyn ved revisjon

Når nye/endra vilkår skal avvegast, skal det gjerast ei heilskapleg vurdering av ei rekkje omsyn for å vege fordelane opp mot ulempene. Eit viktig omsyn vil vere i kva grad nye eller endra vilkår vil føre

til redusert krafttilgang for samfunnet – sett opp mot forsyningstryggleik, behov for fornybar energi i klimasamanheng, kostnaden ved tiltaket for konsesjonæren mv. Eit anna viktig omsyn er i kva grad dei nye/endra vilkåra kan betre miljøet. Det er med andre ord sentralt å vurdere verdien av det aktuelle området og kva innverknad dei føreslegne vilkåra vil ha på den aktuelle verdien.

8. Innføring av standardvilkår

Mange av dei krava som ein ventar vil bli lagde fram ved ein vilkårsrevisjon, vil kunne påleggjast ein regulant med heimel i dagens standardvilkår. NVE vil derfor ved alle framtidige revisjonssaker innføre dei til ei kvar tid gjeldande standardvilkåra.

Ved å bruke standardvilkår vil revisjonssakene i stor grad kunne reduserast til vurderingar knytte til manøvreringsreglementet, medrekna:

- minstevassføring
- magasinrestriksjonar

Vurderingar som vil vere sentrale når ein skal fastsetje nye pålegg om slepp av minstevassføring og nye restriksjonar på tapping av magasin, er skildra i retningslinjene. Det er også gitt ein omtale av kvar og når krav om minstevassføring og magasinrestriksjonar vil vere særleg aktuelt.

Andre forhold som er omfatta av standardvilkåra, vil kunne følgjast opp i seinare tilsyn (fullmaktsvilkår som ved nye konsesjonar). Forhold av denne typen vil vere:

- erosjonssikring (NVE)
- terskelbygging (NVE)
- biotopjustering (NVE)
- naturfaglege undersøkingar (DN/FM)
- fiskeutsetjingar (DN/FM)

9. Saksgang

Det blir lagt opp til denne saksgangen i revisjonssaker:

1. Krav om revisjon.

Representantar for allmenne interesser peikar på og grunngir behov for endringar/krav overfor NVE, eller NVE (vassdragsstyresmakta) set i gang revisjon på bakgrunn av klare behov.

2. Kommentere innkomne krav

NVE ber konsesjonæren kommentere krava og samtidig vurdere om det finst moglegheiter for O/U-prosjekt som kan sjåast i samanheng med ein eventuell revisjon.

3. Opne revisjonssak

NVE avgjer etter ei skjønsmessig vurdering om det skal opnast ei revisjonssak.

4. Utarbeide revisjonsdokument

Konsesjonæren utarbeider eit revisjonsdokument etter mal.

5. Revisjonsdokument på høyring

NVE sender revisjonsdokumentet på høyring til dei partane det vedkjem. Ein skal prøve å samordne prosessen om eventuelt O/U-prosjekt med dette.

6. Kommentere innkomne høyringsfråsegner

NVE sender høyringsfråsegnene til konsesjonæren, som kommenterer desse

7. Innstilling til OED

NVE skriv innstilling til OED om ei eventuell endring av vilkår, eventuelt med forslag til nye vilkår.

8. Kongen i Statsråd avgjer revisjonen

Eit nytt sett med vilkår blir då knytt opp mot konsesjonen.



Litteratur

- Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av marint biologisk mangfold. DN-håndbok 19 - 2001 revidert 2007.
- Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 2.utgave 2006 (oppdatert 2007).
- Direktoratet for naturforvaltning 2004. Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder. DN-håndbok 25 - 2004.
- Direktoratet for naturforvaltning 2001. Friluftsliv i konsekvensutredninger etter plan- og bygningsloven. DN-håndbok 18 - 2001.
- Direktoratet for naturforvaltning 2000. Kartlegging av ferskvannslokaliteter. DN-håndbok 15 - 2001.
- Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. - NTNU Vitenskapsmuseet Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12: 1-279.
- Kålås, J.A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006. Norsk rødliste 2006. Artsdatabanken.
- Landbruksdepartementet 1998. Konsekvensutredninger og landbruk. Veileder. (www.regjeringen.no)
- NVE 2010. Kulturminner i vassdrag - flom- og erosjonssikring, kanaler og miljøtiltak. Rapport 8/2010.
- NVE 2009. Kartlegging og dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk (1-10 MW) – revidert utgave. Veileder 3/2009.
- NVE 2006. Kulturminner i norsk kraftproduksjon - en evaluering av bevaringsverdige kraftverk (KINK). Rapport 2/2006.
- NVE 1998. Konesjonsbehandling av vannkraftsaker. Veileder i utforming av meldinger, konsekvensutredninger og konsesjonssøknader. Veileder 1/1998.
- Puschmann, O. 2005. Nasjonalt referansesystem for landskap - Beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. NIJOS rapporter 10/05: 204 s.
- Reindriftsforvaltningen 2010. Veileder til konsekvensutredninger etter plan- og bygningsloven ifht reindrift. (www.reindrift.no)
- Statens vegvesen 2006. Konsekvensanalyser – Veiledning. Nr. 140 i Vegvesenets håndbokserie.

Denne serien blir publisert av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Publisert i Rettleiarserien/Veilederserien i 2010

- Nr. 1 Veileder i planlegging, bygging og drift av små kraftverk. Ny utgave (37 s)
- Nr. 2 Veiledning i risiko- og sårbarhetsanalyser for kraftforsyningen (56 s.)
- Nr. 3 Konesjonshandsaming av vasskraftsaker: Rettleiar for utarbeiding av meldingar, konsekvensutgreiingar og søknader (92 s.)
- Nr. 4 Rettleiing i risiko- og sårbarheitsanalysar for kraftforsyninga (56 s.)



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Noregs vassdrags- og energidirektorat

Middelthunsgate 29
Postboks 5091 Majorstuen,
0301 Oslo

Telefon: 22 95 95 95
Internett: www.nve.no

